

Tarjei Hanken

## Studentbydelen Møllenberg

Ein sosialkonstruktivistisk analyse av ein bydel i  
endring



Masteroppgåve i sosiologi  
Veileder: Aksel Tjora  
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

 **NTNU**  
Norwegian University of  
Science and Technology



Eg kom først til Trondheim ein sommar for 5 år sidan, etter eit par år i villreie. Eg starta eit nytt år på høgare utdanning der eg først berre tok eit årsstudium i sosiologi. Eg fann tidleg ut at dette var det rette, og no sit eg her dagen før eg sender inn masteroppgåva, og kan knapt tru at eg er ferdig.

Eg vil takke alle som har bidratt til at eg er komme her eg er no. Eg vil først takke rettleiaren min, Aksel Tjora, som gjekk med på den ville veiledningsplanen dei siste to månadane før innlevering. Eg vil òg takke og sende ei helsing til Anne Hirrich, Mia Johnsen og Elisabeth Ramfjord, som har slitt saman med meg med sine eigne oppgåver det siste året. No er vi endeleg ferdig.

Ein ekstra takk til Elin Stokke og Odd Karsten Hanken (mamma og pappa) som hjelte til med korrekturlesing på tampen av innlevering.

Takk til alle i Sosiologisk poliklinikk som har vore der for meg, og støtta meg sidan 2016.

Det er også fleire som fortener ein takk som har hjelpt til på forskjellige måtar. Dokker er ikkje gløymd, og eg håper eg får sjansen til å takke dykk personleg i etterkant.

Tarjei Hanken,

Trondheim, 30. mai 2019



Dette prosjektet tar for seg den såkalla «hyblifiseringa» av bydelen Møllenberg i Trondheim. Møllenberg har over fleire år vore utsett for ein prosess der bygningar og leilegheiter vert omgjort til studentkollektiv. For å studere dette har eg tatt i bruk ein induktiv metode, der eg har intervjuet fastbuande, gardeigarar, og studentar for å få eit innblikk i korleis folk ser på Møllenberg, og korleis hyblifisering har påverka bydelen.

Sentralt for denne prosessen er den sosiale konstruksjonen av Møllenberg som ein «studentbydel». Når Møllenberg allereie er akseptert som ein bydel for studentar, er det enklare å rettferdiggjere at fleire bustadar skal endre bruksområde for studentkollektiv. Den sosiale konstruksjonen er oppretthaldt ved eit sett av legitimeringar som «forklarar» kvifor bydelen må vere ein studentbydel. Desse legitimeringane strekker seg frå forteljingar om dagleglivet i bydelen, korleis den fysiske utforminga av bydelen skapar avgrensingar og moglegheiter, og eit høgare nivå av legitimering i form av marknadskrefter og forventningar sett av det norske samfunnet.

\*\*\*

In this project, I have studied the process of “studentification” of the area of Møllenberg in Trondheim. For several years, Møllenberg have been in a process of transformation, from a place for “everyone”, into a place for students only. To study this phenomenon, I have used an inductive methodology where I have interviewed local resident, landlords, and students to get a sense of how people view their own district, and how the process of studentification affects the area.

My findings show that there is a strong sense of, and a partly acceptance of Møllenberg as a place belonging to students. When Møllenberg is already understood as a student area, it is easier to justify a continued transformation of buildings and apartments into shared student flats. The social construction of Møllenberg as a “student district” is maintained by an order of legitimations that “explains” why Møllenberg should be a place for students. These legitimations range from recounts of daily life in the area, the restrictions and opportunities set by the physical apartments, and higher levels of explanations pulling from financial systems and expectations set by Norwegian society.



Du bur på Møllenberg ja. Det er fint der, centralt, og nært Solsiden. Men samtidig bur du jo midt i dassen til alle studentane.

(Overhøyr i bar-kø på Solsiden, 12. april 2018)





## Innholdsliste

<b>1</b>	<b><i>Kva skjer på Møllenberg?</i></b> .....	<b>1</b>
<b>2</b>	<b><i>Hyblifisering og gentrifisering</i></b> .....	<b>3</b>
2.1	Forsking på hyblifisering og gentrifisering .....	4
2.2	Korleis blir eit område hyblifisert? .....	6
<b>3</b>	<b><i>Hyblifisering på Møllenberg</i></b> .....	<b>9</b>
3.1	Kven bur på Møllenberg i dag? .....	10
3.2	Debatten om hyblifisering på Møllenberg .....	11
<b>4</b>	<b><i>Sosiologisk teori</i></b> .....	<b>13</b>
4.1	Sosialkonstruktivistisme .....	13
4.1.1	Institusjonaliseringsprosessen .....	14
4.1.2	Legitimering .....	15
4.1.3	Symbolske univers .....	17
4.2	Sosiale verder og handlingar .....	18
4.2.1	Sosiale verder og arena .....	18
4.2.2	Handlingsløp og makt .....	20
<b>5</b>	<b><i>Forskingsmetode</i></b> .....	<b>23</b>
5.1	Val av informantar .....	23
5.2	Intervjuguide .....	25
5.2.1	Intervjuguide for gardeigarane .....	27
5.2.2	Intervjuguide for studentar .....	28
5.3	Intervjusituasjonen .....	28
5.4	Analyse og databehandling .....	29
5.4.1	Koding og kategorisering av datamaterialet .....	30
<b>6</b>	<b><i>Analyse</i></b> .....	<b>33</b>
6.1	Det er noko med Møllenberg .....	33
6.1.1	Møllenberg-looken .....	34
6.2	Møllenberg er for studentar .....	35

6.2.1	Det er liv på Møllenberg .....	36
6.2.2	Støy og misnøye med studentar .....	38
<b>6.3</b>	<b>Møllenberg er ikkje for barn .....</b>	<b>41</b>
6.3.1	Møllenberg er for barn .....	43
6.3.2	Det blir fleire barn på Møllenberg .....	44
<b>6.4</b>	<b>Midlertidige Møllenberg .....</b>	<b>45</b>
6.4.1	Usosiale Møllenberg .....	48
6.4.2	Nærvær og sosial kontroll.....	49
6.4.3	Møtestadar på Møllenberg.....	51
<b>6.5</b>	<b>Ansaret for Møllenberg .....</b>	<b>53</b>
6.5.1	Oppfølging av eigedommane.....	54
6.5.2	Gardeigarane sitt engasjement.....	56
<b>6.6</b>	<b>Kva har mogleggjort? .....</b>	<b>58</b>
6.6.1	Reguleringsplan .....	59
<b>7</b>	<b><i>Legitimeringa av Møllenberg som studentbydel .....</i></b>	<b>63</b>
<b>7.1</b>	<b>Før-strukturell legitimering .....</b>	<b>64</b>
7.1.1	Forteljande legitimering .....	65
<b>7.2</b>	<b>Strukturell legitimering .....</b>	<b>65</b>
7.2.1	Materiell struktur.....	66
7.2.2	Gardeigarane sin posisjon til å definere studentbydelen .....	67
7.2.3	Venterommet Møllenberg.....	68
7.2.4	Studentane sin rolle i å gjenskape studentbydelen .....	69
7.2.5	Rytmen på Møllenberg .....	70
<b>7.3</b>	<b>Møllenberg sin funksjon i samfunnet.....</b>	<b>71</b>
7.3.1	Ideen om det etablerte familielivet .....	72
7.3.2	Utleigemarknaden i Noreg.....	73
7.3.3	Kjensla av å ikkje høyre til lengre.....	74
<b>8</b>	<b><i>Den sosiale konstruksjonen av studentbydelen Møllenberg .....</i></b>	<b>75</b>
<b>8.1</b>	<b>Kven har tilgang til å delta? .....</b>	<b>76</b>
<b>8.2</b>	<b>Treng Møllenberg å vere slik?.....</b>	<b>77</b>
<b>8.3</b>	<b>Vidare forskning .....</b>	<b>77</b>

<b>9</b>	<b>Referanseliste .....</b>	<b>79</b>
<b>10</b>	<b>Vedlegg .....</b>	<b>83</b>
10.1	Vedlegg 1: Kodegruppering .....	83
10.2	Vedlegg 2: Intervjuguide for fastbuande på Møllenberg .....	84
10.3	Vedlegg 3: Intervjuguide for gardeigarar .....	86
10.4	Vedlegg 4: Intervjuguide for studentane .....	88
10.5	Vedlegg 5: Utlysingstekst frå Facebook .....	90
10.6	Vedlegg 6: Samtykkeskjema .....	91
10.7	Vedlegg 7: Godkjenning frå NSD .....	92



## 1 Kva skjer på Møllenberg?

Ein dag i slutten av september 2017 såg eg denne plakaten klistra på ein lykttestolpe i Bakkegata, Trondheim:

**Velforeningen har ligget i dvale i noen år.  
En del presserende forhold i bydelen gjør at tiden er  
overmoden for å vekke den til live igjen.  
Vi inviterer alle lokale beboere med et hjerte for Møllenberg  
til et stiftelsesmøte.  
Onsdag 4.10 KL 20 på Dokkhuset (2. etg.)  
Huseiere. Studenter. Veteraner. Leietakere.  
Alle er velkommen.  
Vi sees!**

Plakaten inviterer, med eit noko engasjerande språk, bebuarar i bydelen Møllenberg til å delta på oppstarten av ei ny velforeining for bydelen. Typisk nok, sidan Møllenberg ikkje har nokon store innvendige møtestadar, blei dette møtet heldt på ein utestad i nabobydelen Nedre Elvehavn, eller Solsiden på folkemunne. Møtet vart heldt for fullsett sal av engasjerte bebuarar. Så full at det knapt var mogleg å bevege seg i salen, og dei seinaste deltakarane måtte stå i rekke ned trappa til første etasje.

Til tross for at eg ikkje budde på Møllenberg sjølv deltok eg på dette møtet, og det var her eg oppdaga kva eg skulle skrive mi masteroppgåve i sosiologi om. Ein kampsak for den nye velforeininga var å kjempe mot den såkalla «hyblifiseringa» av bydelen og overtakinga av bråkete studentar. Det som var verkeleg pirra min sosiologiske nysgjerrigheit var at det vart tydeleg at det eigentleg ikkje var studentane i seg sjølv bebuarane var sinte på, men dei «spekulantane» som berre var interessert i profitt frå utleige, og som elles berre lar bygardane sine forfalle. Studentane sett på som eit produkt eller biverknad av det som var den eigentlege «fienden» for bydelen.

Denne masteroppgåva tar for seg hyblifiseringa av bydelen Møllenberg i Trondheim. Dette er ein prosess der fleire delar av bydelen blir kjøpt opp og gjort om til studenthyblar i staden for

Kva skjer på Møllenberg?

å leigast ut til, eller kjøpast opp av andre bebuargrupper. Oppgåva tar for seg dei sosiale konsekvensane for denne prosessen, med utgangspunkt i perspektiva til ulike aktørar som påverkar, og påverkast av, hyblifisering. Studia har eit klart induktivt utgangspunkt med formål å avdekke kva som ligg bak denne prosessen. Det er brukt eit utforskande design der det særigne med studieobjektet skal kome til syne i løpet av prosessen. Utgangspunktet for studia er på den måten den opne problemstillinga,

*Korleis forstå den sosiale konstruksjonen av Møllenberg?*

Gjennom arbeidet med analysen vart ordet legitimering sentralt for å forstå korleis Møllenberg som ein studentbydel vert oppretthaldt. Ei nærare presisering av problemstillinga for analysen blir derfor:

*Korleis blir den sosiale konstruksjonen av «studentbydelen Møllenberg» legitimert?*

## 2 Hyblifisering og gentrifisering

Utgangspunktet for heile debatten om Møllenberg er den såkalla *hyblifiseringa* av bydelen. Ordet *hyblifisere* er ikkje nødvendigvis allmenn kjend, sjølv om det er blitt meir utbreidd dei siste åra. *Det Norske Akademis ordbok* (hyblifisere, u. å.) definerer enkelt og greitt omgrepet hyblifisering som å gjere om bygningsmasse og bustadar til hyblar. Denne definisjonen siktar derfor til ein omgjerding av etablerte bustadar for å tilpassast studentar framfor dei som kanskje er den originalt tiltenkte brukargruppa. Kort sagt skildrar ordet «hyblifisering» ein prosess der bustadane som tidlegare vart meint for enkeltpersonar, par eller familiar (hus eller leilegheiter) blir omgjort til hyblar og bufellesskap. Dette fører til ein rekke endringar i området, blant anna ein utbytting av befolkningsgrupper og auking av utleigeprisar. Denne prosessen blir ofte assosiert med studentar som bur i kollektiv i leilegheiter som potensielt kunne vore busett av familiar.

Ved å søke gjennom norske aviser i søkemotoren Retriver etter ord med ordstammen *hyblif\** får vi til saman 1043 treff, fordelt mellom papir- og nettaviser frå 1992 til i dag. Bruken av ordet var på topp i 2018, då det vart brukt 200 gongar aleine. Den store aukinga i 2018 kjem av den store dekkinga av Adresseavisa, som i januar 2018 sette søkelyset mot spekulant- og utleigeverksemd i bydelen Møllenberg i Trondheim. Den første bruken av ordet som plukkast opp av dette søket er ein artikkel publisert i Bergens Tidende i 1992 der tydinga av ordet ser ut til å vere klar:

«Han mener det er en økende tendens til at disse leilighetene blir hyblifisert, delt opp i mindre enheter eller utleid som bofellesskap. Dette er en vanlig metode for huseiere å skaffe seg større leieinntekter.» (Kristoffersen, 1992)

Ordet har og blitt brukt tidlegare enn 1992, då det er å finne i ein rapport som omhandlar buforhald nettopp på Møllenberg: «Det har skjedd en god del oppdeling av leiligheter ("**hybelisering**"), men også en del sammenslåing av leiligheter» (Hovden, 1975, s. 62, mi utheving). Ordet er ikkje identisk, men det verker som meininga er den same. Her er ordet brukt for å skildre oppdeling av leilegheiter til mindre einingar, til motsetning frå å slå saman to leilegheiter til ei større. Dette viser at problemstillinga har vore kjend på Møllenberg i mange tiår, også før diskusjonen om studentar vart sett på dagsorden.

Sjølv om hyblifisering har vore eit utbreidd ord i norske media og daglegtale er det overraskande lite brukt og studert i norsk akademia. Eit tilsvarande søk på universitetsbiblioteket Oria gir berre eitt resultat, ein rapport frå eit prosjekt sett i gong av

Trondheim kommune og Studentsamskipnaden i Trondheim som omhandlar studentbusetting og hyblifisering (Trondheim kommune, Boligenheten og Byplankontoret & Studentsamskipnaden i Trondheim, 2006). I denne rapporten er hyblifisering definert som:

«et samlebegrep brukt på ulemper omgivelsene opplever ved bruksendringer, ombygginger, oppdeling eller etablering av bofelleskap i bolighus, oftest knyttet til eksisterende bygningsmasse. Begrepet hyblifisering er sammensatt, og knyttet både til fysiske, ulovlige tiltak og bomiljøproblem av boligsosial karakter.» (Trondheim kommune et al., 2006, s. 5)

Denne definisjonen av hyblifisering fokuserer på dei materielle bruksendringane involvert i å tilrettelegge ei leilegheit for bukollektiv. Sitatet viser også til kompleksiteten som ligg bak omgrepet.

## 2.1 Forsking på hyblifisering og gentrifisering

Hyblifisering er nært slekta til gentrifisering, ein prosess der éi befolkningsgruppe blir pressa ut til fordel for ei ny gruppe med større kjøpekraft. Ordet gentrifisering kjem av engelske «gentry», som betyr lavadel. Omgrepet blei først brukt av sosiolog Ruth Glass til å beskrive korleis arbeidarklassestrøk prega av låge kår vart «tatt over» og omgjort til fordel for ei meir velstående middelklasse (Sæter & Huse, 2011). Gentrifisering har i ettertid blitt assosierast med ei oppgradering av strøk i form av materielle løft av området, endringar i servicetilbod og næring, og auking av bustadprisar i takt med aukande popularitet og kjøpekraft (Sæter & Huse, 2011). Den aukande mengda middelklassefolk gjer at den opphævelege befolkningsgruppa kjenner seg pressa ut av nabolaget sitt ved at dei ikkje lengre har råd til å bu der lengre, eller fordi dei ikkje lengre kan identifisere seg med området og naboane. Warde (1991) identifiserer fire generelle kjennetrekke for gentrifisering: Det skjer ei utskifting av ei gruppe bebuarar til fordel for ei anna gruppe av høgare sosial status. Dette fører med seg ein transformasjon av bygningane og området til nokon felles estetiske val og typar næring. Det blir ei samling av menneske som til ein viss grad deler same kultur og livsstil, og har klasserelaterte forbrukarvaner. Det skjer ei økonomisk omordning av eigedomsverdiar med nye moglegheiter for kommersielle aktørar (Warde, 1991, s. 225).



Dette er prosessar som også kan kjennast igjen i studiar av hyblifisering. Ein av dei som har skrive mest om hyblifisering<sup>1</sup> er samfunnsgeografen Darren P. Smith (D. P. Smith, 2005). Smith er forsiktig med å ta i bruk omgrepet gentrifisering, og peikar på at dette er eit omgrep som til dels er gjort synonymt med revitalisering av eit område. Som gentrifisering er hyblifisering sett på som ein *rekommodifisering* av bustadar. Bustadløysingane som allereie eksisterer i bydelen blir pakka om slik at det som før var tiltenkt ei bebuargruppe, no er tilpassa ei anna, meir kjøpekraftig gruppe. Dette er ein prosess som i størst grad er utført av småskala institusjonelle aktørar, som eigedomseigarar, investorar, spekulantar eller utviklarar for å møte etterspørselen etter bukollektiv for studentar.

Smith viser korleis hyblifisering er konseptuell lik fellestrekk for gentrifisering og korleis ein kan analysere hyblifisering gjennom fire dimensjonar, den økonomiske, sosiale, kulturelle, og materielle dimensjonen (D. P. Smith, 2005, s. 75-76):

Gjennom den *økonomiske dimensjonen* fører hyblifisering til ei omvurdering av området og ein inflasjon av bustadprisar. Dette er bunde til ein rekommodifisering av bustad for familie-bustadar til å pakkast om til delte bustadar for studentar. Dette gjer at det blir færre sjølveigarar i området til fordel for ein større del av privat utleigemarknad. Det blir ei opphoping av bustadar som tilhøyrar eit stadig mindre gruppe av menneske etter kvart som gardeigarar byggjer seg opp kapital og kjøper opp fleire bustadar med hensikt å leige ut til andre. Bustadprisane aukar raskare enn andre områder i marknaden på grunn av det høgare potensialet for profitt som ligg i kvar enkelt leilegheit når den leigast ut til fleire individuelle utleigarar framfor ein enkelt familie.

Den *sosiale dimensjonen* dreier seg om korleis ei etablert og stabil befolkningsgruppe vert bytt ut med ei gruppe av unge einslege som bur der i kortare periodar. Dette kan føre til ei endring i sosiale relasjonar og segregering mellom grupper. Smith beskriver hyblifiserte områder som «student-gettoar» for å illustrere korleis området bevegar seg mot ein stadig meir einsformig demografi der det er mindre variasjon mellom grupper.

---

<sup>1</sup> I internasjonal litteratur er ordet *studentification* brukt for å beskrive prosessen. Dette ordet er kvalitativt forskjellig frå norske hyblifisering som er retta mot hybel- og bygningsdelen av prosessen, mens det engelske omgrepet er retta mot studentane. Til tross for denne forskjellen omtalar både norsk og internasjonal litteratur prosessen på same måte, og eg kjem derfor til å bruke det norske *hyblifisering* i denne teksten sjølv om dei internasjonale kjeldene har nytta *studentification*.

Ein av konsekvensane av dette gjer seg synleg gjennom den *kulturelle dimensjonen*. Med ei opphoping av mange menneske som er i nokon lunde lik livssituasjon vil næringslivet i området tilpasse seg for å møte interessene til den dominerande gruppa. Om eit område har ein miks av barnefamiliar, unge menneske i etableringsfasen, og eldre menneske er det potensiale for eit florerande næringsliv med butikkar og serveringsstadar som appellerer til forskjellige målgrupper. Etter kvart som området vert meir homogent vil dei gamle næringane slite med å halde seg gåande, og etter kvart stenge eller flytte vidare til andre område med betre kundegrunnlag.

Til slutt påverkar hyblifisering eit område gjennom den *fysiske dimensjonen*. Bustadane vert endra fysisk frå å vere familieleilegheiter med store soverom og stue, til at rom og fellesareal vert delt opp i mindre einingar for å få plass til fleire menneske. Dette fører ofte, men ikkje alltid, til ein degradering av kvaliteten av området. Studentar stiller ofte lågare krav til huseigarar og tar gjerne til takke med det dei får når dei flyttar for seg sjølv for første gong. Sidan studentar ofte ikkje skal bu i vertsbyen sin lengre enn studietida har dei eit naturleg kortsiktig perspektiv på bustaden sin. Fleire vil òg flytte fleire gongar i løpet av denne perioden etter kvart som dei får nye kjennskap og blir betre kjend med byen. Det blir mogleg for huseigarar å få meir pengar for lågare standard og trongare soverom enn personar med eit langsiktig perspektiv.

### 2.2 Korleis blir eit område hyblifisert?

Eit sentralt spørsmål er kven som er pådrivaren av hyblifisering. Dette er ein debatt som har gått føre seg i fleire år innan studiar av gentrifisering, der kulturelle- eller forbrukarperspektiv, og økonomiske og strukturelle perspektiv står som motpolar.

Forbrukarperspektivet ser på gentrifisering som driven fram av ønsker og behov til dei gruppene som flyttar til området, slik som å bu meir sentrumsnært for å spare reisetid til jobb, eller å bu i det som blir sett på som eit «hippare» nabolag (Hamnett, 1984, i Warde, 1991, s. 225). Det økonomiske perspektivet er blant anna fremma av samfunnsgeografen Neil Smith<sup>2</sup> som forklarar gentrifisering som driven fram av eit gap mellom den noverande leiga som er sett, og den potensielle leiga som er mogleg å få ut av eit område (N. Smith, 1979). På den

---

<sup>2</sup> Merk at dette ikkje er den same Smith som studerer hyblifisering.

måten er gentrifisering ein økonomisk driven prosess som skjer etter at entreprenørar har identifisert eit område som kan formast om for høgare profitt.

Darren P. Smith viser korleis studentar både kan samanliknast med og skil seg frå tradisjonelle gentrifiserande ved at dei som oftast har låg økonomisk kapital og har avgrensa tilgang til bustadmarknaden (D. P. Smith, 2005). Samtidig skil dei seg frå gentrifiserande ved at dei sjeldan skal bu på bustadane lengre enn dei studerer, og at dei først og fremst leiger bustad framfor å eige slik som dei første gentrifiserande. Smith koplar hyblifisering til andre generelle trekk i (det britiske) samfunnet, slik som eit aukande behov for høgt utdanna arbeidstakarar, og samfunnsforventingar om at unge skal flytte frå familieheimen og gjennomføre høgare utdanning. Dette har ført til at den private marknaden i stort grad har måtte møte etterspørselen etter studentbustadar. Studentar trekkast mot område som av forskjellige måtar blir sett på som studentvennlege, enten ved at dei ligg nær universitetscampus, har god tilgang til kollektiv transport, eller at det bur andre studentar der allereie. Studentane er også avhengig av å flytte til leilegheiter som er lagt til rette for å bu i kollektiv. Desse områda får derfor eit potensielt «leige-gap» og potensiale for profitt for spekulantar. For at eit område skal bli hyblifisert bør også dei fysiske bygningane vere godt eigna til ombygging til hyblar ved at det er store nok leilegheiter, eller mange nok rom, til at dei kan delast opp til hybelverksemd.



### 3 Hyblifisering på Møllenberg

Møllenberg er ein bydel<sup>3</sup> aust for Nidelva i Trondheim. Bydelen er rekna som ein sentrumsnær bydel som ein av fleire bydelar som sirklar rundt Midtbyen i Trondheim. Møllenberg grensar mot Bakklandet i sør og vest, Nedre Elvehavn eller Solsiden mot nord-vest, Lademoen og Buran mot nord, og Rosenborg mot aust. Historisk sett består Møllenberg av det opphavelge Møllenberg, Kirkesletten, Rosenborg, og delar av Buran. I daglegtale kallar dei fleste dette området Møllenberg, medan det som i dag er Rosenborg er blitt flytta lengre austover mot Tyholt. Bydelen er rekna som ein del av «trehusbyen» Trondheim, og består for det meste av gamle trehusgardar som er bygd over ein kort periode på slutten av 1800-talet før murtvengen vart innført i 1899. Dette har gjort at husa på Møllenberg har ein særeigen stil som skil bydelen frå nabobydelane (Fasting, 1976).

I byrjinga av 70-talet vart det vedtatt av saneringsutvalet i Trondheim kommune at området Rosenborg–Møllenberg skulle sanerast i tråd med Saneringsloven (Kittang, 2014). Området vart vurdert som dårleg vedlikeheldt og ikkje økonomisk gunstig å rehabilitere. I ein sosiologisk undersøking utført av Jan Hovden på 70-talet (Hovden, 1975) kjem det fram at bebruarar på Møllenberg på denne tida hadde lågare inntektsnivå enn resten av byen, blant anna fordi ein fjerdedel av bebruarane var pensjonistar eller trygda. Blant bebruarane var det ei sterk kjensle av å høyre til området, til tross for at mange var misnøgd med bustadstandarden og trafikknivået i bydelen. Vedtaket om å sanere møtte mykje motstand både frå bebruarar og andre antikvarisk interesserte i Trondheim. Det vart eit stort engasjement frå spesielt arkitektstudentar i Trondheim, som kjøpte seg inn i leilegheiter og bygardar og la inn tid og energi til å revitalisere bydelen. På den måten gjekk Møllenberg gjennom ein gentrifiseringsprosess allereie på 70- og 80-talet.

Møllenberg er i dag identifisert av Riksantikvaren som eit område som er verd å bevare. Riksantikvaren beskriver bydelen som «et kompakt trehusmiljø, der den viktigste og mest særpregede forekomsten er en ytterst homogen samling plankelaftede typehus» (Kulturminnesøk, u.d.). Dei fleste bygga på Møllenberg er av antikvarisk klasse C, som kan

---

<sup>3</sup> Trondheim er offisielt delt inn i fire administrative bydelar: Midtbyen, Østbyen, Lerkendal, og Heimdal. Møllenberg er ein del av Østbyen, som den deler med blant Bakklandet, Nedre Elvehavn, Lade, Strindheim, Jakobsli, Vikåsen og Ranheim. Sidan mindre område som Møllenberg og Rosenborg likevel blir omtalt som bydelar på folkemunne har eg vald å bruke ordet for å omtale desse områda i oppgåva.

bety at dei har noko antikvarisk verdi som del av bygningsmiljø (Trondheim kommune, 2019a).

### 3.1 Kven bur på Møllenberg i dag?

I følge Statistisk sentralbyrå (SSB) bur det omtrent 5000 menneske på Møllenberg<sup>4</sup> (Statistisk sentralbyrå, 2019b). I folketeljinga i 2011 kjem det fram at unge vaksne mellom 20-29 år er den største aldersgruppa på Møllenberg på 40% (Statistisk sentralbyrå, 2019c). Mengda aleinebuande på Møllenberg har auka mellom dei to siste folketeljingane i 2001 og 2011, frå 1695 til 2064 (Statistisk sentralbyrå, 2019a). Det same gjeld personar i parforhold, 810 til 1038. I 2011 er det 149 hushald med barn under skulealder i bydelen. Dette er nesten uendra frå 2011, medan mengda par med barn i skulealder er blitt halvert på desse 10 åra (124-68). Mengda personar over 50 er uendra, men mengda av dei aller eldste over 70 har blitt redusert frå 273 til 164. Bispehaugen skole er ein barneskule med kapasitet til 450 elevar, men i skuleåret 2018-2019 var det 292 elevar meldt opp (Skoleporten, 2019). For omlag 10 år sidan stod skulen i fare for å leggst ned, men har så heldt elevtalet høgt nok til at det ikkje var nødvendig. Møllenberg er altså ein ganske ung bydel som består av mange unge einslege og par som ikkje har barn.

Eit stort spørsmål er kor mange studentar som bur på Møllenberg. Dette er eit tal som er vanskeleg å finne nøyaktig data på sidan mange studentar ikkje er folkeregistrert i studiekommunen sin, og derfor ikkje blir plukka opp av registra som er brukt i folketeljingane. Asplan Viak utførte i 2013 ei kartlegging av kvar studentar i Trondheim bur, der dei tok i bruk studieadressene som var registrert av studiestadar i Trondheim (Trondheim kommune & Asplan Viak, 2014). Ved å samanlikne desse tala med folketeljingane kan ein anslå kor stor del av befolkninga som er studentar. I 2013 er det 2249 studentar som har oppgitt ei adresse på Møllenberg som studieadresse. Sidan vi ikkje kan vite kor mange studentar som er både studieregistrert og folkeregistrert har eg kome fram til to tal, der det er gått ut ifrå at *ingen* av studentane er folkeregistrert, og eit der *alle* er. På den måten kan ein seie at delen av studentar på Møllenberg er mellom 31% og 47% av befolkninga i bydelen.

---

<sup>4</sup> Det finnst ikkje statistikk som går på Møllenberg som ein bydel aleine. Statistikken er generert ved å «bygge» ein bydel basert på grunnkretsane som dekker det geografiske området som blir sett på som Møllenberg. Desse grunnkretsane er Rosenberg 3, 5, 6, 7, 12, 13, 14, 15, 16, 19, og Lademoen 3. Grunnkretsane er vald basert på den same inndelinga Jan Hovden brukte i 1976 (Hovden, 1975) og kartet som er brukt av den nye velforeininga. Denne inndelinga blir og bekrefta av måten bebuarane tolkar bydelen på under intervju.

### 3.2 Debatten om hyblifisering på Møllenberg

I januar 2018 skaut debatten om hyblifisering på Møllenberg fart igjen då Adresseavisa sette søkelys mot bydelen og spekulantverksemd. Tysdag 9. januar publiserte avisa ein artikkel med overskrifta «Halvparten av huseierne på Møllenberg bor der ikke selv» (Holstad & Rasmussen, 2018b). Som metode har journalistane tatt i bruk offentlege register for å lage ein database over eigarar på Møllenberg. I tilfelle der eigedommen er eigd av eit aksjeselskap er Aksjonærregisteret brukt for å finne hovudaksjonæren. Burettslag er ikkje tatt med i undersøkinga, så journalistane reknar ut at det i totalt 1123 bustadar bur eigaren i 591 av dei. Med dette hevdar Adresseavisa at Møllenberg har ein langt høgare del av utleige der eigaren ikkje bur i huset sjølv enn landsgjennomsnittet på 16%. Resultatet av dette presenterte Adresseavisen 10. januar då dei publiserte ei liste over dei 13 største huseigarane på Møllenberg (Holstad & Rasmussen, 2018a). Av desse 13 var det ingen som sjølv budde i bydelen.

Med fotografi og fyldige beskrivingar framstiller artikkelforfattaren Møllenberg som ein bydel i forfall der færre av huseigarane lengre er interesserte i å ta vare på husa og bydelen sin. Artikkelen er den første i serien «Møllenberg til leie» der Adresseavisen set fokus på problematikken rundt hyblifisering og bustadspekulasjon på Møllenberg:

I en bakgård i Wessels gate ligger handleposer med søppel slengt på bakken rundt overfylte avfallscontainere. Ugresset ligger høstdødt langs husvegger og gjerde. Inngangstrappen til det ene huset er revet, og i stedet er det satt opp en trapp i impregnert trevirke. Her er det flikket et par-tre steder, blant annet er kjellerlemmen ny, også den i umalt impregnert tre. Slik bygården framstår, gir den inntrykk av å mangle omtanke. (Holstad & Rasmussen, 2018b)

Den første artikkelen inneheld utsegn frå fastbuande i bydelen, ein av initiativtakarane til den nye velforeininga, og byantikvar Mette Bye. Dei fastbuande skildrar korleis Møllenberg har endra seg frå å vere ein bydel med familiar og ein stabil bebuarmasse, til eit større fokus på midlertidig buande, studentar, og fråverande huseigarar. Den største delen av skulda blir lagt på såkalla spekulantar som kjøper opp bygardar og leilegheiter for å leige ut til flest moglege personar. Byantikvaren uttalar at det over lengre tid har vore utfordringar i bydelen i høve til vedlikehald og gjennomtrekk som fortrenger dei som vil bu over lengre tid «Husene skal jo brukes, men de må ikke forbrukes. Det er eiernes ansvar å ta vare på eiendommene, og lage kjøreregler. Det blir feil å skylde på leieboerne, sier Mette Bye » (Holstad & Rasmussen, 2018b). Dette blir gjentatt av fastbuande som slit med bråk i gatene og nabogardane som er

forårsaka av den store mengda av studentar i bydelen. Artikkelen «Som å ha storfest i stua» (Holstad & Rasmussen, 2018c) publisert 13. januar legg fokus på korleis Møllenberg opplevast som ein bydel overtatt av studentar og festkultur. Ein tidlegare bebruar beskriver korleis nabolaget kan opplevast på sitt verste: «Å sove med åpent vindu er umulig. Folk kauker, banker på vinduene, kaster ølbokser inn og urinerer rett utenfor. Det festes flere dager i uka, gjerne døgnet rundt. » (Holstad & Rasmussen, 2018c). Vidare beskriv han å ha opplevd trugslar og hån i sine forsøk i å stogge festane. Også i denne artikkelen blir ein del av skulda lagt over på huseigarar som i følge dei fastbuande ikkje gjer noko for å kontrollere leigetakarane sine. Forsøk på å kontakte huseigarane har sjeldan nokon effekt, og nokon av bebruarane seier dei først har fått reaksjon etter at politiet har vore kopla inn.

Sjølv om serien i seg sjelv berre inneheld artiklar, førte den og til ein del debattinnlegg, meiningsartiklar, og artiklar om andre bydelar i Trondheim, og vidare arbeid og oppfølging frå kommunen.



## 4 Sosiologisk teori

I denne analysen tar eg i bruk to sosiologiske perspektiv. Hovudvekta er lagt på Berger og Luckmann (1967) sin sosialkonstruktivistiske måte å sjå på verda og kvardagslivet som ei rekke sosiale konstruksjonar som blir til gjennom samhandling. Dette perspektivet danner grunnlaget for analysen og diskusjonen min. Diskusjonen er supplert med Anselm Strauss sitt interaksjonistiske perspektiv på handling (Strauss, 1993), som gjer det mogleg å analysere delar av fenomenet der Berger og Luckmann ikkje rekker fram. Begge perspektiva har ein innflytelse på metoden min, der eg har eit fokus på å studere personar sine opplevingar og forståingar av bydelen og hyblifisering. Dei teoretiske perspektiva blir derfor behandla som verktøy for å lese ut ny kunnskap frå datamaterialet.

### 4.1 Sosialkonstruktivistisme

Kort sagt handlar den sosialkonstruktivistiske retninga, eller vitensosiologi<sup>5</sup>, om at verkelegheita som vi møter i dagleglivet er sosialt konstruert. I denne samanhengen definerer Berger og Luckmann (1967) «verkelegheit» som fenomen og konsept vi har akseptert kan eksistere uavhengig av oss sjølv. «Kunnskap» er den sikkerheita om at dette er verkeleg og at det inneheld element vi kan kjenne igjen. Dette vil seie at vi aksepterer at det finnst ei verd utanfor våre eigne sinn, og at vi til ein viss grad deler denne verda med menneska rundt oss. Vi eksisterer alle i ei *felles verd*, ein verkelegheit, som opptrer som ekte for oss. Sjølv om vi ikkje trenger å ha djuptgåande kunnskap om korleis denne verda fungerer, er det viktig for oss å vite *at* den er der og fungerer (Berger & Luckmann, 1967, s. 13). Dette danner den filosofiske grunnlinja som Berger og Luckmann baserer vitensosiologi på. Vitensosiologi er ikkje meint som ein *ontologisk filosofi* som funderer på kva som er ekte eller ikkje, men som ein måte å analysere kva som fører til at vi har visse oppfatningar av kvardagen og verda rundt oss.

Berger og Luckmann trekker linjene for vitensosiologien tilbake til sosiologiens barndom. Durkheim ville at sosiologar skulle forstå sosiale fakta som observerbare *ting*, og Weber var interessert i å forstå dei subjektive motiva for handling (Berger & Luckmann, 1967, s. 30). Berger og Luckmann meiner det er denne dualiteten mellom objektive «fakta» og subjektive meningar og handlingar som er interessant å studere i samfunnet. Vitensosiologi tek for seg

---

<sup>5</sup> Det Berger og Luckmann kallar «the sociology of knowledge».

kunnskapen som eksisterer i samfunnet, studerer korleis denne kunnskapen skapast, gjenskapast, blir overført til andre, og endrast over tid. Den sosiale verda er sosial og blir skapt og opprettheldt av menneskelege handlingar. Vitensosiologi er interessert i alle det som er «tatt for gitt» og «alle veit», og korleis og kvifor vi meiner dette. Av den grunn er vitensosiologien ein empirisk orientert disiplin som har kvardagslivet som sitt datagrunnlag.

Kvardagslivet er forstått av oss som ei verd med ein viss orden. Før vi går ut døra har vi ein del forventingar om kva vi kjem til å møte der ute i form av mønster og rutinar av handlingar som gjentakast kvar dag. Alt det vi kjenner i kvardagen er resultat av handlingar som menneske gjer i samsvar med kvarandre. Desse handlingane skapar mønster som allereie er der når vi møter verda. Kvardagslivet er allereie *objektivt* som noko som er verkeleg av seg sjølv, uavhengig av våre subjektive konstruksjonar. Denne verda er ei *intersubjektiv* verd som eg deler med andre. Eg veit at kvardagslivet ikkje berre er verkeleg for meg, men òg for alle rundt meg. I denne verda må eg alltid handle saman med og kommunisere med andre, og på denne måten veit eg òg at andre oppfattar verda som ei verd objektivt i ein slags orden. Det som ikkje passer inn i ordenen vil vi alltid forsøke å forklare slik at det gir mening innanfor verdsbiletet vårt. Når desse handlingane, mønster og rutine gjentakast over tid former det ein nokon lunde stabil eining, som er det vi kjenner som verkelegheita, kvardagen, eller samfunnet. Dette er ei verkelegheit som i varierende grad delast med andre. Korleis denne verkelegheita blir skapt og gjenskap forklarast av Berger og Luckmann som *institusjonalisering*.

#### 4.1.1 Institusjonaliseringsprosessen

Institusjonalisering skjer gjennom dei tre parallelle prosessane eksternalisering, objektivisering, og internalisering. Det er viktig å understreke at desse prosessane skjer samtidig og at det ikkje skal sjåast som eit kausalt forhold der eitt steg skjer før det neste. For å forklare prosessane er det enklast å sjå på det på denne måten:

Eksternalisering kan omtalast som handlingar menneske gjer. Ved å utføre handlingar *eksternaliserer* ein det som skjer på innsida av hovudet, til dømes eksternalisere tankar ved å omforme det til munnleg språk. Eksternaliserende handlingar kan derfor vere samtale, monolog, teiknspråk; men også ikkje-verbale handlingar som arbeid, springe maraton, eller besøke den lokale kafeen. Det vi eksternaliserer blir ein del av den *objektive sosiale verda*. Det vil seie at det kan opplevast som verkeleg av andre menneske. Den institusjonelle verda er objektivt menneskeleg handling, som vil seie at den er sosialt konstruert (Berger &

Luckmann, 1967, s. 78). Det som er objektivert og er ein del av vår felles verd vil bli *internalisert* av enkeltmedlemmane igjen. Den objektive verda blir sett, opplevd, og erfart av menneske, som vil tolke den, og ta den til seg som ein del av sin subjektivitet. På denne måten er verda menneskeleg konstruert, samtidig som verda påverkar menneske igjen. Berger og Luckmann samanfatar dette i tre korte setningar: «Samfunnet er eit menneskeleg produkt. Samfunnet er ein objektiv verkelegheit. Mennesket er eit sosialt produkt.» (Berger & Luckmann, 1967, s. 79, mi omsetting). Når kunnskap og erfaringar blir objektivert til eit felles språk og overført mellom menneske tar det del i ein intersubjektiv kunnskapsbase som delast av andre personar, grupper, og resten av samfunnet. På denne måten blir ny kunnskap ein del av vår felles allmennkunnskap.

Ein samtale mellom to eller fleire personar er ein god illustrasjon for korleis desse prosessane fungerer. Alt som ein person seier er eksterneiserte indre tankar. Desse tankane blir sendt ut til andre gjennom språk, og derfor objektivert som noko som kan forståast av andre. Ord og setningar blir høyrdd av samtalepartneren, som må tolke budskapet og gjere opp ein mening før dei kan svare. Handlinga som ligger i å snakke er eksterneisering, ord og setningar er objektivering, og tolkingar er interneisering. Det fellesskapet som samtalepartnerane deler er institusjonen som er konstruert av desse kontinuerlege prosessane.

I denne forklaringa er det ein klar start og slutt, men det er viktig å understreke at dette er prosessar som skjer i eit kontinuerleg dialektisk forhold. I dagleglivet er det få institusjonar som blir skapt ut av ingenting. Alt vi møter i samfunnet vert konstant skapt og gjenskapt av dei handlingane menneske gjer. Som samfunnsmedlem har vi mange roller og grupper som er konstruert gjennom sine eigne institusjonaliseringsprosessar. Dette tar vi med oss i møte med nye institusjonar, der våre erfaringar er med på å forme den vidare utviklinga av institusjonen. I samtale med andre menneske tar vi med oss alle dei erfaringar, forkunnskapar, og relasjonar som er relevant i situasjonen. Dette, i møte med samtalepartnerens historikk, legg føringar for korleis samtalen utspelar seg. Dette er grunnlaget for Berger og Luckmann sin måte å tenke om sosiale institusjonar som noko som konstant skapast og gjenskapast gjennom menneskeleg samhandling.

#### 4.1.2 Legitimering

For at institusjonsordenen skal halde ved lag og virke meningsfylt må den kunne legitimerast. Berger og Luckmann kallar legitimering for «annan-ordens» objektivering. Det som objektivertast gjennom institusjonaliseringsprosessen må også gjerast tilgjengeleg og

*subjektivt plausibelt*. Dette vil seie at legitimering har som funksjon å gjere objektiveringar, altså kunnskapar, haldningar og andre element som er gjort verkelege i institusjonen, meningsfylt for alle. Legitimering har også som jobb å gjere heile institusjonsordenen meningsfylt slik at ein kan kjenne igjen ein bakanforliggende hensikt i andre institusjonar. På denne måten kan ein akseptere at det finnst andre roller og grupper som ein ikkje er med i sjølv, og at det er mogleg å finne seg i fleire forskjellige roller samtidig som er resultat av separate institusjonaliseringsprosessar. Legitimering har både ein kognitiv og normativ funksjon. I tillegg til å fortelje oss at vi burde gjere ein ting eller ein annan, gir legitimering ein grunngeving for kvifor ting er slik dei er. Det skapast ein orden som få oss til å forstå at alt har sin rette plass, og derfor også kva som er rett eller galt (Berger & Luckmann, 1967, s. 112).

Berger og Luckmann deler inn former for legitimering i fire analytiske nivå (Berger & Luckmann, 1967, s. 110-113). Merk at dette er ein analytisk inndeling som vil ha nokon grad av empirisk overlapp.

- Byrjande legitimering
- Forteljande legitimering
- Strukturell legitimering
- Symbolske univers

*Byrjande legitimering* er ein før-teoretisk form for legitimering som eksisterer frå første gong språklege utvekslingar av erfaring skjer. Forklaringar for kvifor ting er som dei er, er allereie bygd inn i vokabularet. På dette nivået finn vi dei utsegna, påstandane, og etablerte sanningane som er blitt akseptert som sant i seg sjølv, men som eksisterer på eit før-teoretisert nivå der det ikkje finnst ein forklaring enda. Desse sanningane gjer seg tydeleg gjennom språk og fraser som går rundt som ein etablerte sanningar. Det er den enklaste forma for legitimering, som omfattar forklaringar som at «slik gjer vi det her» utan nokon meir heilskapleg forklaring for kva som gjer at ting skal gjerast på denne måten. Byrjande legitimering danner grunnlaget for alle andre former for legitimering ved at den seier at ting er, før ein har formulert ei forklaring for *kvifor* ting er.

*Forteljande legitimering* er dei første formene for *teoretisert legitimering*. Berger og Luckmann kallar dette teoretiske reglar i ei *uutvikla* form. Her finner vi forklaringar som er ofte praktisk retta, som gjerne er relatert til eksplisitt handling. Her kan ein trekke fram ordtak, levereglar, «kjerringråd», legender og eventyr, forskjellige typar forteljingar som kan

fortelje oss noko om korleis vi skal handle. Som barn blei eg fortald om ei hulder som budde under fossen som vil kidnappe og ta med seg barn ned i vatnet. Dette er ei historie som eksisterer for å lære oss barn å halde oss unna fossen og dei sterke straumane.

*Strukturell legitimering* er former for legitimeringar og kunnskapar som er sett i system gjennom ein institusjonalisert sektor. Dette kan til dømes vere reglar og normer som dannar felles referanserammer for medlemmane av institusjonen. Denne kunnskapen er ofte administrert av spesifikke personar og overførast til nye medlemmar gjennom formelle prosessar. Som ny student møter man ei fadderordning der erfarne studentar lærer bort både formelle praktiske ting som kvar kantina og instituttkontoret ligg og erfaringsbasert kunnskap som går i arv mellom generasjonar, slik som kvar studentar skal eller *ikkje skal* dra ut for å drikke øl, eller kva for pensumbøker ein *eigentlich* ikkje trenger å kjøpe.

#### 4.1.3 Symbolske univers

Berger og Luckmann legg mest vekt på det fjerde nivået for legitimering, *symbolske univers*. Denne legitimeringsforma dannar dei mest generelle referanserammene for menneskelege erfaringar (Berger & Luckmann, 1967, s. 114). Det er totalt altomfattande og legitimerer både individuell biografi og institusjonsordenen ved å gi alt «sin rette plass». Berger og Luckmann beskriv symbolske univers som ein «kosmisk orden» som gir ein tryggleik om at alt rundt oss er del av den same verda. Til tross for forskjellar og element som gjer kvar enkelt institusjon unik er dei ein del av det same felles universet som får dei til å eksistere. Symbolske univers er eit «beskyttande overheng» (Berger & Luckmann, 1967, s. 120) for både institusjonsordenen og individuell biografi, og set grensene for kva som er relevant i sosial interaksjon. Symbolske univers tar heile denne verda, alle menneskelege erfaringar, historie, moral, handling og institusjonar, og gir det legitimitet som ein del av eitt felles univers.

Symbolske univers er eit teoretisk konsept oppretta for å forstå korleis institusjonsordenen kan eksistere (Berger & Luckmann, 1967, s. 122). Sjølv om symbolske univers ikkje er noko som vi lett kan sjå og forstå som individ, er det noko som vi naivt lever i. Det handlar om dei «tatt-for-gittheitene» som dannar grunnlaget for å akseptere samfunnet. Symbolske univers er konstituert av menneskelege objektiveringar, og er på den måten skapt og opprettheldt på ein liknande måte som institusjonaliseringsprosessen (Berger & Luckmann, 1967, s. 115). Når vi eksternaliserer oss sjølv ut i verda, bidrar vi samtidig med å skape og gjenskape den verda vi eksternaliserer oss ut i. På den måten er det symbolske univers i konstant endring, samtidig som det står fram som ein stabil, uforanderleg eining for dei som eksisterer i det. Sidan

symbolske univers er skapt av konkrete handlingar blir derfor verkelegheita sosialt definert. Definisjonen av verkelegheita blir gjort konkret ved at konkrete individ og grupper av individ fungerer som «ekspertar» som definerer delar av verkelegheita (Berger & Luckmann, 1967, s. 134-135). Makt i samfunnet inkluderer makt til å styre sosialiseringssprossar og produksjonen av verkelegheit (Berger & Luckmann, 1967, s. 137). Forskjellar i sosial posisjon, relasjonar, og gruppetilhøyr er derfor viktig for definisjonen av verkelegheita, og utviklinga av det dominerande symbolske universet.

### 4.2 Sosiale verder og handlingar

For å supplere Berger og Luckmann sin institusjonaliseringsprosess har eg vald å hente inspirasjon frå interaksjonistiske perspektiv innan sosiologi. Ein sentral figur er Anselm Strauss som har utvikla ein interaksjonistisk handlingsteori (Strauss, 1993). Strauss tar utgangspunkt i sine egne og kollegaer sine studiar for å formulere det han kallar ein *generell interaksjonistisk handlingsteori*. I denne definisjonen tar han avstand frå andre etablerte handlingsteoriar som ofte blir kritisert for å ha lite empirisk forankring. Strauss understrekar at teorien er eit analytisk rammeverk som kan brukast til å «oppdage» dei lokale konseptar for fenomen ein studerer. Handlingsteorien hjelper forskaren til å organisere og forstå interaksjonane som er spesifikke for studieområdet (Strauss, 1993, s. 48). Ved å analysere fenomen med eit interaksjonistisk perspektiv ser ein på aktørar som aktive deltakarar i forminga av fenomen. Interaksjonar vil fortsette etter kvart som aktørar vert påverka av forskjellige kombinasjonar av strukturelle og interaksjonelle forhold. Strauss meiner derfor at fenomen ikkje automatisk skjer av seg sjølv eller er fullstendig determinert av økonomiske, politiske, kulturelle forhold. Slike eksterne forhold er med på å forme kva for handlingar og handlingsløp som blir utført av aktørane, men også desse forholda er resultat av ei opphoping av tidlegare interaksjonar og handlingar (Strauss, 1993, s. 54).

#### 4.2.1 Sosiale verder og arena

Strauss brukar det interaksjonistiske konseptet *sosiale verder* for å beskrive kompleksiteten i samfunnet (Strauss, 1993, s. 210). Sosiale verder er ein måte å sjå på samfunnet som beståande av fleire forskjellige sosiale grupper som strukturelt plasserer menneske i samfunnet (Clarke, 1991). Strauss følgjer Blumer sin kritikk mot overdriven bruk av førehandsdefinerte variablar som kjønn, klasse og region i sosiologiske studiar (Blumer, 1956), og meiner i staden at desse faktorar må bringast fram empirisk der dei er relevant (Strauss, 1993, s. 211). Han understrekar at slike variablar ikkje er irrelevant for sosiologiske

analysar, men at ved å fokusere på variablar kan det dekke over lokale variasjonar som eksisterer i fenomenen. Strauss meiner at ved å analysere samfunnet ved bruk av sosiale verder kan ein bringe fram eit heilt anna syn på samfunnet enn det som tidlegare er vanleg i sosiologien (Strauss, 1993, s. 210).

I studiar av sosiale verder plasserer ein aktivitetar og handlingar i fokus, framfor mennesket sine individuelle faktorar. Sosiale verder kan definerast som «grupper med delte forpliktingar til visse aktivitetar, som deler ressursar av forskjellige slag for å oppnå mål, og byggje delte ideologiar om korleis å utføre sine aktivitetar» (Clarke, 1991, s. 131, mi omsetting).

Perspektivet har som formål å fange opp, beskrive, og analysere omfanget av formelle og uformelle organiserte handlingar utført av menneske. Sosiale verder vil ikkje seie at alle aktørarar er like, men at det er identifisert nokon fellestrekk gjennom handlingar, metodar, og motiv som danner eit grunnlag for interaksjonistisk analyse. Det er individuelle aktørar som utfører handlingar, men for å kunne gjere ein sosiologisk analyse er aktørar gjort om til sosiale einingar basert på kollektive handlingar og motiv. Innanfor den enkelte sosiale verda vil det også førekomme spesialiseringar slik at verda segmenterast inn i forskjellige *sub-verder*.

Til dømes deler eg som sosiolog ein del grunnleggande kunnskapar om teoriar og metode med andre i min disiplin. Segmentering skjer ved at eg, som alle andre sosiologar, spesialiserer meg innan eitt eller fleire fagfelt, teoretiske perspektiv, eller metodiske vinklingar. I eit felles prosjekt med andre sosiologar med andre spesialiseringar vil desse forskjellane kunne virke både som ein styrke og som eit grunnlag for konfliktar om korleis ein skal gå fram i arbeidet.

Interaksjonar mellom forskjellige sosiale verder eller sub-verder skjer på i ein arena (Strauss, 1993, s. 226). Ein arena oppstår når representantar for fleire sosiale verder møtast i forbindelse med eit fenomen der det finnast fleire moglege utfall. Med eit sosial verd og arena-perspektiv går forskaren inn i analysen med spørsmålet «kva er dei kollektive mønsterar for handling, og kva for framståande sosiale verder er det som opererer her» (Clarke, 1991, s. 136, mi omsetting). Ved å studere eit fenomen som ein arena for sosiale verder vil ein sjå etter kva for sosiale verder som er involvert i fenomenet, kva for forpliktingar som finnast til dei sosiale verdene og mot fenomenet, korleis deltakarane vil gå fram for å oppfylle forpliktingane.

#### 4.2.2 Handlingsløp og makt

Det sentrale konseptet i Strauss' handlingsteori er omgrepet *trajectory*, som kan omsettest til bane, kurs, eller *retningsløp*. *Trajectory* referer både til eit retningsløp av handlingar, men dekker også interaksjonar mellom fleire aktørar og alle eventualitetar som kan vere uventa eller vanskeleg å styre (Strauss, 1993, s. 53). Strauss spesifiserer omgrepet til å handle om to ting:

1. Retningsløpet for fenomen slik dei utviklar seg over tid.
2. Handlingar og interaksjonar som påverkar denne utviklinga.

Med dette omgrepet ønsker Strauss å vise kompleksiteten som inngår i utviklinga av eit fenomen. Eit *retningsløp* kan vere meir eller mindre planlagt, men ofte handlar det om å tilpasse seg situasjonar etter kvart som dei oppstår. Sjølv om ein legg ein konkret plan for korleis ein skal gjennomføre eit prosjekt vil det alltid oppstå situasjonar som får konsekvensar for vidare interaksjonar og retning. I ein situasjon vil det alltid vere fleire aktørar som påverkar fenomenet. Aktørar legg til sine egne meiningar til fenomenet, dei har deira egne syn på korleis det vil utvikle seg, og idear om korleis kursen skal handterast (Strauss, 1993, s. 70). *Retningsløp* er eit analytisk verktøy som plasserer interaksjon i sentrum for å forklare utviklinga av eit fenomen.

Strauss utvidar omgrepet med eit sett verktøy som kan brukast for å analysere retningsløpet vidare. I denne oppgåva vil det bli lagt mest vekt på korleis visse aktørar, som representantar for sosiale verder, har større makt til å definere fenomenet og situasjonar enn andre sosiale verder. For å analysere dette er det interessant å sjå på kva for *handlingsplanar* aktørane set i gong, og kva for konsekvensar desse planane har for fenomenet si retningsstyring.

Ein handlingsplan forståast som ein strategi som omsettest til reelle handlingar (Strauss, 1993, s. 55). Aktørarar som er klar over desse planane kan velge å utføre handlingar basert på denne kunnskapen. Dei vil ha ein viss aning om kva for planar som eksisterer og rasjonaliseringa eller motivasjonen som ligg bakom. Dette gjer at aktørane kan ta vurderingar over av kva for handling som passar dei best, og enten følgje, eller motvirke planen med positive eller negative handlingar. I mange tilfelle vil fleire aktørar ha sine egne handlingsplanar som dei vil forsøke å få gjennomslag for. Alle desse planane påverkar både fenomenet og dei andre konkurrerande planane og handlingsforløpa som er sett i gong av andre aktørar. Omgrepet *retningsstyring* (trajectory management) (Strauss, 1993, s. 56)



beskriver er heile prosessen for korleis fenomenet er forma av aktørar ved å spele ut sine handlingsplanar. I utvikling av fenomen er det ikkje ein einsleg aktør som fullstendig styrer handlingsforløpet, det er ingen «deus ex machina» (Strauss, 1993, s. 57) som kontrollerer alt frå ein himmelsk posisjon. Alle interaktørane er på sin måte med på å forme fenomenet innanfor sine handlingsrammer. Alle interaksjonar, i form av meir eller mindre planlagde handlingar, er med på å forme retningsløpet.

I ein slik analyse blir det derfor interessant å sjå på kva for typar makt dei forskjellige aktørane har tilgang til. Makt sett i eit interaksjonistisk perspektiv gjer seg berre synleg gjennom handling (Clarke, 1991, s. 144). For å forstå korleis utøving av makt skjer i ein arena må ein lage ei oversikt over korleis dei forskjellige aktørane er stratifisert, i form av status, tilgang til ressursar, storleik, eller andre faktorar som er relevante for situasjonen. Sjølv om alle interaksjonar er med på å forme retningsløpet, vil nokon aktørar vil ha større innflytelse og makt til å påverke delar av, eller heile retningsløpet (Strauss, 1993, s. 57). Det er relevant å sjå på aktørar sine evner til å bestemme vilkåra for interaksjon, påverke kven som er til stede eller som blir ekskludert, innskrenke handlingsrom, manipulere eksisterande ressursar, eller svekke andre sin posisjon (Clarke, 1991, s. 145).

Sjølv om eg har gjort eit skilje mellom Berger og Luckmann sin sosialkonstruktivisme og Strauss' interaksjonisme, vil eg understreke at begge to set menneskelege handlingar og interaksjonar i fokus, men har litt forskjellige inngangar til å studere dette. Berger og Luckmann sin inngang handlar om å analysere korleis gjentakande handlingar skapar institusjonalisert kunnskap som eksisterer som intersubjektiv kunnskap mellom fleire menneske. Strauss sine verktøy handlar om å analysere korleis folk sine motiverte handlingar vert påverka av ein rekke faktorar. Desse to verktøysetta fungerer godt saman for å analysere både korleis desse felles kunnskapane tar form og blir haldt ved like, og korleis den objektiverte kunnskapen legg føringar eller avgrensar handling.



## 5 Forskingsmetode

Framgangsmåten i dette prosjektet har ei klar induktiv forankring. Som i handlingsteorien beskrive ovanfor er Strauss opptatt av å kunne oppdage dei lokale konseptane i fenomenet. Dette er grunnleggjande for korleis eg har gått fram i arbeidet med dette prosjektet. Både i teori og metode meinte Strauss at sosiologi må vere «grounded» i empirien. Altså skal mønster, tendensar, og teori kunne lesast ut av empirien, i staden for å gå inn med førehandsdefinerte variablar som blir bekrefta eller avkrefta. Dette er også grunnlaget for måten eg har gått fram på med både datainnsamlinga og analysen. Eg skal på ingen måte påstå eg har brukt *grounded theory*, men eg hentar frå den same grunnleggjande filosofien som ligg i grunn for metoden. Dette prosjektet starta med ei genuin interesse i å undersøke eit fenomen som eg oppdaga under eit velforeiningsmøte hausten 2017. Problemstillinga for denne fasen av prosjektet var veldig open, og kan kallast eit *eksplorerende design* (Tjora, 2017) der ein går inn i eit prosjekt utan å vite så mykje om fenomenet frå før.

Med det sagt er ingen fullstendig «tom» når dei startar eit prosjekt. Ein vil alltid ha ein førforståing som er vanskeleg å kome seg vekk frå. I dette prosjektet kjem det mest tydeleg fram gjennom utforminga av intervjuguiden som har mange sosialkonstruktivistiske trekk. Intervjuguiden ber preg av å vere interessert i korleis informantane sjølv tolkar og forstår sin eigen bydel, kvardag, og situasjonen på Møllenberg. Av den grunn blei det også kort veg til ein sosialkonstruktivistisk og interaksjonistisk analyse.

### 5.1 Val av informantar

I starten av prosjektet var eg innstilt på å få fram dei fastbuande sitt perspektiv på hyblifiseringa av Møllenberg. I definisjonen av bebuarar har eg ikkje laga eit skilje mellom personar som eig eller leiger på Møllenberg. Utvalet mitt består derfor av personar som har leigd same leilegheit over lengre tid, som er del av burettslag eller sameige, og personar som eig heile garden dei bur i. Sistnemnde skil seg frå gardeigarane som er personar som eig og leiger ut bygardane sine utan å bu der sjølv. I tillegg har eg intervjuar dei to som var initiativtakarar for den nye velforeininga. Sidan desse to har fått dei same spørsmåla om Møllenberg som bebuarane har eg vald å ikkje skilje mellom desse to gruppene i analysen så lenge det ikkje omhandlar spørsmål som går direkte på arbeidet med velforeininga.

Ved å ha eit breitt utval av informantar er det større sjans for å fange opp kompleksiteten i ein studie av hyblifisering. Som diskutert i kapittelet om hyblifisering og gentrifisering (side 6)

har det vore debatt om kven som er pådrivaren for slike prosessar. Ved å snakke med både sjølveigarar, faste leigetakarar, studentar, og gardeigarar, er det mogleg å avdekke noko av denne kompleksiteten i ein kvalitativ studie av dette omfanget.

### **Bebuarar**

Den første og største delen av utvalet består av det eg kallar bebruarar på Møllenberg. Under rekrutteringa har eg ikkje gjort noko skilje mellom personar som eig eller leiger bustad i bydelen så lenge dei ser på seg sjølv som fastbuande. Av 9 intervju med fastbuande er fire av bebruarane er sjølveigar i burettslag eller sameige, tre eig bygardane dei bur i sjølv, og ein informant har leigd same leilegheit over fleire år. Ein av informantane budde ikkje i bydelen sjølv, men har vekse opp der og bygarden ligg framleis i familien. Tre av informantane har barn i skule- og barnehagealder, mens to av informantane har oppdradd barn på Møllenberg tidlegare.

To av desse intervjuar er gjort med dei som eg under rekrutteringa kalla entusiastar som er dei som var initiativtakarane til velforeininga og Facebook-gruppa. Sidan desse to har fått dei same spørsmåla som dei andre bebruarane har eg ikkje gjort noko skilje mellom desse gruppene i analysen, så lenge det ikkje dreier seg direkte om arbeidet dei har gjort med stiftinga av velforeininga. Desse to kontakte eg direkte før eg starta rekrutteringa av dei andre informantane.

I samanheng med dette spurde eg og om løyve til å poste ein utlysingstekst på Facebook-gruppa *Møllenberg og Rosenborg info*. I utlysingsteksten presenterte eg kort kven eg er og kva oppgåva tar føre seg<sup>6</sup>. Eg fekk kontakt med dei fleste informantane på denne måten. Ein av bebruarane fekk eg kontakt med gjennom personleg nettverk. To av bebruarane kontakta eg direkte på grunn utsegn frå sosiale media og dagspressa.

### **Gardeigarar**

For å få fram fleire perspektiv i denne saka ønska eg også å ta kontakt med gardeigarar på Møllenberg. Desse har eg definert som personar som eig sekundærbustadar på Møllenberg, som dei brukar til å leige ut til andre. Som utgangspunkt for rekrutteringa brukte eg Adresseavisas oversikt over dei største gardeigarane på Møllenberg (Holstad & Rasmussen,

---

<sup>6</sup> Sjå 10.6 Vedlegg 6: Samtykkeskjema

2018a) og byrja å kontakte potensielle informantar. Eg fekk fort avtale med to gardeigarar som var villige til å stille til intervju.

### Studentar

Mot slutten av datainnsamlinga såg eg nødvendigheita av å la studentar få ein stemme i prosjektet. For å redusere mengda av intervjumateriale valde eg å rekruttere studentar til gruppeintervju der eg helst ville intervju eitt samla studentkollektiv som budde på Møllenberg. Det var meir utfordrande å få kontakt med og planlegge intervju med studentar enn med andre bebuarar. Eg fekk til slutt kontakt med studentar i to kollektiv som eg kunne intervju saman. Av dei som deltok på intervjuet var det fem personar frå desse to kollektiva, pluss to andre studentar som budde i andre delar av byen. Sjølv om dei siste to studentane ikkje budde i bydelen sjølv hadde dei verdifull innsikt for å samanlikne korleis dei såg på studentlivet på Møllenberg som forskjellig frå sine nabolag.

Ottar, Brage, og Lillian har heimebuande barn i barnehage og skulealder. Else og Elias er eit gift med kvarandre, og bur i ein generasjonsbustad utan heimebuande barn. Olivia, Astrid, og Mads bur i burettslag eller sameige saman med sine sambuarar. Ylva er den einaste av dei fastbuande som leiger på Møllenberg. Ståle har vekse opp på Møllenberg, og har sterk tilknytning til staden sjølv om han ikkje bur der i dag.

For å lettare skilje mellom fastbuande og gardeigarane i analysen har gardeigarane blitt anonymisert til etternamn som byrjar på G: Granerud og Gulliksen.

Ingen av studentane i gruppeintervjua har ikkje fått egne namn i analysen.

## 5.2 Intervjuguide

Sidan eg i dette prosjektet hadde plan om å intervju forskjellige grupper med menneske, var det nødvendig å lage fleire intervjuguidar med spørsmål tilpassa kva gruppe<sup>7</sup>. Alle intervjuguidane følgjer ein idé om eit utforskande design med opne spørsmål som legg til rette for at informantane kan snakke så fritt dei vil om kvart tema. Intervjuguidane følgjar den same strukturen med ein oppvarmingsfase, refleksjon og ein avrunding.

Oppvarmingsspørsmåla består av enkle demografiske spørsmål som ikkje er nødvendige for analysen, men som hjelper til å opne opp for samtale, og som kan brukast som ein enkel måte å skilje mellom informantane under arbeidet med analysen. Dette er spørsmål som kor

---

<sup>7</sup> Sjå vedlegg: 10.2, 10.3, og 10.4

gammal informanten er, om dei bur aleine, og om dei har eller har hatt heimebuande barn på Møllenberg. Desse spørsmåla bidrar til å skape ei roleg stemning under intervjuet. I denne fasen kan det også dukke opp relevant informasjon som ein ikkje har tenkt på i forkant.

Alle tre intervjuguidane har til felles at dei byrjar med reflekterande spørsmål om Møllenberg der poenget er å få fram kva informantane sjølv legg i bydelen. Dei spørsmåla som retter seg meir direkte mot hyblifisering og studentar kjem alltid til slutt for å hindre at dette legg føringane for korleis dei snakkar om Møllenberg.

Den første kategorien handlar om kva forhold informanten har til Møllenberg. Dette kan vere slik som at informanten har vekse opp her, har hatt familie her, eller som eitt par hadde, budd der tidlegare som student sjølv. Andre del handlar om Møllenberg i seg sjølv der spørsmåla er utforma på ein måte for å få informanten til å legge fram sitt syn på kva Møllenberg er. Denne delen startar med det opne spørsmålet «*Kan du fortelje om Møllenberg?*» der målet er å få informanten til å velje sjølv kva dei legg i spørsmålet, og vil fortelje om. Fleire av informantane skildra det dei kunne om Møllenberg som ein historisk bydel, og fortelje om gamle trehus. Andre valde å gå rett på Møllenberg som ein studentbydel med mykje bråk. Dette spørsmålet følgjast opp av fleire spørsmål som opnar for å fortelje meir om kva for inntrykk dei har av bydelen.

Tredje del handlar om kven som bur på Møllenberg, om informanten har hatt tidlegare erfaringar med bydelen, og om bydelen har endra seg i tida dei har budd der. Denne delen fokuserer på kjensla av nabolag i bydelen.

Det er først i den siste delen av intervjuet eg tar opp spørsmål om bustadar, studentar, og hyblifisering. Grunnen til at intervjuguiden er strukturert på denne måten der sjølv temaet for forskingsprosjektet kjem inn så seint er for å først undersøke kva som opptar informanten før eg lar spørsmåla styre temaet. I dei fleste intervjuar dukka problema rundt studentar og hyblifisering opp naturleg i samtalen før denne delen. Desse spørsmåla fokuserer på kva for leilegheiter og bustadar som eksisterer i bydelen, ombygging til hyblar, og kva det gjer med bydelen. Her tar eg også opp synet på studentar og kva dei tilfører bydelen. På grunn av utforminga av intervjuet kom vi ofte inn på desse temaa tidlegare i intervjuet. I mange av desse tilfella valde eg ofte å oppfordre om å snakke meir om det dei har snakka om tidlegare.

Etter dei første intervjuar valde eg å byte ut ordet «hyblifisering» til å handle om bustadar og hyblar. Hyblifisering kan ofte vere eit negativt ladd ord, og det kan derfor tenkast at det

bidreg til at spørsmåla følast ledande. Det er god grunn til å anta at informantane allereie er kjende med omgrepet sidan eg brukte det i utlysingsteksten for informantar. Dette er likevel noko eg tenkte over under intervjuet, og eg prøvde å vente med å bruke ordet til informanten sjølv har brukt det første gangen.

### 5.2.1 Intervjuguide for gardeigarane

For å få fram fleire sider ved denne saken tok eg også kontakt med eit par av dei største gardeigarane på Møllenberg. Dette kravde ein eigen intervjuguide. I utforminga av denne guiden følgde eg mykje av det same prinsippet om opne spørsmål som i guiden for bebuarar. Spørsmåla i denne intervjuguiden vart influert av nokon av dei tinga som kom fram i intervju med bebuarar og i måten gardeigarar vart omtalt under velforeiningsmøta.

På same måte som i guiden for fastbuande, handlar dei første spørsmåla om kva for forhold informanten har til Møllenberg. Her ønska eg å finne ut kvifor det var Møllenberg dei ønska å starte utleige i og kva som var inngangen for å starte med utleige i det heile tatt.

Den andre delen av intervjuet tar for seg rolla som utleigar. Under intervju med bebuarar, velforeiningsmøta og diskursen i den offentlege debatten hyblifiseringa teiknast biletet av den ansvarsause utleigaren som ikkje bryr seg om anna enn inntekter. Her var eg ute etter å få fram gardeigaren sitt perspektiv på dette utan å virke bebreidande. Eg var òg interessert i kva for utfordringar gardeigarane har og korleis det er å rette seg etter reglar og reguleringar som er satt av kommunen. Desse spørsmåla viste seg å vere vanskeleg å få svar på sidan det virka som gardeigarane var skeptisk til formuleringa av spørsmålet og at eg var ute etter å «ta» dei. For etterpåklokskapens skuld burde desse spørsmåla vore formulert på ein annan måte for å få svar på korleis gardeigarane jobba saman eller mot kommunen sine reguleringar. Under intervjuet erfarte eg at det var vanskeleg å få akkurat den informasjonen eg var ute etter sjølv om eg prøvde å formulere om og forklare kvifor eg stiller desse spørsmåla.

I andre del av intervjuet var eg interessert i å vite meir om sjølve debatten om hyblifisering som har gått føre seg i Trondheim». I denne delen valde eg å spørje om korleis informanten tolkar ordet «hyblifisering», om ordet er beskrivande, eller om det kan virke som eit stigmatiserande omgrep. Eg trakk også fram debatten som har vore publisert i Adresseavisa i eit forsøk på å provosere fram ein reaksjon. Uavhengig av svar valde eg å bruke ordet vidare i dei følgjande spørsmåla, men ramme inn med «den såkalla hyblifiseringa»

Dette spørsmålet introduserte eg også til det aller siste bebuarintervjuet som eg utførte etter intervju med gardeigarane.

### 5.2.2 Intervjuguide for studentar

Den siste gruppa eg tok kontakt med var studentar. For å redusere arbeidsmengda såg eg det hensiktsmessig å halde gruppeintervju med studentane. Eg fekk kontakt med ei gruppe av studentar, beståande av to forskjellige studentkollektiv.

I utforminga av intervjuguiden ville eg sørge for at det var spørsmål som opna for diskusjon mellom studentane. I likskap med dei føregåande intervjuguidane handlar den første kategorien om Møllenberg som bydel og korleis det er å bu der. Opningsspørsmålet spør opent om «*Korleis er det å bu på Møllenberg?*». Dette spørsmålet set tonen for intervjuet og lar alle deltakarane i intervjuet kome med sine eigne tankar. Dette dannar eit grunnlag til mykje av den vidare diskusjonen og viser tidleg kva som opptar studentane. Vidare spør eg om kva som gjorde at dei flytta til Møllenberg, kva dei visste om bydelen frå før, og kva som gjer at dei har lyst til å bli buande der.

Neste kategori tar for seg lokalmiljøet og nabolaget ved å spørje om studentane kjenner naboane sine, om dei har ein grunn til å møte dei, kva for andre folk som bur i husa, og kva forhold dei har til utleigar. Her stiller eg også spørsmål om festing både i sine eigne kollektiv og om dei brukar å reise til fest hos andre som bur på Møllenberg.

Siste del tar for seg hyblifiseringsdebatten. Her spør eg først om studentane har følgd med sjølv på debatten som har gått føre seg. I veka før gruppeintervjuet var det eit forsideoppslag i studentavisa Under Dusken som eg refererte til under intervjuet (Holmer & Lysheim, 2018). Eg spør vidare om dei synest sjølv at dette er eit problem, og til slutt om dei kjenner deg stigmatisert som student på Møllenberg.

### 5.3 Intervjusituasjonen

Tjora (2017) anbefaler å legge intervjuet til ein stad der informanten kan føle seg trygg. Eg ville derfor halde intervju på stadar som var så enkelt for informantane som mogleg. Dei fleste intervju er gjort heime hos informantane. To er utført på møterommet til Sosiologisk poliklinikk i Trondheim. To av intervju er utført på arbeidsplassen til informanten.

Gruppeintervjuet med studentane er utført i stua til det eine kollektivet.



Å spørje om å ha intervjuet heime hos informanten var eit bevisst val i dette prosjektet. På denne måten fekk eg eit innblikk i korleis innsida av Møllenberg ser ut, samtidig som eg hadde ein tanke om at det ville vere enklare for informanten å forklare og å komme på relevante anekdotar om korleis det er å bu på Møllenberg når vi fysisk sit der. I eitt intervju opplevde vi støy frå gata som starta ein liten samtale om kva slags typar støy informanten er vand med. Hos ein annan informant sat vi ved eit vindauge med overblikk over Nedre Møllenberg gate og observerte naboane over vegen. Under intervjuet valde eg også å ta med eit kart over Møllenberg og området rundt for å la informantane vise korleis dei tolkar kva som er Møllenberg eller ikkje. Ved å bruke dette verkemiddelet tenkte eg på førehand at eg kom til å sjå sterke meiningar om kvar grensene for bydelen går. Eg blei i staden overraska over kor samstemd informantane var, med berre få små variasjonar. Kartet fungerte også som eit godt verktøy for informanten til å kunne forklare og illustrere under intervjuet.

Under alle intervjuet har eg gjort nytte av digital lydopptakar for å ta opp intervjuet og transkribere i ettertid. Informantane vart informert om bruk av diktafon og at intervjuet vert transkribert, informantane anonymisert, og opptaket sletta i etterkant av analysen. Alle informantane har enten gitt samtykke munnleg, eller skrive under på samtykkeskjema.

For intervjuet med studentgruppa tok eg med meg ein større opptakar som er betre eigna for stereolyd. Denne opptakaren skapte litt merksemd i starten sidan alle var interessert i å sjå korleis den fungerte. I alt var det uproblematisk å bruke opptakar i intervjuet. Berre i eitt intervju opplevde eg å få beskjed om å slå av opptakaren for at informanten skulle fortelje om noko som dei ikkje ville siterast på. I det same intervjuet var det også fleire ting som eg vart bedd om å ikkje nemne sjølv om det er med i opptaket. Dette var ei ny erfaring for meg, men heldigvis hadde det ingenting å seie for analysen. I desse situasjonane delte informanten anekdotar og historier som var interessant for heilheita av intervjuet, men som ikkje hadde nokon konsekvensar for arbeidet med analysen. I eitt intervju slo eg av opptakaren då informanten vart avbroten av ein telefonsamtale. Intervjuet tok ganske lett opp igjen tråden der den vart stoppa utan at det gjekk ut over samtalen.

#### 5.4 Analyse og databehandling

Alle intervjuet er blitt transkribert og opptaket er blitt sletta i etterkant av alle transkripsjonane. Å transkribere dreier seg om å gjere om det som er sagt munnleg til tekst for å kunne arbeide vidare med materialet. Det er ikkje ein fasit for korleis å transkribere sjølv om det finnst mange standardar (Tjora, 2017). Sidan eg er den einaste personen som skal arbeide med dette

datamaterialet har eg vald å transkribere det på den måten som gjer det lettast for meg å jobbe med. I transkripsjonen er det derfor brukt ei blanding av nynorsk, bokmål, og informantens sine dialektord for å gjere ordlyden så lik måten informantane snakkar på som mogleg for at informasjon ikkje skal gå tapt. I framstillinga av sitat er språket blitt normalisert til vanleg nynorsk, så lenge det ikkje går ut over meningsinnhaldet for sitatet. Dette bidrar til å halde informantane anonyme. Alle informantane har fått utdelt tilfeldige pseudonym. Eg nemner aldri nokon spesifikke adresser i teksten eller andre detaljar som er identifiserbare.

Gardeigarane og entusiastane vart på førehand informert om at det kunne vere vanskeleg å anonymisere nokon av deira utsegn, og at eg ville tilby sitatsjekk for tilfelle der det skjer. I ettertid har eg kome fram til at dette ikkje var nødvendig. Eg har derfor gjort ekstra tiltak for å sikre anonymiteten til desse informantane.

Arbeidet med analyse, frå intervju til analyse og diskusjon, følgjer strukturen til Aksel Tjora sub stegvis-deduktiv induktiv metode (SDI) (Tjora, 2017). Dette er ein modell der ein arbeider etappevis «oppover» frå empiri til teori og konseptutvikling. I denne oppgåva kan ein sjå på prosessen som å gå frå datagenering; gjennomarbeiding av rådata; koding; kodegruppering; analyse; teoretisk diskusjon. Den største delen av prosessen ligg i forholdet mellom den teorilause analysen og den teoretiske diskusjonen der det tok mange rundar med testing for å kome fram til den ferdige konklusjonen. I dette prosjektet er sosiologisk teori brukt som eit verktøy for å analysere situasjonen på Møllenberg.

### 5.4.1 Koding og kategorisering av datamaterialet

I Tjoras SDI-metode (Tjora, 2017) opererer ein med eit nivå av koding med eit prinsipp om ein tett induktiv metode. Målet med kodinga er å vise essensen av det informantane snakkar om samtidig som ein reduserer datamengda til ein handterleg mengde. Ved å legge kodane tett opp til det som blir sagt reduserer ein effekten av forskarens eigne meiningar og påverknad frå teori. Kodane baserer seg gjerne på måten informantane beskriver eit fenomen, gjerne ved å trekke fram deira eigne omgrep, metaforar og fraser. Til dømes er koden basert på at informanten omtalar ei gruppe i bydelen som «*lauv i vinden*» mykje meir beskrivande enn å bruke ein kategorisk kode om at informanten beskriver midlertidigheit i bydelen. Slike kodar festar seg lettare i hukommelsen til den som arbeidar med materialet og gjer det enklare å hugse kva konteksten for koden er i ettertid når ein allereie er kjend med intervjuet.

Sjølv med prinsippet om ein empirinær koding kjem ein ikkje unna at forskarens blikk kan vere med på å styre kva som blir sett på som det viktigaste i materialet. Det vil derfor ikkje

vere heilt sikkert at forskjellige personar ville kome fram til den same analysen. Dette ser eg på som ein styrke med kvalitativt arbeid der forskarens evne til å behandle datamateriale og sosiologi som eit handverk som kjem fram gjennom analysen. Kodane eg har brukt varierer til dømes mellom å vere reine ordrette sitat av det informantene seier til å vere eit samandrag der eg hentar ut det eg meiner er det viktigaste av det informantane seier. I nokre kodar er det også lagt til nokre ekstra ord for å forklare konteksten for det som blir sagt viss det ikkje kan lesast klart ut av koden aleine.

Kodingsarbeidet er gjort ved å gå gjennom eitt og eitt transkriberte intervju frå start til slutt og generere ein ny kode for kvart utsegn. Sidan kodane er lagt så tett opp til innhaldet i kvart utsegn gav det ikkje meining å nytte dei same kodane opp igjen i fleire intervju. Av den grunn gav det mest meining å generere ein unik kode for alle utsegn i intervjuet. Dette gjorde at eg til saman endre opp med nesten **850** unike kodar. Eg valde å kode alt intervjumateriale eg hadde sjølv når eg ikkje kunne sjå ein direkte relevans av det informantene snakkar om. Ein av utfordringane ved å arbeide på denne måten er at ein kan ende opp med ei kodeliste som kan virke like overveldande som intervjumaterialet. Det blir derfor viktig å sortere og kategorisere kodane slik at det er enklare å sjå samanhengar i materialet.

Kategorisering av kodane vart sett i gang så snart som mogleg etter at heile materialet vart koda ferdig. Strategien eg valde var å gå gjennom heile kodelista og grovkategorisere etter tema og tendensar som eg såg fortløpande nedover lista. På same måte som at kodane genererast ut av intervjumaterialet leser eg kategoriane ut av tendensar og tema som går igjen i kodane. I første gjennomgang av kodelista enda eg opp med rundt 20 kategoriar av varierende størrelse. Vidare gjekk eg gjennom kvar av desse kategoriane og finkategoriserte ved å flytte kodar frå veldig generelle kategoriar til meir spesialiserte, slå saman mindre kategoriar, og dele opp store kategoriar. Alle gruppene vart til slutt lagt i eit hierarkisk system med fire generelle kategoriar på topp, med fleire undernivå<sup>8</sup>. Denne måten å kategorisere på viste seg å vere eit godt heuristisk verktøy som danna den generelle strukturen for analysen.

---

<sup>8</sup> Sjå 10.1 Vedlegg 1: Kodegruppering



## 6 Analyse

Analysen er delt opp i 6 delar: I den første delen får informantane sjanse til å beskrive bydelen og framheve det som «skapar» Møllenberg og som skil bydelen frå andre bydelar i Trondheim. Andre del tar for seg korleis studentar gjer seg synlege i bydelen gjennom det livet dei skapar når dei er der, og mangelen av liv i bydelen når dei ikkje er der. I tredje del diskuterast det om Møllenberg er ein bydel som er eigna for barnefamiliar eller ikkje. Fjerde del tar for seg Møllenberg som ein «midlertidig» bydel for studentar og unge vaksne som ikkje har planar om å busette seg i bydelen over lengre tid. I femte del er det diskutert kven som er best skikka til å ta vare på Møllenberg og dei gamle tregardane. Til slutt tar siste del for seg kva som blir sett på som å ha forårsaka hyblifiseringa av Møllenberg.

### 6.1 Det er noko med Møllenberg

I alle intervju med bebuarar spurte eg etter definisjonen av Møllenberg. Bebuarane fekk vise fram og teikne på eit kart over området for å illustrere kvar dei meiner grensene for bydelen går. Det er stor einigheit blant bebuarane kva som er Møllenberg, med nokon variasjonar i akkurat kvar grensene går mellom Møllenberg og andre nærliggande bydelar. Møllenberg kryssar aldri Stadsingeniør Dahls gate i sør, eller Innherredsveien i nord.

Dei som er mest kjend med historia til bydelen kunne fortelje at opphavet til Møllenberg eigentleg er nedanfor Kristiansten festning, lengst sør-vest i dagens bydel. Det som utgjer størsteparten av det som kjennast som Møllenberg i dag er det originale Rosenborg, som i dag er assosiert med området lengre sør, på toppen av bakkane som utgjer Møllenberg-Rosenborg-området.

Sjølv om Møllenberg ligg utanfor Midtbyen i Trondheim og derfor ikkje ein del av sentrum blir bydelen sett på som sentrumsnær. Ståle beskriver på denne måten Møllenberg som ein «randbydel» i same grad som Bakklandet, Øya, og Ila som omringar Midtbyen:

Eg meiner at Møllenberg er ein sånn typisk sånn randbydel da, som ligg inntil Midtbyen, men ikkje i Midtbyen. Så du har ikkje den typen handelsverksemd som du har i det som er heilt *downtown*. Men du har veldig mykje busetnad, og litt næring, som servicenæring og slikt. Det er vel fysiognomien til Møllenberg. (Ståle)

Møllenberg samanliknast med desse bydelane fordi dei ligg nær sentrum, og fordi alle bydelane deler visse likskapar i kva for type næring, demografi, og utfordringar som ligg i å

vere ein sentrumsnær bydel i Trondheim. Fleire av desse bydelane består på same måte som Møllenberg av gamle verneverdige hus som mange er interessert i å bevare.

### 6.1.1 Møllenberg-looken

For å beskrive kva som skil Møllenberg frå andre bydelar i Trondheim framhevar fleire av bebuarane den spesielle stilen til husa i bydelen. Astrid snakkar om desse husa når ho beskriver den typiske «*Møllenberg-looken*» som kjenneteiknar bydelen:

No er det jo litt meir slitt enn man kunne ønske at det var, men typen hus synest eg er veldig fin. Den eigne *Møllenberg-looken* er akkurat den her typen hus som eg synest er veldig stilig. (...) Det er det med sokkelen, to etasjar som regel, og eit loft. Altså trehus. Når vi ser ut vindaugget her vi sit no, så er det umiddelbart veldig typisk Møllenberg-hus med detaljar rundt vindauga og detaljane på vassbordet, vindaugetypen og taktypen. Altså at heile området er i den stilen da. Det er ein veldig uniform *look*, men som er veldig klassisk og fin. Alt er jo bygd på ca. same tid på slutten av 1800-talet. (Astrid)

At Møllenberg har ein sterk trehusmasse blir trekt fram av dei fleste bebuarane. Dette skil Møllenberg frå murhusa som finnst lengst oppe mot Stadsingeniør Dahls gate, frå Bakklandet som har ein annan type trehus, og einebustadane på Pappenheim og Rosenborg. Sjølv om ikkje alle husa på Møllenberg deler den same historia og stilen er det ein stor einigheit om at trehusa er ein definerande del av bydelen. Ylva snakkar om eit skilje som går ved Nonnegata der det er ein skilnad mellom stilartane til mange av husa: «For på nordsida av Nonnegata er det dei større tregardane, og i øvre strøka så er det murgardane i tillegg. På sørsida er det jo mykje mindre hus». Sjølv om det kan vere vanskeleg å definere akkurat kvar grensene går er det mange som synest at det dei kjenner igjen som Møllenberg byrjar å forsvinne etter kvart som ein går opp bakkane i bydelen og det blir fleire murgardar. Ståle trekker fram at Møllenberg er ein viktig del av «trehusbyen Trondheim» som strekker seg gjennom heile sentrum av Trondheim og meiner det gir byen ein viss identitet. Mange snakkar og om den geografiske utforminga av Møllenberg, og legg spesielt vekt på at det er mange bratte bakkar i bydelen. Dette er kjenneteikna av gater som Wessels gate og Rosenborg gate som går opp mot Bispehaugen skole, som vert kontrastert av dei lange slakke gatene som går frå Buran i nord, til Bakklandet i sør.

Møllenberg er ein sentrumsnær bydel og fleire av bebuarane trekker fram at det er enkelt å kome seg dit ein vil til fots, sykkel, eller ved å bruke offentleg transport. Forutan Nonnegata er det veldig lite biltrafikk i bydelen, sidan dei fleste av gatene er einvegskøyrd og det er få

gater som leidar ut av bydelen. Det rolege trafikkbiletet illustrerast kanskje best ved å sjå på måten fotgjengarar tar i bruk heile gata frå fortau til bilveg. Lillian meiner at Møllenberg med små endringar kunne hatt den same statusen som nabobydelen Bakklandet, som blir trekt fram som ei turistperle i Trondheim.

Det er ganske mykje med den bydelen som er spesielt på same måte som med Bakklandet og er jo litt sånn same sjangeren. Og eg trur det kunne gjort seg for eksempel med brustein i gatene, at det hadde gitt ein litt anna stemning i heile bydelen. (Lillian)

Andre bebuarar framhevar tiltak som veiteprosjektet i Midtbyen av Trondheim og etterspør liknande tiltak på Møllenberg. Brage hugsar tilbake til då han besøkte besteforeldra på Møllenberg som barn og seier det var som å reise i tid tilbake til alle dei gamaldagse bygningane som stod i stor kontrast til Byåsen der han veks opp. Utan å kunne setje heilt fullstendig ord på kva som gjer det, seier Mads at «det er noko med Møllenberg». Sjølv om dei deler mange likskapstrekk blir Møllenberg sett på som annleis enn nabobydelane Bakklandet, Rosenborg, Nedre Elvehavn eller Singsaker.

## 6.2 Møllenberg er for studentar

Møllenberg er ein bydel der det framleis er ein stor miks av menneske. Fleire av dei gamle bygardane i bydelen er enno busett av familiar som har eigd garden over fleire generasjonar. Demografien viser at desse likevel er i ferd med å forsvinne, og at det no er mange unge vaksne som bur på Møllenberg (Statistisk sentralbyrå, 2019c). Nokon bur aleine, nokon med sambuar, og nokon har barn, men veldig mange bur i kollektiv og er studentar. I følge Adresseavisa er halvparten av bustadane på Møllenberg utleigebustadar (Holstad & Rasmussen, 2018b). Sjølv om det er vanskeleg å finne eksakte tal på det, er det mogleg å fastslå at ein stor del av bebuarane på Møllenberg er studentar (Trondheim kommune & Asplan Viak, 2014). Biletet av Møllenberg som ein studentbydel er ganske etablert i Trondheim. Dette merkast av dei fastbuande som møter fordommar om korleis det er å bu i bydelen:

Det seier jo alle og at «ja, du bur på Møllenberg ja. Da er det vel mykje bråk, er det ikkje? Mykje studentar». Og det er det som kjenneteiknar Møllenberg no da. Når du nemner det så tenker folk på studentar og fest og bråk. Så no er det liksom party-bydelen i negativt forteikn. (Astrid)

Ottar bur ikkje i bydelen sjølv lengre men har eit ganske klart bilete på kor mange studentar han meiner bur på Møllenberg: «Det bur jo 50% minimum studentar viss det ikkje er meir, eg

trur det er mykje meir eigentleg. Eg veit berre at halvparten av bygningsmassen er studentar. Det bur jo 22 studentar pluss – gjerne 22-28, 32 studentar i kvar gard». Dette er kanskje ikkje eit nøyaktig bilete på kor belasta bydelen er, men det seier noko om kva for inntrykk som finnast om Møllenberg. Astrid har heller ikkje eit tal på kor mange studentar som er i bydelen, men har fått inntrykk av at det er veldig mange:

Ut ifrå det eg har sett og høyrd at Møllenberg er ein meir belasta, altså at det er litt fleire studentar her enn veldig mange andre bydelar. Og at det er fleire hus, det som er reine studentbustadar, enn det er andre plassar. Men det kan eg ikkje seie, det baserer seg kun på det eg har observert og høyrd.

Blant studentar som bur på Møllenberg er også denne definisjonen av bydelen tydeleg:

Student 1: Alle veit at dette er ein studentbydel.

Student 2: Ja. Det er vel oppfatninga det.

\*

Student 3: til og med mamma, dei som kjenner til Trondheim, veit at Møllenberg er eksklusivt sted for studentar.

Desse studentane tok eit bevisst val i å flytte til Møllenberg då dei først kom til Trondheim. Gruppa med studentar består av to kollektiv som bur i bygardar rett ved sidan av kvarandre. Det første kollektivet flytta rett til Møllenberg etter på førehand å forhøyre seg om kva som ville vere ein god stad for studentar å bu i byen: «Det var det eg fekk høyre av min søster og som hadde budd her før. Ho sa at ja Møllenberg, masse studentar, kjempebra å bu der uansett da blir du fornøgd, viss eg flyttar dit». Dei andre studentane hadde budd eitt år i byen før dei flytta til Møllenberg. Dei visste allereie at Møllenberg var ein ideell stad for studentar etter å ha vore på besøk hos det opphavlege kollektivet, og flytta inn i nabobygget med ein gong det opna seg opp ei ledig leilegheit der. I tillegg til å trekke fram fordelene med som å vere nær sentrum, forskjellige NTNU-campus, og kollektivtransport, verdset studentane og at Møllenberg er ein bydel der det bur mange andre studentar. Når dei er heime i opphavskommunen kjenner dei at dei saknar det miljøet som dei er blitt vant med på Møllenberg.

### 6.2.1 Det er liv på Møllenberg

For dei som bur på Møllenberg blir biletet av studentbydelen bekrefta av situasjonar dei opplever kvar veke. Dei trekker fram både positive og negative sider ved studentane i



bydelen, og framhevar livet som studentar gir til ein bydel som elles er ganske stille. Det poengterast i fleire samanhengar at det er ikkje studentar i seg sjølv som er problemet med bydelen, men at det er den store mengda og ein opphoping av problem som gjer at situasjonen på Møllenberg kjennast uhandterleg.

Når sommarmånadane nærmar seg og folk byrjar å trekke ut i gatene viser Møllenberg at det er ein bydel med ei ung befolkning. Studentane tar i bruk Thornæssparken for å sole seg og lese til eksamen, tar med seg grill, dreg gjerne med ein sofa og sit utanfor bygardane sine og nyter livet. Med den aukande temperaturen er det fleire som opnar vindauga sine, og det kan høyre musikk ute i gatene på dag- og kveldstid:

Eg synest eigentleg er veldig koseleg når våren kjem og dei som opnar vindauga og spelar litt musikk og sånn og det byrjar å kry ute på gatene, nokon sit ute på gata og kosar seg og griller. Det er jo kjempekoseleg! (Else)

\*

Dottera mi òg budde her og fekk ungar og flytta på Lade. Også satt vi her ein ettermiddag og ho hadde med ungane, også kjem det musikk, folka opnar vindauga og har på musikk. «Å, nei no saknar eg Møllenberg, det her er så typisk med Møllenberg. Det er litt musikk og folk som pratar og sånn». Så det er jo ein eigen sjarm med det altså. (Else)

Det er vanskeleg å sjå for seg eit Møllenberg heilt utan studentar. Bebuarane brukar mange positive ord om studentane, dei er «sjarmerande», «kreative», og «søte», poengterer at dei er med på å halde liv i butikkane, og at dei generelt gir eit «positivt bidrag til strøket».

Studentane og den unge befolkninga tilfører ein karakter ved bydelen som ville saknast om dei ikkje skulle bu der lengre. Dette får bebuarane smake på under fellesferiane då det er mange studentar som vel å reise heim til familie og venar i heimstadane sine. Dette blir trekt fram som eitt av dei identifiserande problema ved hyblifisering og at ei stor del av befolkninga i bydelen er studentar:

Det fører jo til ein del av dei problema som på ein måte Møllenberg har. Det er mykje som står tomt om sommaren der det faktisk kunne ha budd folk heile tida. (Ylva)

\*

Også litt sånn som man kommer oppå Møllenberg i romjula, vi reiste bort i jula, men når vi kom opp da så er det jo så mørkt over alt, det er ingen menneske der. I enkelte områder er det litt sånn familiar som bur og det er lys og slikt, men det og gjer jo at det blir litt sånn spøkelsesby, det er ikkje kjempekoseleg. (Lillian)

Ylva og Lillian beskriver ein trist versjon av Møllenberg i sommarmånadane og høgtidene med tomme hus, mørke vindauger og ikkje ei sjel å sjå i gatene. Dei ønsker at det bur fleire familiar og arbeidande folk som har ei større tilknytning til staden og derfor kanskje er til stades over lengre tid. Dette blir påpeika av Else og Elias og som meiner at dei stille gatene under feriane er eit typisk kjenneteikn på Møllenberg som ein studentbydel.

### 6.2.2 Støy og misnøye med studentar

Sjølv om mange er glad i at det er litt liv på Møllenberg blir det ofte for mykje av det gode. Synet på Møllenberg som student- og festplass blir bekrefta av støy fleire kveldar i veka. Også dei som ikkje bur nært eit studentkollektiv merker festinga ved gater som Bakkegata, Rosenborg gate, og Wessels gate blir brukt som ein gjennomfartsåre for festglade menneske på veg til og frå fest. Festane er heller ikkje berre reservert til helgene, men også fleire av vekedagane er gjort om til vanlege festdagar for studentar. Under visse periodar av året som etter eksamensperioden eller under fadderuka eller studentfestivalane UKA og ISFiT fungerer både måndag og søndag like gode festdagar som fredag og laurdag. Astrid fortel om kva ho gjer for å takle festinga når den er på sitt heftigaste:

Eg orka berre ikkje tanken på å vere her. For da må man liksom gå rundt... Altså det eg gjer da det er jo at eg går rundt med musikk på øyra. [...] Og da kan eg liksom berre gå rundt i heile leilegheita med musikk frå spelet på øyret og «huttudutu». For da høyrer eg ingenting, og det er kjempedeilig. Så det har vore sånne heile dagar da der eg sit heile dagen med øyrepluggar fordi det er full fest rundt heile nabolaget.

Astrid seier og at ho brukar å planleggje ferien slik at ho ikkje treng å vere heime kvart år under faddervekene. Det er forventa at det kjem til å vere høglydte festar i faddervekene og utover semesteret som til dels er akseptert – men kanskje ikkje godtatt – av dei fastbuande. Studentane er i ein fase i livet der mange meiner at ein skal få sleppe seg laus, og dette er noko ein må tole om ein skal bu i ein sentrumsnær bydel som Møllenberg:

Når du lever studentlivet, da er du i ein heilt eigen fase, og da skal du ha lov til å gjere de tinga. Men når det blir for mye av kva som helst, så er det nødvendigvis ikkje positivt. (Ottar)

\*

Når det skjer så ofte som det gjer i over halvparten av alle gardane, så blir det veldig mykje for resten å absorbere. [...] Alle kan tolerere litt av det for du bor i ein by, men når det blir den eine fasongen, den eine sosiale omgangsforma i bydelen så blir det vanskeleg. (Ottar)

Sjølvs om ein skal tole litt bråk på Møllenberg er det mange meiner at graden av kva som skal akseptast er tøygd for langt. Med ein opphopping av mange studentar og studentfestar konsentrert på ein liten plass synest dei fastbuande at det er for mykje for eit nabolag å absorbere. Mads eksemplifiserer problemet med bråk på Møllenberg ved å beskrive kva som ville skjedd om han skulle halde fest i si leilegheit i toppetasjen av ein gard oppe i bakkane på Møllenberg:

Viss eg skal ha nachspiel her da og skulle tatt i litt og tatt opp vindauga og det var sommar og livet er godt så hadde eg forstyrra 8 gardar kanskje. Og i kvar gard bur det ca. 30 menneske. Eit par hundre menneske, det er jo ein ørliten landsby, forstyrrar man faktisk her.

Olivia bur i ein litt rolegare del av bydelen og er derfor skjerma for det meste av bråk. Ho blir likevel forbanna når naboen med takterrasse skal halde fest, sjølv om det kanskje berre skjer ein gong i halvåret. Møllenberg er ein bydel med veldig tett befolkning og det skal lite til for at veldig mange personar blir påverka av ein fest. Når det er fleire festar samtidig i fleire av gardane i nabolaget er det lett å kjenne på kjensla av at det ikkje er nokon vits i å slå tilbake. Astrid sukker oppgitt og seier at «det hjelper jo ikkje – for du har sånn tre andre festar som skjer rundt, så skal man gå innom alle dei?» Denne kjensla av at det blir uhandterleg kan komme av at det verker som det eksisterer ein kultur for å bråke på Møllenberg som ikkje har møtt mykje motstand. Fleire av informantane har eit inntrykk av at det er «lov» å bråke meir på Møllenberg enn det er i andre bydelar i Trondheim. Dette blir trekt fram av studentane og som synest at dette er ein av dei gode tinga med å bu på Møllenberg:

Også er det greitt sånn som hos oss for dei over oss er også studentar. Så ikkje sant, når det kommer til – det er vanleg å dra ut på torsdagar for studentar. Og det har vi gjort eit par gongar, og det har også dei gjort eit par gongar, så det er ein sånn halvvegs regel om at det er litt greitt da sidan vi bråker litt for kvarandre. Og det er ein fordel med å vere student på Møllenberg.

Studentane frå desse to kollektiva seier dei ikkje er blant dei mest bråkete i nabolaget, men dei innrømmer likevel at dei kan ta seg ein fest opp til fleire gongar i veka. Sidan dei veit at alle rundt dei er studentar, føler dei ikkje at dei treng å ta så mykje omsyn på kveldane enn det dei ville gjort andre stadar i byen. Dette meiner dei at dei kan seie med sikkerheit sidan dei aldri har fått nokon klagar på festinga si. Ein student, som ikkje bur på Møllenberg sjølv, seier at dette er i kontrast til staden der han bur, det er strenge reglar om stilletid, og bebuarane må varsku på førehand viss dei skal halde ein fest. Sjølv om dei ikkje har støtt på nokon problem

med å feste når dei vil er det likevel snakk om ein «gjensidig respekt» ovanfor studentnaboane på vyrkedagane og under eksamenstida:

Student 1: Men eg føler og at når alle er studentar, når alle er i same båt så er det gjensidig respekt, og gjensidig at det, ja, du skjønner når dei gjer det, og dei skjønner at du gjer det.

Student 2: Uskrivne reglar.

Student 1: Ja, uskrivne reglar som liksom, du skjønner at du held kjeft etter klokka 4. Eller, viss det var på ein tysdag eller torsdag og sånt, da har du ikkje fest på ein måte. Da er det ut på byen klokka 11.

Student 3: Og det er ein ting med Møllenberg, man aksepterer jo berre at sånn er det. At det er mykje festing og mykje bråk og sånn. Og det gjer meg eigentleg ingenting.

Som studentar kjenner dei òg frustrasjonen av å bu i eit festglad nabolag når dei sjølv ikkje får sove netter der dei må tidleg opp til ein eksamen og nabokollektivet skal halde sin eksamensfest. Dei seier det er uskrivne reglar som seier når det er greitt å feste og ikkje, slik som å sørge for å dra ut på byen i 11-tida på vekedagar og nær eksamenstid slik at det ikkje er bråk heile kvelden. Dei føler at dei kan slå seg meir laus på Møllenberg enn andre stadar sidan det er veldig få sanksjonar frå naboar eller utleigar. Samtidig føler studentane at dei ikkje kan klandrast for festkulturen på Møllenberg sidan det allereie var slik då dei flytta dit:

Vi flytta jo hit til den kulturen. Så vi har berre akseptert den. Eg veit ikkje korleis det blir viss du liksom har budd der heile tida, om å forandre deg til kulturen. For vi seier berre Møllenberg som: her er det studentar, folk fester og går midt i gata som om det er heilt normalt.

Astrid er ikkje lengre student, men seier at ho har budd fleire stadar i byen då ho studerte og meiner at slik det er på Møllenberg i dag er mykje verre enn det ho har opplevd i andre bydelar. Det finnast både ein slags aksept av at ein må tole litt om ein skal bu på Møllenberg, og ein oppfatning av at man får lov til å lage meir støy på der enn andre stadar. Dei som bur i bydelen må berre finne seg i denne støyen. Dette blir framheva av gardeigaren Granerud som meiner at livet på Møllenberg er ein av dei positive sidene med bydelen:

Viss du bur på Møllenberg så må du vere forberedt på at det er 17. mai-tog der bortover nokre laurdagar før skuleslutt om sommaren. Og det er også bilde på at vi bur i eit land der det er nydeleg å komme ut når det er godvêr og studentane er ferdig òg, det er ein del av livet. Det er jo ein frigjerande lyd òg. Det er så trist når studentane drar. Det blir jo veldig stille.

Forteljinga om Møllenberg som ein festbydel blir oppretthaldt både av fastbuande og folk som bur der midlertidig, av gardeigarar, studentar, og folk utanfor bydelen. Det er ein stad der det er akseptert at ein kan bråke fleire kveldar i veka, enten ein likar det og tar del i det sjølv som studentane, eller mislikar det som mange fastbuande gjer. Det er ein etablert «sanning» at det er slik Møllenberg er og noko man må forvente. I samanheng med aktivitetar som oppstår rundt studentar seier Lillian at, om man bur på Møllenberg så «må man jo tole litt bråk når man bur, viss man ville ha det heilt stille så kunne man jo flytta langt ut». Det same synet blir gjentatt av studentane: «Viss du bur her så må du på ein måte berre, du kan like det eller så kan du hate det. Viss du hater det så kan du flytte eit anna sted. Det ville i vert fall eg gjort». Møllenberg blir sett på som ein stad for folk som vil ta del i, eller som kan akseptere eit nabolag med støy. Alternativet er å ikkje flytte til Møllenberg i det heile tatt, og å flytte ut om ein allereie bur der. Fleire fastbuande føler dei på denne måten blir pressa ut av bydelen sin sjølv om dei har budd der i mange år. Astrid er av mange grunnar glad i Møllenberg og har lyst til å fortsetje å bu der, men seier at når «den bråkete delen av studentmassen som tar over, det er da man kjenner på at man vil flytte» Dette gjer at det blir vanskelegare for bydelen å halde på ei stabil befolkningsgruppe som barnefamiliar som kan byggje opp eit sosialt miljø i bydelen over lengre tid.

### 6.3 Møllenberg er ikkje for barn

Biletet på Møllenberg som ein «party-bydel» med studentfestar heile veka er ein av grunnane til at mange synest at Møllenberg ikkje passar for familiar. For Brage er det blitt vanskeleg å rettferdiggjere å fortsette å bu på Møllenberg når han ser sonen på 8 år slite med å søve på grunn av festar i hybelhuset rett over gata. Dette gjer at Brage har byrja å tenke på moglegheita av å flytte frå huset som familien har eigd i fleire generasjonar:

Så eg vart så dårleg humør at, ok, kanskje slaget er tapt. Eg og faderen begynte å vurdere litte grann. Så sa eg, eg flytter ikkje altså. Det blir prinsipielt altså, men eg skjønner kanskje at eg må flytte viss det blir eit helvete. Men det kan ikkje vere mogleg sa eg. Da er det eigentleg anarki. Du kan gjere det du vil!

Brage seier han vil fortsette å bu der på trass, men desse historiene lyder kjend for fleire barnefamiliar på Møllenberg. Dette var fokus i ein av artiklane i serien om Møllenberg Adresseavisa publiserte i januar 2018 (Holstad & Rasmussen, 2018a, b, c) der fleire bebuarar snakkar om at dei er lei av å ha studenthyblar som naboar. Med rykte på seg som ein student- og festplass er det få barnefamiliar som får lyst til å satse på Møllenberg:

Også har du det ryktet Møllenberg har etter kvart da. Spør kven som helst eigentleg om dei kunne tenkt seg å busette seg på Møllenberg og stifte familie, det er ikkje mange som vil det. Fordi at Møllenberg har rykte som fest- bråkebydel. Så det her heng jo saman. (Ståle)

I tillegg til ryktet som fest-bydel vektleggast det korleis Møllenberg og leilegheitene i bydelen er tilpassa familielivet. Dette blir lagt stor vekt på av gardeigarane i denne studia som meiner dei har eit godt utgangspunkt for å vite kva som er viktig for forskjellige grupper på utleigemarknaden etter å ha drive utleige på Møllenberg i fleire tiår. I tillegg kjenner dei sine eigne eigedomar og veit kva for fasilitetar dei kan tilby til leigetakarane sine:

Dei har ikkje fasilitetane med garasje og eigen parkering sant. Når du får ungar og familie så har du bil. Og da, dei fleste vil ikkje stå på soneparkering. Mykje av utfordringa ligg der da, for da har du lyst til å ha garasje, eller i vert fall ein eigen parkeringsplass, og kunne parkere rett utanfor huset eller leilegheita di. Og Møllenberg det er soneparkering og sånne ting, så eg trur nok det går seg ein del der da. Du får ikkje til å få dei fasilitetane som folk som er begynt å etablere seg er ute etter. (Gulliksen)

\*

Nei, kven buset seg midt nede i byen med fire ungar da viss man skal på handball og fotball og ski og... det blir køyring. (Granerud)

Gulliksen og Granerud legg stor vekt på behovet for bil og køyring som kan vere vanskeleg på Møllenberg der det er få parkeringsplassar og soneparkering i dei fleste gatene. For desse gardeigarane betyr familie mykje køyring, sjølv om Møllenberg er ein sentral bydel med gåavstand til både barneskule, ungdomsskule og idrettsplass, samt gode moglegheiter for offentleg transport til resten av byen. Mads adresserer mangelen av parkering og nemner at det ein gong var planar om å byggje parkeringshus under Bispehaugen skule som aldri vart utført, noko han meiner hadde gjort bydelen meir attraktiv for familiar som vil etablere seg.

Både forteljingane om Møllenberg som festplass og mangel av fasilitetar for barnefamiliar er kjend blant dei fastbuande på Møllenberg. Fleire seier dei kjenner nokon som tidlegare har flytta frå bydelen av liknande grunnar, og nokon av dei snakkar også sjølv om at dei vil flytte innan dei får barn i framtida. Studentane fortel at det tidlegare budde ein småbarnsfamilie i toppetasjen av bygarden sin, men dei er usikre på grunnen til at dei bestemde seg for å flytte. Ein student meinte dei ville flytte til eit meir landleg strøk for å få meir plass til barna. Sjølv om studentane bur nær Bispehaugen skule og derfor ser mange skulebarn som går forbi huset

meiner dei at dette ikkje er ein stad for barn, og eksemplifiserer dette blant anna med at det er mange bratte bakkar i bydelen:

Student 1: Og det er ikkje nokon stader der barna kan leike liksom. Det er jo tronge byggar – eller dette er ikkje ein bygard ein gong, det er berre ein smal, kva kan man kalle det...

Student 2: Sketchy å ha ein kid som ikkje kan sykle noko bra for eksempel. Sånn begynner å køyre nede i bakkane der! Dei dør jo dritfort.

Studentane meiner i staden at sørsida av Stadsingeniør Dahls gate, som i dag kallast Rosenberg, er betre eigna for barnefamiljar. Denne delen av byen karakteriserast av ein noko flatare topografi, og fleire større hus og leilegheiter enn det som blir sett på som den tradisjonelle bygningsmassen på Møllenberg. Dette er eit mønster som fleire av dei fastbuande på Møllenberg har observert. Fleire seier dei har kjenningar som har busett seg lengre oppe i høgda i Rosenberg-området og Tyholt.

Møllenberg pregast av mange små leilegheiter med eitt soverom som er ideelle for einslege eller par utan barn. Granerud seier at større leilegheiter med 4-5 soverom blir kalla «familieleilegheiter», og legger til at «det er jo ingen familiar med fire barn som vil bo der. Så da blir det å leige ut til studentar». Desse leilegheitene blir i staden leigd ut til studentar eller andre unge som vil bu i kollektiv. Gulliksen fortel om sine leilegheiter og seier at det for det meste er yngre einslege eller par som vil leige på Møllenberg: «Eg har ingen store familiar som bur der nei. Det er veldig låg gjennomsnittsalder på mine leilegheiter, og det er single personar stort sett. Altså utanom leilegheiter med eitt soverom, der er det mange par». Frå gardeigarane sitt perspektiv er små leilegheiter for ein eller to personar. Dei store leilegheitene blir leigd ut til grupper av studentar eller andre unge folk som vil bu i kollektiv.

### 6.3.1 Møllenberg er for barn

Oppfatninga av at Møllenberg ikkje eignar seg for familiar delast av fleire av dei unge fastbuande på Møllenberg. Olivia og Ståle har sett fleire venepar flytte frå bydelen etter kvart som dei har fått barn, og Astrid seier at ho vil flytte frå bydelen innan ho får barn sjølv. Frå dei som sjølv har barn eller ha oppdratt barn tidlegare på Møllenberg viser bydelen seg frå ein annan side. Lillian har born i barnehage- og barnskulealder og reflekterer over forskjellane mellom hennar eigen oppvekst på landet og sine born som no veks opp på Møllenberg. Frå oppveksten på landet er Lillian vant med store avstandar mellom hus og andre menneske og blei overraska då ho oppdaga at bestevenninna til dottera på to budde nær nok til at ho kunne

orke å gå dit på egne bein. For Lillian gjer desse korte avstandane på Møllenberg at bydelen er ideelt for familielivet. Både barnehagen og barneskulen ligg innanfor eit par kvartal som gjer at det er enkelt å avlevere begge borna før arbeidstid. Forutan Nonnegata, som er den største trafikkerte gata, kjennast også trafikkbiletet på Møllenberg trygt nok til at eldstemann kan gå til skulen åleine. Dei korte avstandane både til skule og barnehage og til kollektivtrafikken er ideelt for Lillian og sambuaren som i arbeidet sitt ofte er avhengig av flybussen og det gode kollektiv-tilbodet frå Innherredsvegen. Det bynære livet viser seg å vere godt eigna for denne familien som ikkje har nærbuande familie som kan hjelpe til å få dagen til å gå rundt:

Vi har ikkje familie i byen og sånn, og det gjer at det å bu to minutt, eit kvartal unna barnehagen — alt det her korte greiene det gjer at man kan ha på ein måte travle jobbar utan at det er så slitsamt da. (Lillian)

Lillian teiknar eit anna bilete av Møllenberg enn det gardeigarane erfarer med sine leigekarar. Familien er ikkje avhengig av å bruke bil for å levere barn før jobb fordi dei bur på Møllenberg der avstandane er korte. Gjennom skulen og barnehagen har Lillian byrja å få eit anna syn på Møllenberg enn det ryktet seier sidan ho er blitt kjend med fleire andre barnefamiliar som bur i strøket. Familiar gjer seg ikkje like synleg i bydelen som studentane gjer, men for dei som har barn i skule- og barnehagealder blir bydelen framstilt i eit litt anna lys.

### 6.3.2 Det blir fleire barn på Møllenberg

Bispehaugen skole står som eit signalbygg på toppen av Møllenberg som kan sjåast frå heile byen. Skulen har kapasitet til omlag 450 elevar og i skuleåret 2018-2019 rapporterast det at det er 292 elevar registrert på skulen (Skoleporten, 2019). Sjølv om skulen har kapasitet til mange fleire er det ein stor oppgang frå tidlegare år. For omlag ti år sidan sto skulen i fare for å leggjast ned og talet på elevar har auka stort sidan den gong (Skoleporten, 2019). Dette har og Brage merka som seier at kullet til sonen var det største på fleire år då han starta på skulen. Som dei andre som har eller har oppdratt barn på Møllenberg tidlegare har Brage eit anna syn på potensialet til bydelen enn gardeigarane. Mange synest det er synd at barnefamiliar kjenner seg pressa ut av hyblifiseringa. Mads har oppdradd to døtrer på Møllenberg og snakkar om korleis familiar dannar eit godt utgangspunkt for sosiale aktivitetar fordi dei vil vere ut med barna sine. Han meiner barnefamiliene er viktig for ein bydel fordi dei tar i bruk nærområdet på ein annan måte enn andre grupper som reiser ut av bydelen for å gjere ting:



Men det du ser i dag er jo at barnefamilier som bur i byen og, det er veldig forskjellig fra før da. Dei springer nødvendigvis ikkje opp i marka men dei går i dei parkane som er. Den Ladeparken for eksempel, den trudde eg ikkje skulle fungere, men den fungerer som berre juling. Det er masse folk.

Gardeigarane snakkar om bydelen som om barnefamilier ikkje vil bu der, og peikar på mangelen av fasilitetar og små leilegheiter. Sjølv om dei har større leilegheiter seier dei at familier ikkje vil bu på Møllenberg og at dei derfor må leige ut til studentar. Dette kan blant anna forklarast av dei høge leigeprisane på Møllenberg. Det er truleg få familier som har midla til, eller er villig til å betale 20.000-30.000 i månaden, slik som det er mogleg å få ut av å leige ut ei sliten leilegheit til 4-5 vaksne studentar. Gardeigarane er i ein posisjon der dei direkte kan påverke kven som bur på Møllenberg ved å vere selektiv om kven dei leiger ut til. Gulliksen seier han brukar å råde familier frå å leige på Møllenberg fordi det kan vere mykje støy i området:

Samtidig som når det er gardar med ein del studentleilegheiter så prøvar eg å halde meg unna barnefamilier rett og slett, for da sei eg at det er mykje studentar som bur der, og du veit det medfører ein del festlegheiter og sånne ting, så det er ikkje vits i å mikse alt for mykje.

\*

Så viss det er familiefolk så seier eg at det bur mange unge folk her og at det kan vere ein del festlegheiter. Det må eg berre varsle om, for elles vil eg få problem i ettertid med ein gong ikkje sant. Unge folk dei toler litt meir og er forberedt på det og tar seg ein fest sjølv ikkje sant. Så det er nok sånn det fungerer litt da.

Både Lillian, Brage og Ståle bur med barn og familie på Møllenberg i dag og synest bydelen eignar seg godt fordi dei ikkje er avhengige av alle dei fasilitetane som gardeigarane meiner dei manglar. Problema dei har med Møllenberg ligg i den stadig meir skeive fordelinga mellom studentar og fastbuande som blir oppretthaldt av måten gardeigarane leiger ut på. Granerud seier at familier ikkje vil ha dei store leilegheitene og derfor må det leigast ut til studentar i kollektiv. Gulliksen sine åtvaringar om Møllenberg som ein bråkete bydel kan virke som ein god gest ovanfor familier som er interessert i å busette seg, men samtidig fungerer det som ein måte å sikre at området fortset å utvikle seg i same retning.

#### 6.4 Midlertidige Møllenberg

Fleire av informantane skildrar Møllenberg som ein ung bydel. Sjølv om veldig mykje merksemd er retta mot ein overtaking av studentar i bydelen kan dette seiast å gjelde fleire

grupper i bydelen også. For unge i etableringsfasen blir Møllenberg sett på som ein måte å kome seg inn på bustadmarknaden. Sjølv om bustadprisane er høge på Møllenberg eignar dei små leilegheitene seg godt som første kjøp for unge einslege og par som ønsker å få ein fot innanfor ein krevjande marknad. Olivia er ein av desse og seier ho fekk si leilegheit i Nedre Møllenberg gate ganske billig i forhold til kva ho tenkte ho kunne utrette der:

Det var ikkje draumen å bu her på Møllenberg, men når eg kom hit på visning så synst eg eigentleg at det var litt potensiale i leilegheita da. Og området eigentleg. Så det var litt derfor. Så det er ikkje kjempenydeleg område, det er det ikkje *\*ler\**. Når man skal kjøpe si første leilegheit så har man ikkje all verden med pengar heller, så man kan liksom ikkje velje og vrake der liksom. (Olivia)

Olivia seier at ho såg eit «potensiale» i leilegheita og området. Med dette referer ho både til eit potensiale i at det er ein god stad å bu, og eit potensiale til å selje med fortjeneste om nokre år og «bu seg oppover» til ein betre stad i framtida. Saman med sambuaren har ho pussa opp delar av leilegheita, og snakkar om at den kjem til å vere verd meir i framtida når ho eventuelt skal selje den. På denne måten fungerer leilegheita på Møllenberg som ei investering for framtida sidan Olivia veit ho har tenkt å flytte vidare innan nokre år. Dette er eit kjend mønster for fleire som vil busette seg på Møllenberg:

Det blir ein litt sann buffersone for mye av resten av byen. Det er uheldig for Møllenberg. Vi har brukt omgrepet «saneringsområde» — saneringspost har vi sagt. At det er som ein buffer da ikkje sant. Pøse inn unge folk, også lar dei berre sann fordele seg litt rundt. Nånn flytter ut av byen, nånn flytter til andre stader i byen, og så pøser man inn nye unge folk på Møllenberg. (Ståle)

Ståle kallar Møllenberg for ein slags buffersone for unge folk som er i etableringsfasen. Staden fungerer som eit «venterom» for unge kjøparar fram til dei har behov for og råd til den staden dei *eigentleg* vil bu, som kan vere ei større leilegheit eller hus utanfor sentrum. På denne måten er òg dei fastbuande med på å bidra til ein midlertidigheit i bydelen. Gulliksen har og merka utviklinga mot meir midlertidigheit på Møllenberg som gjelder både dei som eig og leiger: «For 30 år sidan så budde folk der i mange tiår kan eg tenke meg. Men eg trur det er ein bydel no som er litt meir gjennomtrekkbar. Ikkje berre på utleige, men også på dei som eig». I tillegg til studentar og andre leigetakarar som bur der i kortare periodar er det og vanlig at unge førstegongskjøparar berre bur i leilegheitene sine så lenge dei må før dei kan flytte vidare, gjerne fram til dei byrjar å tenke på barn og derfor føler dei treng meir plass enn dei har råd til på Møllenberg. Bebuarane er bekymra for at folk som skal bu der midlertidig ikkje

vil føle den same tilhøyrsla og ta seg tid til å bli kjend med naboane og oppretthalde eit godt bumiljø:

Så trur eg nok det haldast litt nede fordi det er så stor gjennomtrekk der at det blir litt uansvarleg da, sånn i nabolaget og sånn. Da eg var student så tenkte eg iallfall, eg følte liksom ikkje veldig ansvar for dei stadene eg budde. Du føler kanskje ikkje så mykje tilhøyr der du bur for du er kanskje litt framand med å bu heime og alt det der. Og det gjer at det blir kanskje ikkje så koseleg nabolag da, for det er mykje gjennomtrekk, også er det, når ingen tar noko ansvar. (Lillian)

Andre bebuarar støttar dette synet på midlertidigheit. Ståle er skuffa over at så mange barnefamiliar flyttar vekk innan barna når skulealder, fordi dei hadde potensiale til å bidra til miljøet på Møllenberg. Han meiner at familiar i sin natur vil tilføre mykje til bydelen fordi dei har ei større interesse av å ta vare på nærområdet som barna skal leike i. Mange bebuarar saknar ein meir stabil befolkningsmasse som er interessert i å ivareta bydelen fordi dei skal bu der over lengre tid sjølv. Ylva beskriver inn- og utflyttarar på Møllenberg som om dei er på gjennomreise: «Omtrent som lauv om hausten på ein måte som berre blåser gjennom og ikkje blir verande eit heilt år ein gong omtrent [...] det kjennast ut som dei som bur der berre er på gjennomreise». Ylva brukar metaforen «haustlauv i vinden» for å beskrive korleis folk ikkje blir verande på ein plass over lengre tid og reiser vidare så snart dei har moglegheit til det. Dei tar seg ikkje tid til å slå seg ned og etablere kjennskap til naboane sine.

Studentane ser òg korleis midlertidigheit kan vere eit problem for bydelen: «Det blir jo liksom berre folk som flytter inn og flytter ut heile tida. Sånn gjennomstrøym på ein måte. Da tar man jo kanskje ikkje like godt vare på hagen og huset, man skal jo snart flytte ut». Studentane som bur på Møllenberg reiser vidare fordi dei er ferdig å studere eller fordi dei har funne eit nytt kollektiv å bu i. Også for studentar kan det finnast ein slags «karriere» i å bu seg oppover gjennom fleire kollektiv i løpet av studietida (Fjærli, 2008). Førstegongskjøparane behandlar bydelen som ein inngang til bustadmarknaden og flyttar vidare så snart dei har moglegheit til det. Midlertidigheita på Møllenberg blir sett på som eit hinder både for å oppretthalde eit godt samhald og bumiljø blant dei som bur der, og ei utfordring for vedlikehald av bydelen.

Granerud gjer det klart at han ikkje aksepterer midlertidigheit i sine leilegheiter ved at han ikkje tillèt framleige. Samtidig seier han at måten studentar leiger òg har endra seg den siste tida, ettersom det er blitt meir vanleg for studentar å ta eit semester eller to i utlandet. Slike endringar må gardeigarane akseptere og tilpasse seg.

#### 6.4.1 Usosiale Møllenberg

Rundt sommarmånadane er det mange som flyttar inn og ut på Møllenberg. Med den hyppige utskiftinga er det blitt vanskelegare for dei fastbuande i bydelen å oppretthalde relasjonar til naboane før dei har flytta vidare. Else og Elias mimrar tilbake til korleis det var å bu på Møllenberg i gamle dagar då alle naboane kjende kvarandre: Då Elias vaks opp i bydelen på 70-talet hadde nabolaget hadde si eiga gruppe med «sladrekjerringar» som hadde full oversikt over kva som skjedde i alle bygardane. Alle ungane i gata gjekk på skule saman, og alle foreldre kjende kvarandre. I dag veit dei knapt kven naboane er: «For det er jo, eg veit jo ikkje, når vi kikkar ut vindauget, om det er dei same som var der i fjor. (Elias)». Dei seier at det knapt rekker å helse på naboen før dei er flytta igjen. Det er berre eit fåtal av deira gamle kjende som framleis bur igjen på Møllenberg.

Mads har òg budd på Møllenberg i mange år og meiner det er ein forskjell i korleis ein vart kjend med naboen før og no. Sjølv om Mads kjenner til og snakkar med alle naboane seier han at det ikkje er den same typen samhald som eksisterte før. Han seier at han prøvar å bli kjend med nye naboar, men at folk i dag ikkje har interesse av å stifte kjennskap lengre. Lillian meiner dette er ein forskjell mellom by og land og snakkar om korleis Møllenberg er forskjellig frå det ho hugsar frå å vekse opp i bygda:

Det gjer eigentleg liksom at det å bu sånn, for det er av og til litt sånn upersonleg i byane fordi man er mange og man kjenner jo ikkje kvarandre. Det er jo liksom stadig vekk nokon som kommer til og nokon som flyttar. Men viss du bur i ei bitte lita grend så kjenner du alle som bur der fordi dei flyttar ikkje — dei dør viss det skjer no'! Men det gjer jo at ein blir litt kjend med folk da, og det gjer at man føler meir sånn tilhøyr.

Med utskifting og lite stabilitet i befolkningsmassen er det mange som er uroleg for ein manglande grad av sosial kontroll og felles solidaritet på Møllenberg. Folk som bur på ein stad i kortare periodar har kanskje ikkje den same motivasjonen til å ta vare på nærområdet som folk som skal bu der over lengre tid. Astrid brukar omgrepet «buevne» som noko som ho meiner fleire av studentane som bur på Møllenberg manglar:

At det blir for dominert av ei gruppe som har eit langt høgare alkohol-, litt sånn skremmande alkoholkonsum kombinert med, kall det, litt dårleg *buevne*. Veldig mange har jo ikkje budd for seg sjølv. Og dei skal ikkje bu der lenge, og dei har ikkje noko eigarskap til nabolaget eller noko særleg til huset dei bur i eigentleg.

Astrid nemner både mangelen av erfaring med å bu for seg sjølv, og at studentane ikkje skal bu der så lenge og derfor ikkje har den same grunnen til å ta vare på området som dei fastbuande. Granerud snakkar om denne mangelen av «buevne» som han meiner ikkje var eit like stort problem for ti år sidan. Som døme nemner han at studentane gjerne vil sitte ute i hagane og halde vorspiel og nachspiel, noko som er uaktuelt for hans leigetakarar. Mads trekker fram ein mangel av folkeskikk blant mange bebuarar: «Folkeskikk krev at du følger nokon spelereglar i eit strøk liksom. Det er det ein del som ikkje gjer da». Både Mads, Astrid, og Lillian seier dei er lei av å ha kjensla av at dei skal måtte «oppdra» nye generasjonar av studentar kvart år ettersom naboane deira vert bytta ut. Lillian føler at ho og sambuaren fungerer som «'morra' og faren til heile huset», og seier ho er irritert over å måtte føle ansvar ovanfor heile bygget. Astrid fortel om ein kjenning som sleit med dette problemet på Møllenberg før ho til slutt bestemte seg for å flytte til eit anna nabolag med ein mindre grad av utleige:

Til å begynne med så dreiv dei og skulle oppdra dei litt, seie til dei at du kan ikkje helde på sånn som det her, dykk må roe dykk litt. Dei blei så sliten da av å ha det oppdraget, for det kommer nye studentar heile tida, så om man har blitt venn med nokon og du har fått det til å fungere med dei, så skal dei ut og det kjem ein ny bønnsj inn.

Sjølv om desse bebuarane har vilje til å bli kjend med, eller «oppdra», unge studentar som flyttar inn går dei etter kvart lei av å måtte gjenta dette kvart år ettersom nabolaget bytast ut. Det blir ei kjensle av at det ikkje er vits i å oppretthalde eit godt forhold til naboar sidan dei knapt rekker å bli kjend før det kjem ein ny runde med studentar.

#### 6.4.2 Nærvær og sosial kontroll

Fleire bebuarar meiner at mange av desse problema kunne vore unngått om fleire av huseigarane budde i husa dei leiger ut i. Gjennom samtalan med fastbuande og observasjonar gjort under velforeiningsmøta kjem det fram at mange bebuarar har ein sterk oppfatning av at dei aller fleste gardeigarane på Møllenberg ikkje bur i bydelen sjølv. Mange meiner at denne avstanden til huset og utleigarane gjer at det er lite kontroll frå gardeigaren si side. Det er eit inntrykk av at brot på reglar eller utragerende åtferd ikkje sanksjonerast, og det er lite som hindrar ting som festing til langt på natt når det ikkje er ein gardeigar i bygget som seier stopp. Dette blir poengtert av Lillian som seier at «dei færraste vil sikkert eige eit sånn gigakollektiv og bu der med 9 andre liksom». Inntrykket av at nærværet av ein huseigar vil dempe støy og rot gjer at fleire etterspør strengare tiltak frå kommunen si side slik som å ha

krav om buplikt slik at alle som eig hus på Møllenberg er nøydd til å bu der sjølv. Det er stor forståing for at dette ikkje kan innførast med tilbakeverkande kraft, men mange meiner det kan stoppe utviklinga mot at bydelen blir kjøpt opp av store eksterne aktørar eller hobbyspekulantar.

Studentane seier dei knapt har hatt kontakt med sin eigen huseigar, og at dei fleste ikkje har møtt huseigaren sidan visning. All kontakt med huseigar skjer via ein person i kollektivet som har fått ansvaret for å betale husleiga kvar månad på vegne av kollektivet. Ottar trur at lite oppfølging frå huseigars side gjer at leigetakarane får inntrykk av at huseigar ikkje bryr seg, og at det på grunn av dette er naturleg at studentane heller ikkje tar ansvar for å ta vare på huset ei bur i. Gardeigaren Granerud ser òg saken frå denne sida: «For da vil jo dei bli misfornøgd og da vil jo dei ta mindre vare på ting og. Når dei ser at huseigaren ikkje bryr seg». Gardeigarane er naturlegvis ikkje einige i at det bør innførast buplikt på Møllenberg, men kjenner seg uansett trygg sidan dei meiner det ikkje kjem til å påverke deira drift i dag. Mads og Ottar foreslår ein litt annan løysing der gardeigarane utpeikar ein visevert som bur i huset og har ansvar for passe på at alle oppfører seg.

Granerud legg stor vekt på reglar og meiner at den fysiske nærleiken av ein huseigar ikkje er like viktig om det er sett gode reglar og rammeverk som følgjast opp. For Granerud er ikkje dette avhengig av enkeltpersonar, men å sørge for at det ligger gode rammer for kva som leigetakarane får lov til å gjere eller ikkje: «Eg trur den er like avhengig av rammer og regler. Og passer på kven som er inni husa trur eg er mykje viktigare da». Granerud seier han ikkje aksepterer festing i sine leilegheiter og at han ikkje vil leige ut til folk som er interessert i å vere med på fadderuka. I samtalen vår legg Granerud stor vekt på korleis han skriv kontraktar for sine kollektiv, der kvar enkelt person står ansvarleg for alt som skjer i leilegheita. Om ein ting blir øydelagd skal alle betale, og viss noko alvorleg har skjedd blir alle kasta ut. Granerud meiner dette sørger for ein sosial kontroll der alle i kollektivet er solidarisk ansvarleg ovanfor kvarandre. På grunn av desse kontraktane er det sjeldan problem hos leigetakarane, og hevdar at det opp gjennom åra har vore fleire klagar frå hans utleigarar mot nabogardane enn andre vegen.

Gulliksen har ikkje like strenge reglar, men seier han tar tak i alle naboklagar så snart han får dei. Sjølv seier han at nærvær er «alpha og omega», og at han er ofte ute og ser til leilegheitene sine. Frå hans perspektiv er det ikkje nokon fleire utfordringar med kortare leigetakarar enn dei som leiger lengre. Han trekker fram at han stort sett aldri har problem

med betaling og at leietakarane sine oppfører seg bra. Gulliksen har fleire forskjellige leietakarar, både studentar og arbeidande folk som leiger over lengre tid. Han seier det er større gjennomtrekk i leileighetene som er tilpassa bufellesskap medan mindre leileigheter oftare har langtidsleige.

#### 6.4.3 Møtestadar på Møllenberg

Ein del av det som er med på å forsterke biletet på Møllenberg som ein usosial bydel er mangelen av møtestadar, serveringsstadar, og andre knutepunkt i bydelen. Fleire av informantane trekker fram den store delen av tomme næringslokale på bakkenivå i gatene som kunne ha vore brukt til å trekke fleire folk til bydelen. Bebuarane etterspør fleire kaféar, spesialiserte butikkar, eller uteområde, som kan opne for meir interaksjon blant befolkninga. Gardeigarane ser òg korleis fleire næringssteder kan tilføre noko til bydelen, men meiner det er vanskeleg å finne nokon som er villige til å satse på bydelen. Dei meiner folk heller tar bilen og reiser ut av byen til kjøpesenter på Lade eller Tiller om dei skal handle noko.

For fleire av bebuarane er det akkurat dette med at dei ikkje trenger å vere avhengig av bil som er eit av dei positive tinga med å bu på Møllenberg. Det er også få studentar som har eigen bil under studietida, og er derfor avhengig av å kunne handle i nærområdet eller godt kollektivtilbod. Granerud stiller seg likevel undrande til kva for næring studentar skulle vere interessert i:

Granerud: Men viss du søker om å få kiosk, så vil jo alle i heile nabolaget klage, for da vil det jo bli forsøpling og sånne ting igjen. Så det vil jo vere negativt.

Tarjei: Og barar, det er kanskje enda verre?

Granerud: Ja, i vert fall for dei som får dei nær seg. Men det er klart at sånne ting er med på å skape eit miljø.

I følge gardeigarane er det vanskeleg å få inn næring både på grunn av manglande interesse frå næringsdrivande, og potensielle konflikhtar med dei fastbuande. Kiosk og matservering fører til forsøpling, og kveldsopne utestadar til bråk om nettene. Slike konflikhtar ser ein blant anna då baren Kudos i Mellomveien nær Møllenberg måtte leggest ned etter konflikt med burettslaget dei delte bygg med (Fagernes, 2018). Den einaste serveringsstaden i bydelen som har opent på kvelden er baren Vertshuset Gamle Møllenberg. Fleire av informantane nemner dette som ein mogleg møtestad i bydelen, men få av dei har besøkt staden sjølv. Vertshuset

blir ofte omtalt på ein nedlatande måte som eit veldig «brunt» sted med ein spesifikk type klientell av faste besøkande:

Vertshuset gamle Møllenberg har veldig sånt brunt og slitt preg. Altså folk med sånn røykelatter og sånn som sit utanfor der. Man føler seg ikkje heilt komfortabel med det klientellet alltid. (Astrid)

\*

Lillian: Eigentleg så tenker eg at det der vertshuset og kunne vert ein sånn møtestad, men førre gong eg var der så var det så brunt og liksom..

Tarjei: For du har til og med vore der?

Lillian: Ja. For veldig mange år sidan. Og da var det, synest eg det var veldig sånn ‘gamlis’, eller alkoholikarstad da. Det er ikkje sikkert det er det no.

Både Astrid og Lillian tar avstand frå Vertshuset og det dei meiner er det vanlege klientellet på staden. Dei har ei klar oppfatning av at det er ein alkoholisert stad med eit slitt klientell som dei ikkje kan identifisere seg med. Else og Elias har og eit syn på kva for folk som besøker Vertshuset sjølv om heller ikkje dei brukar å besøke staden. Dei meiner det kan vere eit godt møtepunkt for den eldre befolkninga som framleis bur igjen på Møllenberg.

Det er nok meir på vår alder, faste folk altså som går der. Også trur eg det er veldig greitt for at det er ein plass som er sånn at viss du bor her og er aleine og, så viss du går bort på der så treffer du folk, og ja. Så eg trur det er litt sånt sosialt knutepunkt. (Else)

I ein humoristisk reportasje om brune barar i Trondheim kallar studentavisa Under Dusken Vertshuset for ein «bydelskro og trofast vannhull for de siste gamle Møllenberg-beboerne som ennå ikke har litt presset ut av studenter og småbarnsfamilier» (Under Dusken, 2017). I internasjonal litteratur om hyblifisering er det ofte snakk om at fasilitetane som var meint for den originale befolkninga blir dytta vekk til fordel for næring tilpassa eit nytt ungt publikum . Etter studentane å dømme er det lite som tydar på at dette har skjedd på Møllenberg. Studentane seier dei heller drar til Studentersamfundet eller Solsiden for å treffe andre studentar. Det same gjeld dei fastbuande som også drar ut av bydelen når dei vil treffe venar og kjende.

Sjølv om det er fleire som kunne tenkt seg serveringsstadar i nabolaget verker det som det er eit mindre problem når det er så kort veg til områder med betre tilbod. Lillian og Ylva nemner begge to at Møllenberg kunne tent godt på å ha ein god bydelskafé.



Det hadde jo vore koseleg liksom med ein sånn lokal kafé. Eller for min del så bur eg såpass nær Dromedar at man liksom stikker dit da. Men det hadde jo vore koseleg med fleire av den typen kaféar som man kunne, eller steder der dei selde litt øl og sånt, det kunne vore veldig hyggeleg. (Lillian)

Lillian påpeikar at ho bur nært nok Dromedar Bakke bru at ho eigentleg ikkje har behov for ein kafé i bydelen sjølv om ho synest det hadde vore hyggeleg. Dette er gjennomgåande for mange bebuarar på Møllenber som seier at dei heller drar til Solsiden eller Bakklandet om dei vil ha ein sosial samankomst. Ylva synest at Rosenborg Dampbakeri har rolla som lokal kafé no. Sjølv seier ho at ho er lite tilfreds med kvaliteten av kaffi der, og besøker heller Jacobsen & Svart på Nedre Elvehavn om ho vil ha noko. Eit par av bebuarane nemner òg All Good Clean Records, ein kombinert kafé og platebutikk som ligg lengre oppe i bakkane i Nonnegata, som ein potensiell møtestad. Det er likevel ingen av bebuarane eg har snakka med som har besøkt denne staden.

Gardeigarane meiner det ikkje er mogleg å få til næring på Møllenber fordi bebuarane vil reise med bil til kjøpesenter og varehus utanfor bysentrum. Bebuarane på si side framhevar fordelane med å vere i gåavstand til alt dei trengjer når dei bur på Møllenber. Det er ikkje eit stort problem for bebuarane at det er få møteplassar og typar næring på Møllenber, sjølv om dei gjerne kunne tenkt seg det. Sjølv om ikkje Møllenber i seg sjølv tilbyr alle fasilitetar som bebuarane treng, kjenner dei ikkje dette som eit problem sidan det meste er lett tilgjengeleg rett utanfor bydelen. Konsekvensen er at det er få grunnar til å besøke Møllenber om ein bur utanfor bydelen, og dei som bur der reiser ut av bydelen viss dei skal møte andre.

## 6.5 Ansaret for Møllenber

Ein del av konfliktane som er tatt opp i media og på velforeiningsmøta handlar om kven som skal ta vare på dei verneverdige husa i bydelen. Fleire av informantane vektlegg derfor viktigheita av at dei «rette» personane er ansvarlege for husa. Ottar og Ståle er opptatt av det antikvariske ved bydelen og at dei som bur der verdset og set seg inn i det som må til for å ta vare på gamle trehus. Ottar er særleg irritert over at det er mange menneske som bur i bydelen som ikkje bryr seg om å ivareta bygga:

Også har du ein del folk som bur der, som du merker at dei skulle heller budd ein annan stad, som ikkje har den oppriktige ektefølte kjærleiken for dei her gamle trehusa. Du må nesten ha en fetisjisme for gamle trehus for å eie et sånt hus. Eg meiner verkeleg forplikte. Men det er ingen som forventar noko som helst.

Ottar meiner at mange som bur eller eig på Møllenberg i dag ikkje har den riktige innstillinga for å vedlikehalde trehusa på Møllenberg. Han meiner at som huseigar bør ein forplikte seg til å reparere og tilbakeføre fasadar og detaljar som mange av bygga er i ferd med å miste. Astrid reflekterer òg over dette når ho snakkar om moglegheita for å selje leilegheita i framtida:

Eg vil heller ikkje at det skal kome nokon folk som gir totalt faen i eit gammalt trehus. Som vil vere nok ein sånn person som berre «nei men vi trenger ikkje å få satt inn nye vindauge, vi trenger ikkje å ta vare på originale bordkledninga når vi skal få bytte». Og det kjenner eg på. Så det blir vanskeleg å selje den leilegheita!

Ho spøker med at ho aldri kan flytte frå huset sidan ho ikkje likar tanken på at nokon som ikkje har interesse for å ta vare på huset overtar etter ho. Lillian beskriver det ein bør forplikte seg til når ein bur på Møllenberg som dei «keisame tinga», som å male, skifte tak, sørge for at det ikkje blir rotter, og strø og moke utanfor huset.

### 6.5.1 Oppfølging av eigedommane

Sidan intervjuet vart utført i januar og februar var det framleis mykje is og snø i gatene på Møllenberg, så strøing og moking vart eit naturleg samtaleemne. Om vinteren på Møllenberg er det vanleg at fotgjengarar går midt i bilvegen sidan fortauet er dekt av snø eller is som gjer det vanskeleg å kome seg fram. Folk med barnevogn har som regel ikkje noko anna val enn å ta nytte av bilvegen for å kunne kome seg gjennom bydelen. Som i dei fleste andre byar i Noreg har eigarar på Møllenberg ansvar for å moke og strø fortauet utanfor sitt eige hus, som i følge fleire personar ikkje vert gjort tilstrekkeleg. Dette vart også tatt opp under velforeiningsmøta der ein del sinne vart retta mot det som vart sett som dårlege gardeigarar som ikkje bryr seg om å ta vare på bydelen.

Olivia og Astrid snakkar begge to om kor vanskeleg det er blitt å følge opp med strøing etter at kommunen har slutta å levere strøsand til bydelane. I staden må bebuarar hente sand frå områder som Lade eller Heimdal utanfor bysentrum. Dette er blitt ei stor utfordring for mange av dei unge som bur i burettslag eller sameige som ikkje har bil sidan dei vanlegvis ikkje har behov for det. Gardeigarane trekker fram dette som døme på kvifor dei har betre føresetnadar for å ta vare på bydelen enn sjølveigarar. Granerud meiner strøing er eit prakteksempel for kvifor gardeigarar er betre skikka til å ta vare på bydelen enn sjølveigarane, og trekker det fram fleire gongar i samtalen vår. Han snakkar om at sjølveigarane må «vakne opp» og greie å ta det ansvaret som ligg i å drive eit hus. Gardeigarane meiner dei er betre eigna til å takle desse utfordringane fordi dei kan ta dei avgjerslene dei vil når dei vil:

For min eigen del, så trur eg at eg følger opp eigendommene mine mykje betre enn dei sameiga og burettslaga som aldri blir einige om kva dei skal gjere av vedlikehald. Eg blir einig med meg sjølv på 5 minutt og seier at no gjer eg det. (Gulliksen)

Som gardeigar er ikkje Gulliksen avhengig av å ta opp noko med andre for å sete i gong eit tiltak. Han meiner at han på denne måten får ting gjort der sameiga ikkje kan bli einige om noko. Denne problemstillinga er kjend for Astrid som no vurderer å trå tilbake i rolla som leiar for sameiget igjen etter at det har vore lite framgang ei stund. Ho fortel om vanskane i å få gjort tiltak og å sete opp månadlege utgifter for fellesskapet. Som mogleg forklaring på dette poengterer Astrid at fleire i sameiget er unge og ikkje har så mykje opptente pengar enda:

Og det har veldig med at dei har sånn kortsiktig horisont med å bu her, men og det at dei er kanskje yngre og har ikkje så mykje pengar sånn at det blir ein for stor utgift å skulle drive å betale noko meir i månaden enn det ein gjer på huslån og slikt. Og da får man jo sånn som veldig mange hus der det er massivt etterslep på vedlikehald. Mange er interessert i å vedlikehalde, men det er det at det kostar mange pengar.

Møllenberg tiltrekker seg mange unge menneske som vil ha ein veg inn på bustadmarknaden og har derfor kanskje ikkje så mykje pengar til overs for å bidra til vedlikehald av gamle bygningar. Det er altså ikkje berre ein manglande motivasjon fordi dei ikkje har planar om å bu der lenge, men òg mangelen av ein solid økonomi. Dette poenget blir trekt fram av Olivia også som likevel har lukkast i å få med resten av burettslaget på å pusse opp garden sjølv om dei ikkje har stor kjøpekraft:

Vi er sikkert gjennomsnittsalder på 23 år her, det er ingen av oss som har pengar. Men vi klarer jo å fikse ting. No skal vi jo male, og det blir jo ikkje, vi får malt begge dei to bygga her til 50.000, og det klarar vi heilt fint. Det er ikkje all verden, det går an å ta vare på det her bygget utan at vi skulle bli ruinert på grunn av det.

Burettslaget har planar om å pusse opp garden over tid og skal i løpet av sommarmånadane skrape av gammal maling og male heile garden på nytt. Olivia framhevar behovet for å ta vare på detaljane i husa i form av riktige trelistar, vindauge og maling som passar med uttrykket til bydelen. I tillegg til å pusse opp leilegheita har ho saman med resten av burettslaget sett i gong ein del tiltak for å forskjønne bygget, slik som å grave opp ein gammal platting i bakgarden for å få ein liten hageflekk og eit maleprosjekt som skal gjere fasaden meir presentabel.

### 6.5.2 Gardeigarane sitt engasjement

Sjølvs om det er fleire burettslag som har vilje til å samarbeide for å ta vare på husa sine meiner likevel dei større gardeigarane at dei har eit betre utgangspunkt for å få dei *rette* tinga gjort.

For du har folk som driver og kjøper leilegheiter i sameige og sårne ting. eg trur ikkje dei følger opp så godt da. Nån gjer sikkert det, men eg trur det er mange som der det er noko som står der og går. Men som profesjonell utleiger er eg nøydt til å oppføre meg ordentleg, eg er nøydt til å ta tak i ting med ein gong. (Gulliksen)

Gulliksen meiner han har ei plikt ovanfor leigetakarane for at alt er gjort riktig. Han trekker og fram viktigheita av å oppretthalde eit godt rykte har blitt større med framveksten av sosiale media der det er enklare å spreie informasjon til ei større gruppe menneske. Granerud er òg opptatt av at ting som må gjerast i gardane og leilegheitene blir tatt tak i så fort som mogleg og framhevar behovet for å tilsette personar han kan stole på gjer ting på ein tilstrekkeleg måte:

Også er det noko med dei som er tilsett i firmaet som eg har tenkt er viktig iallfall, at viss dei ringer om noko som skal utbetrast og slike ting, at dei får hjelp med ein gong, at eg da sender dei riktige folka for å ordne opp for dei. Det synest eg er viktig. Sånn at det ikkje blir etterslep av ting som skal gjerast, for da vil jo dei bli misfornøgd og da vil jo dei ta mindre vare på ting og. Når dei ser at huseigaren ikkje bryr seg.

Desse to gardeigarane er veldig stolte over eigedomane sine og si eiga verksemd på Møllenberg. Før intervjuet starta viste Gulliksen med stort engasjement fram bilete av fleire av gardane sine som han har tilbakeført til sin opphavelege fasade. Gulliksen meiner at mykje av det som er gjort «galt» på Møllenberg kan vere fleire år gammalt frå ei tid då reglane var enda lausare enn dei er i dag. Saman med Granerud var eg med på synfaring for vedlikehald av fasade saman med ein representant frå Byantikvaren der eg fekk sjå korleis dette samarbeidet fungerer. Byantikvaren har sett i gong eit større tiltak for å bevare Møllenberg blant anna ved utviklinga av ein ny guide for vedlikehald av bygardar og tilbakeføringa av fasadar (Trondheim kommune, 2018).

For både Granerud og Gulliksen er det viktig å ha dei *rette* til folka til å ta vare på bygga sine:

Eg har ein vaktmeister også har eg to snikkere. Vaktmeisteren det er jo til at det skjer ting som strøing og snømoking og sånt no. Så dei snekkarane det er dei som sett i stand etter kvart. (Gulliksen)

\*

Vi har folk som jobbar på bygget som er der og skal drive tilsyn. Så vi har ein fast snekker, vi har fast røyrleggar, vi har fast elektrikar, og vi har fast vaktmeister-byrå. Som tar seg av ting. [...] Det er eit behov. Og for at eg er eit ordensmenneske, og det er eg som bestemmer at her skal det drives orden. Plukkast rask fleire gongar i uka. (Granerud)

Sjølv om begge to seier dei er innom bygga sine ofte, er det ikkje alt dei greier å ta hand om aleine. Begge to har derfor faste fagfolk som arbeidar med sine ansvarsområde. På spørsmål om kritikken gardeigarar har fått av bebuarar og i media seier Gulliksen at «Dei må berre kritisere meg, men det går ikkje inn på meg. Eg jobbar med det eg jobbar med for eg veit at det eg jobbar med er riktig». Granerud synest kritikken er urettferdig og at sjølveigarane i burettslag og sameige heller skal feie (eller strø) for eiga dør først. Dei kjenner seg ikkje igjen i framstillinga gitt av media, på Facebook-sidene og av bebuarane på velforeiningsmøtet. Under desse møta var det mykje snakk om useriøse utleigarar som berre er ute etter å presse bydelen for mest mogleg pengar. Granerud og Gulliksen vil ikkje identifisere seg med denne beskrivinga og synest hyblifiseringsomgrepet er stigmatiserande og ikkje beskrivande for måten dei driv sine verksemdar:

Det har jo berre eit ord som er blitt eit skjellsord. Og som eg ikkje føler angår den utleiga som vi driv. Og da er vi tilbake igjen til kvadrat per person. Det at dei har eigen stue, eige kjøkken, eige bad og såne ting. Og så eit eige soverom. Det kallar eg ikkje hybel. (Granerud)

\*

Eg er veldig opptatt av å ha skikkeleg fellesareal når eg lagar noko. Altså at dei har ordentleg stue og ordentleg kjøkken. Det er dei som driver og lager bitte små soverom da veit du, også ein kjøkkenkrok også er det ikkje meir. Det er ikkje meg det da. Eg må ha ordentleg kvalitet, bukvalitet. (Gulliksen)

Nokre informantar spekulerer i om det kan vere enkelte utleigarar som set resten i eit dårleg lys. Brage fortel ei lang historie om hans kamp mot ein som driv utleige i gata hans. Han seier at denne utleigaren også eig fleire andre gardar og leilegheiter på Møllenberg fordelt over fleire aksjeselskap som gjer det vanskeleg å spore opphavet. Brage framstiller utleigaren som ein kynisk person som berre er ute etter å tene mest pengar med minst mogleg eigeninnsats. Historia involverer underslag, ulovleg utbygging og dimensjonering av leilegheiter, og ein kommune som ikkje er interessert i å sette av nok ressursar til å hindre dette.

Det har vore retta mykje kritikk mot gardeigarar som ikkje er interessert i å ta vare på bygga sine. Gardeigarane på si side meiner at denne kritikken er retta mot feil person og at det heller er sjølveigarar i burettslag og sameige som ikkje er flink nok til å halde orden. Gardeigarane sit med ein kapital som gjer at dei har råd til å tilsette aktørar for å gjere dei «keisame» jobbane som dei som bur i sameige slit med å få gjort. Sidan intervjuet vart gjort på vinteren vart det mykje snakk om mangelfull strøing og moking som er eit gjennomgåande problem på Møllenberg. Fastbuande som Olivia og Astrid snakkar om kor vanskeleg det er blitt for dei å få dette gjort skikkeleg, mens gardeigarane har moglegheit til å tilsette andre som kan gjere det. Sjølv om sjølveigarane og har moglegheit til dette er det ofte vanskeleg å få gjennomført slike ting i samhandling med dei andre bebuarane i bygga sine. Astrid meiner at mykje skuldast den unge befolkninga som ikkje har råd til så mange ekstra kostnader. Gulliksen brukar dette som eit døme på kvifor større gardeigarar som han har eit betre utgangspunkt for å vedlikehalde bygga enn sjølveigarar sidan han berre treng å vere einig med seg sjølv for å få noko gjort.

### 6.6 Kva har mogleggjort?

I løpet av dei siste åra har bustad- og leigeprisane på Møllenberg gått opp betrakteleg. Fleire gardar er blitt kjøpt opp for å drive utleigeverksemd. Elias har budd på Møllenberg sidan barndommen og seier han har sett både nedtur, opptur og nedtur igjen på Møllenberg:

Ja, oppturen, nedtur... Altså det var jo eit arbeidarstrøk det her. Og den fekk dei ikkje opp fordi det var billig å bu her. Det var jo så billig at det var ikkje noko lønnsamt å ha ein bygard for at du skulle ha noko peng for å restaurere den opp heller. Det var jo faren min som kjøpte det her, og han heldt jo på og flikka og flikka og følgde husleigeprisane.

Elias legg til at fleire av gardane rundt blei kjøpt opp etter kvart som fleire såg moglegheitene til å tene pengar på bydelen. Dei meiner det har vore gunstig å bruke eigedom som investering og at Møllenberg har vore ein ideell stad å gjere dette på grunn av låge bustadprisar på 70, 80, og 90-talet. Møllenberg er eit gammalt arbeidarstrøk som i fleire omgangar skulle sanerast til fordel for både motorveg og moderne bustadblokker. Denne trusselen om sanering som låg veldig lenge kan hatt påverknad på å halde prisane lågare enn tilsvarande bygningar i andre delar av byen. Elias seier at far hans hadde tilbod om å kjøpe fleire gardar på Møllenberg i ei tid då bydelen ikkje var attraktiv som i dag:

eg hugsar jo det at han hadde jo tilbod om å kjøpe fleire gardar her av dei enkjefruene som var her som han snakka med. Iallfall 5 bygardar hadde han moglegheit til å kjøpe for under

100.000. Altså ein sånn gard som det her med for- og bakgard. Men han turte ikkje å gjere det. Hadde han gjort det så kunne han ha vore mangemillionær med dagens prisar.

Sidan Møllenberg framleis hadde ei usikker framtid torde han ikkje å satse fullstendig på bydelen, men kjøpte likevel bygarden der Else og Elias bur saman i dag. Elias meiner og at det ikkje var attraktivt å drive med utleige i starten då utleigeprisane vart styrt av Husleigenemnda. Etter at toppnivået for leigepreisar vart frigjort og eit aukande press på marknaden har prisane auka betrakteleg i bydelen. Dette har gjort at det originale arbeidarfolket som tidlegare budde i bydelen sakte men sikkert har blitt bytt ut med studentar og ei ung befolkning. Dette har skjedd samtidig som Trondheim som universitetsby har veks seg større og det har blitt eit sterkare behov for privat utleige i sentrumsnære bydelar. Dette behovet vil truleg bli større ettersom NTNU samlokalisert rundt Gløshaugen og studentar som tidlegare studerte utanfor byen no har større grunn til å bu nærare by og campus.

#### 6.6.1 Reguleringsplan

Mads var òg del av ein av dei tidlegare velforeiningane på Møllenberg og hugsar tilbake til aksjoneringa dei gjorde den gongen. Sjølv om dei fekk utretta mykje for å forhindre at bydelen vart sanert, førte ein del av jobben dei gjorde til at det vart mogleggjort for hyblifiseringa. Reguleringsplanen for Møllenberg som vart laga på 80-talet skulle bidra til at dei klassiske husa vart ivaretatt. Mads seier at Møllenberg først vart redda, men at dei ikkje var forberedt på at dei reglane som vart satt då kunne ha konsekvensar for bydelen seinare. Slik Mads ser på det har planen fungert meir som ein vegleiar enn eit juridisk bindande dokument, som har gitt gardeigarane stor fridom til å gjere som dei vil. Opp gjennom åra er det mange hus som har mista detaljar i fasaden, som dei originale vassborda, vindaugstypen, eller panela på fasaden.

For gardeigarane fører denne planen med seg både avgrensingar og moglegheiter på forskjellige måtar. Granerud meiner reguleringsplanen er med på å «skape skurkar» ved at den set krav til husa som han ikkje kan oppfylle godt nok. Han trekker fram det tidlegare nemnde problemet med å finne næringsverksemdar som er villig til å satse på bydelen for å møte idealet om næring på alle hushjørna. Han etterspør og ein reguleringsplan som kan legge til rette for å bygge dei store leilegheitene med mange soverom om til mindre toroms bueiningar. Møllenberg i dag er det for det meste små eitt-roms leilegheiter eller store leilegheiter med mange soverom. Dei store leilegheitene kallast «familieleilegheiter», men i

følgje gardeigarane er det ingen familiar som vil leige på Møllenberg. Granerud vil derfor ha ein plan som gir meir fridom til utbygging i bydelen:

Det hadde vore fint å få til ein ny reguleringsplan som kanskje hadde lagt meir til rette for at man faktisk kunne ha bygd fleire litt store toromsleilegheiter, par-leilegheiter, [for folk] som har kome eit stykke på veg og som har blitt kjærestar og treng eit sted å bu. Det er mykje dyrare måte å bygg på for at du da treng å sette inn fleire bad og fleire kjøkken, men som eg trur at Trondheim treng og som kan gi eit betre bumiljø med litt vaksne par.

Granerud meiner etterspørselen etter typar leilegheiter som trengs i Trondheim har endra seg sidan planen først vart laga. Gardeigarane meiner det ikkje er mogleg å møte etterspørselen fordi det ikkje er lov til å bygge inn fleire bueiningar enn der var på 60-talet. Sidan det ikkje er søknadspliktig å setje inn lettveggar eller andre mindre endringar i leilegheitene vel fleire gardeigarar i staden å setje inn fleire soverom i dei større leilegheitene sine. Reglane gjer at ein familie kan legge til rette for ekstra barn, men kan også utnyttast av gardeigarar som vil maksimere profitt frå leilegheitene sine. Gulliksen ser på dette som ein sjølvfølge og vil ikkje samanlikne det med å setje inn fleire einingar:

For du kan ikkje skilje mellom kven som bur, og du hyblifiserer ikkje om du set opp ein lettvegg eller to. Det er ikkje hyblar, du lagar eit ekstra soverom, men det kan ein kva som helst familie også gjere. Du seier «hyblifisering», da meiner eg at, OK det leigast ut til studentar derfor det blir hyblifisering.

Gulliksen er ikkje einig i måten hyblifisering er omtalt. Slik han ser det blir utviklinga berre kalla hyblifisering fordi det er utleige til studentar. Han meiner det ikkje er nokon forskjell i å leige ut til studentar og familiar:

Men dei skriv om det at kva kan man gjere for å stoppe studentar i å bu på Møllenberg, det går ikkje an det. Det blir diskriminering. Så om du har ei leilegheit på 4-5 soverom ikkje sant, og det bur ein familie der på 6, eller 5 studentar, eg ser ikkje forskjell på det.

\*

Vi har jo areala som du har, uansett. Om det bur studentar der eller om det bur familiar der.

Brage som har følgd med på utviklinga som har skjedd med husa i nabolaget er ueinig i denne måten å sjå på det på. Når fleire vaksne studentar deler ei leilegheit med lite fellesareal blir det ei endring i måten leilegheita blir brukt. Det blir meir kondens på veggane som gjer at materialet rotnar frå innsida når kvart enkelt soverom blir brukt som opphaldsrom fordi det ikkje er store nok fellesareal. I dialog med Byplankontoret møtte Brage den same typen



argumentasjonen som gardeigarane brukar om at det juridisk sett ikkje er noko som skil ein gjeng studentar og ein familie og at kommunen derfor ikkje kan gjere noko med utviklinga. I dekkinga av Møllenberg i Adresseavisa seier representantar frå kommunen at dei ikkje kan gjere noko for å hindre hyblifisering (Midtbø, 2018b).

Brage meiner at kommunen burde vere tøffare og ta i bruk alle verkemiddel dei har for å kjempe mot hyblifisering i staden for å la det «renne gjennom fingrane». Mads som tidlegare har jobba som politiskar kjenner til denne følelsen av at mykje er latt skje på Møllenberg:

Viss det er nokon politikarar som fråskriv seg ansvaret for det som har skjedd så er det ikkje sant. Dei har visst om det heile tida. Tatt opp gang på gang. Gjort det sjølv, gang på gang. Men dei er ikkje villige til å gjere noko med det.

Han seier han hugsar eit vedtak som blei gjort internt i kommunen om at søknadar som gjeld Møllenberg skulle få gli lettare gjennom. Dette har og vore nemnd på velforeiningsmøtet som ein av grunnane til at det er blitt så mykje utleige på Møllenberg. Ottar kallar Møllenberg ein «bevisstlaus ørken» som kommunen har overlate til bustadspekulantar utan å bry seg om kva slags følger det har for dei som bur der. Slik Brage framstiller sin dialog med Byplankontoret utførast det ikkje kontrollar eller stikkprøver for å undersøkje om leilegheiter tilfredsstiller krava som er sett. Basert på dette meiner Brage at heile byggebransjen i Trondheim er basert på tillit. Byggesakskontoret undersøker først viss det er kome ei bekymringsmelding, men Brage opplever at det sjeldan blir gjort noko uansett.

For gardeigarar som Gulliksen har det blitt veldig gunstig å drive med utleige på Møllenberg. Bydelen har blitt veldig attraktiv for studentar, samtidig som det er fleire etablerte som har lyst til å flytte vekk frå bydelen slik at fleire leilegheiter og bygardar blir frigjort for nye bebuarar.



## 7 Legitimeringa av Møllenberg som studentbydel

I den føregåande analysen kjem det til syne ein del forskjellige, og til tider motstridande syn på kva bydelen Møllenberg er. Frå fleire av perspektiva gjer Møllenberg seg tydeleg som ein bydel for studentar, men desse forteljingane blir og sterkt kontrastert av historiene og ønska til bebuarane på Møllenberg som har barn eller er glad i bydelen som ein antikvarisk trehusbydel. Kort summert tok analysen opp desse hovudtrekka:

- Informantane sine beskrivingar av Møllenberg og kva som skil den frå andre bydelar.
- Korleis studentar gjer seg synlege i bydelen både med sitt nærvær og fråvær.
- Om Møllenberg er ein god stad for barnefamiliar eller ikkje.
- Møllenberg som ein «midlertidig» bydel for studentar og unge vaksne.
- Kven som bør ha ansvaret for Møllenberg og trehusa i bydelen.
- Kva som kan ha forårsaka hyblifiseringa av Møllenberg.

I den følgjande diskusjonen vil eg gå gjennom kva som skapar den sosiale konstruksjonen av Møllenberg som studentbydel, til tross for at det også finnst motstridande syn på korleis bydelen kan brukast.

Berger og Luckmann beskriver korleis kvardagen er sosialt konstruert gjennom ein institusjonaliseringsprosess (Berger & Luckmann, 1967). Dette er ein prosess som skjer kontinuerleg mens vi lever ut liva våre saman med andre menneske. Gjennom handlingar eksternaliserer vi det subjektive ut mot verda, der det blir objektivert som ein del av den felles verda, og vidare internalisert av andre som gjer det til ein del av sin subjektive forståing av verda. Korleis Møllenberg blir forstått blant både fastbuande, studentar, gardeigarar og andre er resultat av slike sosiale prosessar. *Studentbydelen Møllenberg* kan bli forstått som ein type institusjonalisert kunnskap som er blitt til over tid, og som blir skapt på ny gjennom handlingar og interaksjonar mellom aktørar som bur på Møllenberg eller som har moglegheit til å påverke utanfrå. Denne sosiale konstruksjonen av Møllenberg som studentbydel legg føringar for korleis bydelen utviklar seg vidare. Den tiltrekker seg investorar og gardeigarar som ser potencialet i å leige ut til studentar, den tiltrekker seg studentar som har høyrte at det er bra for studentar å bu på Møllenberg, samtidig som den kan støyte frå seg småbarnsfamiliar eller andre grupper som er interessert i ein stad å etablere seg.

For at ein sosiale konstruksjon skal haldast ved like må den framstillast som *meningsfull* for folk. «Studentbydelen Møllenberg» kan berre eksistere så lenge det finnst grunnar til å tru at

den eksisterer. Dette skjer ved at «studentbydelen» blir legitimert som etablerte sanningar. Legitimering har som funksjon å fortelje oss kva som er «sant» eller «kunnskap» om den sosiale konstruksjonen, og å forklare oss kvifor det er slik. Berger og Luckmann beskriver fire analytiske nivå for legitimering: byrjande legitimering, forteljande legitimering, strukturell legitimering, og symbolske univers (Berger & Luckmann, 1967, s. 111-113). I denne analysen blir det lagt størst vekt på korleis «studentbydelen» blir haldt ved like av former for strukturell legitimering, som eg har identifisert som *sosial struktur*, *materiell struktur*, og *temporal struktur*. I diskusjonen er det derfor laga eit skilje mellom før-strukturelle legitimeringar i form av byrjande legitimering og forteljande legitimering, og dei to strukturelle nivåa beståande av legitimeringar basert på dei strukturane som har oppstått innanfor den sosiale institusjonen, og symbolske univers som gjer heile institusjonsordenen meningsfull i ein samanhengande «kosmisk» orden.

### 7.1 Før-strukturell legitimering

Det første nivået for legitimering beskriv dei mest grunnleggande kunnskapane som alle dei andre nivåa byggjer opp om. På dette nivået finn vi dei utsegna, påstandane, og etablerte sanningane som er blitt akseptert som sant i seg sjølv, men som eksisterer på eit før-teoretisert nivå der det ikkje finnast ein forklaring enda. Desse sanningane gjer seg tydeleg gjennom språk og fraser som går rundt som ein etablerte sanningar. «Studentbydelen» i seg sjølv er eit slikt ord, som tillegger bydelen ein positive og negative assosiasjonar. Kort summert er dei grunnleggande kunnskapane om Møllenberg:

- Møllenberg er ein studentbydel
- Det passar ikkje for familiar å bu på Møllenberg

Astrid seier at Møllenberg sjåast på som «partybydelen i negativ forstand» som seier noko om kva slags assosiasjonar ho og hennar kjenningar har til bydelen. Ein av studentane seier at «dei som kjenner til Trondheim, veit at Møllenberg er eit eksklusivt sted for studentar». Slike utsegn viser at Møllenberg har tileigna seg ein karakteristikk som gjer at bydelen ofte gjerast synonymt med studentar og studentverksemd. Andre slike grunnleggande legitimeringar kjem fram i korleis folk omtalar bydelen som kva den *er* eller *ikkje kan* vere. Fleire gongar blir det forklart at Møllenberg ikkje er ein stad for barn og familiar, og at det er derfor blir naturleg å leige ut til studentar. Desse grunnleggande «sanningane» er på eitt vis legitimeringar i seg sjølv, men for at dei skal kjennast meningsfulle er det nødvendig med meir avanserte former

for legitimering som skapar forklaringar til kvifor ting skal vere slik dei er. Desse sanningane er også dei generiske sanningane som ligg igjen som sedimentar i den kollektive medviten, uavhengig av kva for forklarande legitimeringar som har ført den fram.

### 7.1.1 Forteljande legitimering

Det andre analytiske nivået dei første teoretiserte legitimeringane på eit utvikla nivå. Dette er legitimeringar som reproduserast gjennom folk sine erfaringar, rykte, og fortellingar og vandrehistorier som går om bydelen. Desse historiene dannar eit bilete av korleis bydelen er å leve i. Dømer på dette finn vi blant anna i erfaringane Astrid deler om å gå rundt med øyreproppar for å stenge ute støy frå studentar, BB3 og Lillian sine skildringar av Møllenberg som ein spøkelsesby når studentane er borte, eller at Granerud beskriver Møllenberg som at «det er 17. mai-tog der bortover nokre laurdagar før skuleslutt om sommaren». Alle desse historiene er delaktig i å teikne eit bilete av studentbydelen Møllenberg, både for dei fastbuande i bydelen som kan kjenne seg igjen i situasjonar, og hos folk utanfor bydelen som ikkje har direkte erfaring med å bu der.

## 7.2 Strukturell legitimering

Berger og Luckmann beskriver det tredje nivået av legitimering som teoretisert kunnskap som er systematisert innanfor den institusjonelle sektoren. Til forskjell frå den teoretiserte kunnskapen på eit utvikla nivå, er dette kunnskapar som no har fått sitt eige liv gjennom ein form for institusjonaliseringsprosess. På dette nivået legitimerast studentbydelen Møllenberg gjennom ein intern orden, som til dømes kan vere representert som eit formelt hierarki og reglar. Berger og Luckmann gir ikkje dei nødvendige verktøya for å identifisere og analysere slike strukturelle faktorar. Som grunnlag for den strukturelle legitimeringa er det derfor tatt i bruk det interaksjonistiske konseptet om sosial verder og arenaar (Strauss, 1993).

Studentbydelen Møllenberg kan sjåast som ein arena der representantar for fleire sosiale verder har interesser i å styre utviklinga vidare. Desse gruppene trenger ikkje vere formelt organisert, men kjenneteiknast av delte motiv, metodar og handlingar som på forskjellige måtar påverkar situasjonen. Gjennom intervjuar kjem det fram at fleire av informantane deler motiv og handlingar utan at dei har noko kjennskap til kvarandre. Desse vala som personane gjer er til dømes motivert av kva for livsfase dei er i, og kva for økonomiske moglegheiter dei sit med. Når fleire sosiale verder møtast på ein arena vil det bli ein dragkamp om kva for retning handlingsløpet, og utfallet av fenomenet, skal ta. Aktørar frå forskjellige sosiale

verder har ulik tilgang til ressursar og maktposisjonar som gjer at det er enklare for nokon å styre retninga enn andre. I ein interaksjonistisk analyse av arena blir det derfor viktig å identifisere dei relevante sosiale verdene, kva for motiv dei har, metodar dei kan anvende for å påverke hyblifisering, og eventuelle maktforhold som eksisterer mellom aktørane.

Dei strukturelle legitimeringane punktleg summerast til:

- Avgrensingar sett av dei fysiske utformingane til bygga og leilegheitene.
- Forskjelleg tilgang til ressursar og maktposisjon.
- Møllenberg sin funksjon som eit «venterom» for unge vaksne.
- Studentane si rolle i å gjenskape festkulturen på Møllenberg.
- Den sosiale rytmen på Møllenberg.

### 7.2.1 Materiell struktur

I denne analysen må også dei materielle strukturane på Møllenberg tas i betraktning som ein eigen form for «aktør» som påverkar fenomenet. Desse strukturane set både avgrensingar for kva bydelen kan vere, samtidig som det mogleggjer andre aktivitetar og bruksområde. Dei sosiale verdene må orientere seg rundt dei materielle avgrensingane, som gjerne kjem til syne i form av tilgang til ressursar og makt til å fysisk definere bydelen. Materiell struktur dreier seg om legitimeringar grunnlagd i korleis Møllenberg i seg sjølv er betre eigna nokon bruksområde enn andre. Dette blir sett på som styrande faktorar for kvifor bydelen passar betre for å huse studentar og andre unge folk.

Desse faktorane kan kort summerast til:

- Leilegheitene på Møllenberg er enten for små eller for store
- Det er kort veg til universitetscampus, kollektiv transport og utestadar

Fleire av informantane trekker fram element ved bydelen som gjer at den kjennast meir eigna for studentar enn andre grupper. Ein av studentane meiner at dei bratte bakkane og bilvegane på Møllenberg gjer at bydelen ikkje eignar seg for at barn leikar i gatene aleine, og at barnefamiliar derfor heller bør flytte lengre opp til Rosenberg.

Møllenberg ligg eit kort stykke unna fleire av campus til NTNU, BI og gamle HiST som gjer at det eignar seg godt for studentar. Det er også enkel tilgang til kollektiv transport for dei som skal lengre unna enn bynære campus.

### 7.2.2 Gardeigarane sin posisjon til å definere studentbydelen

Det er viktig å påpeike at det er eit asymmetrisk forhold av makt på Møllenberg. Sjølv om alle aktørar i eit fenomen tar del i utforminga av fenomenet, vil nokon ha større påverkinskraft enn andre, enten via ressursar, maktposisjonar, eller andre typar handlingskraft (Clarke, 1991; Strauss, 1993). Gardeigarane har direkte kontroll over korleis delar av Møllenberg skal utviklast vidare. Dei sit med eigarskap over opp til fleire bygardar og leilegheiter som dei er i ein posisjon til å definere i form av kven dei leiger ut til, og korleis dei legg betre til rette for visse typar bruksområde.

Gardeigarane peikar på utforminga av leilegheitene som gjer dei betre eigna til kollektiv enn for familiar. Mange av leilegheitene er store med fleire rom som potensielt kunne vore busett av barnefamiliar. I følge kommunen sine matrikkeldata er halvparten av bustadane på Bakklandet-Møllenberg området eitt- og toroms leilegheiter som eignar seg for single og par, og den andre halvparten bustadar med tre eller fleire rom som eignar seg betre for familiar og bukollektiv (Matrikkelen, 2017). Desse dataa er noko unøyaktig sidan berre 1350 av 3655 bustadar i matrikkelen har oppgitt tal på rom. For gardeigarar har leilegheiter med fleire rom eit økonomisk potensiale som kan utnyttast ved å leige ut til fleire enkeltbetalande studentar, framfor ein familie. Dette er observasjonar som Darren P. Smith har gjort tidlegare ved at eit område må ha dei «rette» typane leilegheiter som er store nok til at det er mogleg å pakke dei om til eit bukollektiv for at det skal bli hyblifisert (D. P. Smith, 2005).

Sjølv om gardeigarane seier at desse leilegheitene eignar seg best til kollektiv, er det også dei sjølv som har lagt til rette for at dei er betre tilpassa kollektiv enn familieliv. Frå kommunen sine tal kjem det fram at det er registrert totalt 666 nye bustadar i området Bakklandet-Møllenberg mellom 1983 og 2016, der berre 37 er registrert som bygningsendringar (Lokal matrikkel, 2017). Dette kan stemme overeins med det gardeigarane seier om at dei ikkje har moglegheit til å gjere endringar på planløyisingane. Dei har likevel moglegheit til å gjere mindre endringar, som å setje opp lettveggar, eller å endre bruksområde for eit rom for å få fleire soverom i leilegheita utan at det er søkepliktig. Gulliksen seier at «du hyblifiserer ikkje om du setjer opp ein lettvegg eller to», og grunnir med at dette er noko familiar også kan gjere om dei treng fleire rom.

Slike reglar både avgrensar og skapar potensiale for leilegheitene. Når ei stor leilegheit ikkje kan delast opp til eitt- eller toroms leilegheiter meiner gardeigarane at det einaste valet er å gjere om til kollektiv. Sjølv om dette ikkje er permanente endringar, gjer det at leilegheitene

er meir eigna til kollektiv enn til utleige til enkeltfamiliar. Gardeigarane peiker også på mangelen av det dei ser på som nødvendige fasilitetar for familiar, som tilgang til parkering og vanskeleg køyremønster for bil. Dette er slike endringar som blir påpeika av Smith (2005) som del av hyblifiseringsprosessen, der det materielle ved bydelen tilpassar seg meir behova til studentar enn andre potensielle befolkningsgrupper. I ein tidlegare undersøking av bumiljø blant studentar i Trondheim blir studentkollektiv skildra som «ad hoc-løysingar» der planløysinga og bruksområde for rom er meir eller mindre tilfeldig (Tjora, Henriksen, Fjærli & Grønning, 2012, s. 134-135). Ved å legge til fleire soverom, og mindre areal for stue, kjøkken og andre fellesareal blir moglegheitsrammene for dei fysiske leilegheitene på Møllenberg tettare.

### 7.2.3 Venterommet Møllenberg

I datamaterialet kjem det fram at Møllenberg kjennest ut som ein bydel prega av midlertidigheit. Fleire fastbuande meiner dei så vidt rekker å bli kjend med naboane før dei flyttar igjen til sommaren. Dette gjelder både studentar og andre unge vaksne som bur i bydelen i kortare periodar. For mange unge blir bydelen ein måte å kome seg inn i bustadmarknaden på. Ståle kallar Møllenberg for ein «buffer» for unge menneske i Trondheim, som berre ønsker å bu i bydelen til dei har funne ein meir eigna bustad. Frå 2001 til 2011 auka bebuarar i aldersgruppa 20-29 med 45% på Møllenberg samtidig som befolkninga totalt i bydelen berre auka med 10% i same periode (Statistisk sentralbyrå, 2019c). Folk i 20-åra er ei aldersgruppe som flyttar oftare enn andre aldersgrupper (Forgaard, 2005, i Tjora et al., 2012, s. 127). Med ein stor del av unge vaksne bebuarar kan det virke som om Møllenberg er tildelt ein «funksjon» for å ta hand om denne gruppa før dei drar vidare til ein permanent bustad andre stadar i Trondheim.

For folk etableringsfasen, som Astrid og Olivia, kan Møllenberg bli det første steget i ein *bustadkarriere*. I ein bydel som Møllenberg der halvparten av bustadane er eitt- eller toroms leilegheiter (Matrikkelen, 2017) er det gode moglegheiter for unge å gjere sitt første kjøp for å kome inn på bustadmarknaden. I sin studie av unge vaksne sine flyttevanar skisserer Fjærli (2008) bustadkarrieren som eit stigespel med den etablerte bustaden som mål. Veggen gjennom bustadkarrieren involverer ofte fleire midlertidige bustadar og endringar som følge av forskjellige livssituasjonar. I 2011 budde det omtrent like mange par med små barn (0-5) på



Møllenberg som 2001, men par med barn i skulealder (6-17) er nesten halvert<sup>9</sup> (Statistisk sentralbyrå, 2019a). Dette tydar på at sjølv om det bur like mange familiar med små barn i bydelen, tenderer dei til å flytte innan barna skal byrje på skulen. Samtidig har også mengda av aleinebuande og sambuarar utan barn auka, medan hushald på tre eller fleire personar har gått ned. Møllenberg blir på denne måten eit «venterom» for folk som skal vidare i bustadkarrieren.

Dette gjer at Møllenberg kjennast som ein stad der ein ikkje skal bu permanent. Både studentar og unge som etablerer seg har eigne rytmar for kor lenge dei bur i bydelen. Studentar bur der kanskje berre eitt år før dei flyttar vidare til nye kollektiv andre stadar i byen. Andre flyttar fordi dei er ferdig å studere i Trondheim. Unge i etableringsfasen bur der fram til dei trenger ein større stad å bu på grunn av familieutviding. Eldre fastbuande som Else og Elias snakkar om at det er færre av deira gamle kjende som bur igjen i byen, og at det er vanskeleg å bli kjend med andre naboar før dei reiser vidare igjen. Saman med den sigande mengda barnefamiliar blir det ein sterkare kjensle av at Møllenberg er ein bydel ein berre skal bu i så lenge man må.

#### 7.2.4 Studentane sin rolle i å gjenskape studentbydelen

Studentar som ei sosial verd kan kjenneteiknast av at dei fleste er i 20-åra, studerer i Trondheim, og dei fleste bur i eit leigetakarforhold. Her er det viktig å understreke at studentar ikkje er ei homogen masse der alle er interessert i å halde festar heile døgnet. Studentane i datamaterialet representerer ei «sub-verd» av studentar som er glad i å halde festar. Basert på deira beskrivingar av Møllenberg kan det virke som om bydelen er ekstra tiltrekkande for denne typen studentar. For festglade studentar er Møllenberg ein attraktiv bydel fordi dei føler den er godt tilrettelagd for studentaktivitetar. Dei synest det er bra å bu der fordi dei kan sleppe seg laus utan å vere redd for sanksjonar frå ein huseigar eller naboar. Dei framhevar også eigenskapar ved bydelen som at det er kort veg til fleire universitetscampus, kollektivtransport, og til sentrum av byen.

Det blir i denne samanhengen relevant å diskutere kven som er pådrivaren for hyblifisering. Som midlertidige leigetakarar med avgrensa økonomiske midlar har ikkje studentane ein direkte kontroll over korleis bydelen utviklast over tid. Smith (2005, s. 77) samanliknar hyblifisering med ein type sein gentrifisering der nye innflyttarar er forbrukarar av eit sett

---

<sup>9</sup> 476 par med barn i skulealder i 2001, mot 274 i 2011.

ferdiglaga bustadar. I eit strukturelt perspektiv er det lett å sjå på studentane som ei masse som automatisk fordelast mellom studentbustadane i Trondheim. Dette kan vere sant for ein del førsteårsstudentar som ikkje er kjend med Trondheim og derfor flyttar til stader der det er. Dei fleste studentar flyttar fleire gongar i løpet av studieperioden etter kvart som dei blir kjend med byen og finn venar eller inngår i parforhold (Eikemo, 2006). Møllenberg kan virke som å ligge på eit høgare steg for festglade studentane sin bustadkarriere som ønsker å kunne leve ut sine aktivitetar utan å bli avbroten av huseigarar og naboar. Studentane i dette utvalet har gjort bevisste val om å flytte til Møllenberg basert på kva dei har høyrd om bydelen frå før. Studentane er ikkje «produsentar» av dei hyblifiserte bustadane i seg sjølv, men dei er likevel med på å *reprodusere* dei aktivitetane som konstruerer studentbydelen Møllenberg. Dette kjem blant anna til syne i dei forteljande legitimeringane om den bråkete studentbydelen. Festane kan gi eit overdrive bilete av Møllenberg som overtatt av studentar sidan det ikkje skal mange festar til for å forstyrre veldig mange i nabolaget. Studentane seier dei ikkje kan noko for festkulturen som var der før dei flytta inn. Likevel reprodusere dei denne kulturen. Dei kjenner det er greitt å bråke fordi «dei over oss er også studentar», og at det er ein «gjensidig respekt» mellom studentane som gjer at det er greitt å halde festar mesteparten av året.

### 7.2.5 Rytmen på Møllenberg

For dei fastbuande på Møllenberg gjer «studentbydelen» seg verkeleg ved å konstant gripe inn i deira kvardag. «Studentbydelen» har ein rytme som fungerer som eit referansepunkt for alle som bur på Møllenberg, og bestemmer kva bydelen skal vere til ein kvar tid. Den årlege rytmen til studentbydelen gjer seg tydeleg gjennom:

- Studentar som returnerer til bydelen etter sommaren.
- Tomme hus og gater i fellesferiane.
- Akkumulasjon av studentfestar rundt hendingar som faddervekene og studentfestivalen UKA.
- Eksamens- og avskjedsfestar som akkumulerer mot slutten av vår- og haustsemesteret.
- Ut- og innflytting av studentar før og etter sommaren.

Sidan Trondheim er ein by med mange studentar er dette truleg element som kan kjennast igjen i fleire delar av byen, det seiast til dømes at det er først om sommaren ein møter trøndarar på byen i Trondheim. I ein bydel som Møllenberg der ein større del av bebruarane er studentar enn elles i byen blir effekten forsterka. Sjølv om det ikkje berre er studentar som

reiser bort frå byen i fellesferiane, meiner dei fastbuande at dei tomme husa og gatene om sommaren er eit teikn på hyblifisering og spekulantverksemd. Dette er til sterk kontrast frå månadane studentane er på universitetet og bydelen fyllast med liv igjen. Når mengda av festar aukar meiner bebruarane at det må vere på grunn av studentrelaterte aktivitetar. Ein deltakar på velforeiningsmøtet spekulerer i at det må ha vore utbetaling av stipend den dagen fordi det er usedvanleg mange festar den dagen. Fleire fastbuande tillegger dei negative sidene ved bydelen til hyblifisering, både studentar sine aktivitetar og det som kjem av spekulantverksemd.

Dagleglivet på Møllenberg blir på denne måten organisert i ein rytmisk orden som bebruarane i bydelen får kjenne på kroppen. Dette skapar ein del forventingar til interaksjonar som påverkar kvardagen til dei fastbuande. At studentar returnerer etter sommaren vekker blanda kjensler for dei fastbuande, som både gler seg over meir liv i gatene, samtidig som dei guar seg til festane som faddervekene tar med seg. Astrid seier ho har sett seg lei av dette, og har byrja å planleggje feriar for å sleppe å vere på Møllenberg når festane er på sitt mest aktive. Starten av haustsemesteret betyr også at fleire av dei fastbuande får ferske studentar som naboar, som er assosiert med ein ny runde med opplæring av unge menneske med «dårleg buevne». På slutten av det akademiske året blir gatene på Møllenberg prega av flyttelass frå studentar som flyttar ut for sommaren. Fastbuande irriterer seg over overfylte søppelkasser og skjemte møblar som er plassert rundt returpunkta for avfall.

### 7.3 Møllenberg sin funksjon i samfunnet

Symbolske univers er det høgaste nivået for legitimering. For å forklare skilnaden mellom sosiale verder og symbolske univers seier Strauss at sosiale verder gir dei *kontekstuelle* rammene for handling, mens symbolske univers dannar dei *generelle* rammene (Strauss, 1993, s. 158). Symbolske univers ligg på eit høgt nivå for abstrahering og assosierast ofte med dei store linjene, som verdssyn og samfunnsformer. Det symbolske universet legitimerer fenomenet ved å setje det inn i ein «orden» som forklarar at det er slik det må vere. I denne delen argumenterer er for at det ligg kulturelle og strukturelle føringar i samfunnet som legg alt til rette for at Møllenberg skal vere ein studentbydel. Dette kan kort summerast til:

- Tanken om «familien» sine behov i Noreg
- Kapitalistiske strømingar som gjer det profitabelt å drive med utleige

### 7.3.1 Ideen om det etablerte familielivet

Gjennom intervjua blir Møllenberg beskrive som ein bydel som ikkje passar for familielivet. Dette kan forklarast i korleis familiar blir sett på i samfunnet, og tanken om «heimen» som eit ideale ein byggjer seg opp mot i løpet av bustadkarrieren. Antropolog Marianne Gullestad skriv at den norske kulturen er spesielt heimesentrert (Gullestad, 1989). I Noreg blir ikkje ein bustad sett på berre som ei «maskin til å bo i», men som «et fortettet symbol for svært mye av det som er viktig for oss» (Gullestad, 1989, s. 51). Heimen er noko som skapast av menneske, som vi investerer mykje pengar, tid, arbeid og emosjonar i (Stuvøy, 2018). I Noreg står einebustaden som det fremste symbolet på sjølvstendigheit (Gullestad, 1989, s. 58). Einebustaden er også målet for bustadkarrieren, der ein optimalt sett vil «bu seg oppover» for å kome fram til ein bustad å råde over sjølv. Bustaden har ein sentral posisjon for den norske familien. Familie definerast av Gullestad (Gullestad, 2002, s. 243-244) som beståande av fleire komponentar, blant anna bustaden som kulturelt er kodifisert «heimen» med dei verdiane det inneber. For familien blir heimen ein stad der ein «skaper i stor grad seg selv som familie ved å sementere og utbrodere den synlige rammen for deres eksistens, nemlig hjemmet.» (Gullestad, 1989, s. 58). Heimen har ein integrerande funksjon som styrkar samhald og identitet, og er ein sentral del i unge vaksne sin etableringsfase. Den symbolske verdien av hus kjem fram i Ingvill Stuvøy (2018) sin avhandling om norske foreldre erfaringar med transnasjonal surrogati. Ein av fedrane i studia framhevar verdiar som hus, bil, og «1,8 barn» som forventingar til eit fullkomen liv i det norske samfunnet. Huset har altså ein sentral plass for nordmenn sin vurdering av suksess og kva som er «eit godt liv».

På Møllenberg er det færre moglegheiter til å oppfylle desse behova. Møllenberg blir beskrive som ein bydel som ikkje passar for familiar ved å peike mot manglande materielle strukturar som tilgang til parkering. I staden kan det hende at det som manglar på Møllenberg er moglegheitene til å skape ein *heim*. Dette blir i stadig mindre grad mogleg på Møllenberg etter kvart som større delar av byen blir overlate til utleigeverksemd. For mange som bur på Møllenberg symboliserer bydelen i større grad berre eit midlertidig rom å bu på fram til ein får sjansen til å flytte dit ein eigentleg skal. Dei familiane som er intervjuar beskriver sin situasjon som spesiell for Møllenberg, enten fordi dei bur i generasjonsbustad eller har funne ein bustad som enda ikkje har blitt delt opp for utleige. Desse familiane framhevar mange positive sider ved bydelen som ikkje kjem fram like ofte som beskrivingane av ein «studentbydel».

### 7.3.2 Utleigemarknaden i Noreg

Den sterke kulturen for «heim» i Noreg er truleg bunden til dei politiske vedtaka som vart satt i gong for å bygge opp igjen nasjonen etter andre verdskrig. Politisk var det stor einigheit om alle i Noreg skal eige sin eigen bustad i staden for å la seg utnyttast av «boligspekulanter som tjente pengar på andre menneskers bolignød» (Sørvoll, 2011, s. 227). Dette har ført til ein stor del sjølveige i Noreg til forskjell frå andre europeiske land. På grunna av låge skattar og avgifter på eigedom i Noreg har eigedomsmarknaden blitt ein veldig gunstig investeringsform for kapital. Medan dei fleste eigedelar er verdisett etter 100% av omsetningsverdien i utrekning av formueskatt, vart likningsverdien for primærbustad 25% av omsetningsverdien, og for sekundær- eller investeringseigedom 40% av omsetningsverdien<sup>10</sup> (Bø, 2015). Denne skattelegginga gjer at eigedom er eit gunstig alternativ til å investere kapital. Frå 1992 til 2012 har bustadprisane auka med over 200% (Bø, 2015, s. 4). I løpet av dei same åra har alle offentlege reguleringar av uteleigeprisar blitt oppheva. Dei aller siste reguleringane for førkrigs-bygg i Trondheim vart oppheva i 2010 (Sørvoll, 2011, s. 213). Dette gjer at det i dag er vanskelegare å kome seg inn på bustadmarknaden som førstegongskjøpar, samtidig som det er meir profitabelt å investere i utleige.

Korleis utleigemarknaden i Noreg ser ut er noko usikkert. Det estimerast at rundt tre fjerdedelar av den norske utleigemarknaden består av private utleigarar som leiger ut ein eller fleire bustadar (Sørvoll & Sandlie, 2014, s. 10). 26% av marknaden er profesjonelle utleigarar, definert som private gardeigarar eller gardsselskap (Sørvoll & Sandlie, 2014, s. 17). Desse tala fangar dessverre ikkje opp private aktørar som har investert i fem eller fleire bustadar, slik som mange på Møllenberg gjer. I snitt disponerer dei 8 største private gardeigarane<sup>11</sup> på Møllenberg 23 leilegheiter kvar (Holstad & Rasmussen, 2018a). Etter måten gardeigarane på Møllenberg snakkar om korleis dei kan utnytte leilegheiter med fleire rom er det rimeleg å anta at bydelen er ei god investering for utleige.

---

<sup>10</sup> I tillegg til desse pålegg Trondheim kommune ein eigedomsskatt på 6,15 promille av omsetningsverdien av eigedommen, med eit botnfrådrag på 500 000 kroner (Trondheim kommune, 2019b). På ein bustad med omsetningsverdi på 2,5 millionar tilsvarar det omtrent 12 300 kroner i eigedomsskatt.

<sup>11</sup> Aktøren som disponerer flest leilegheiter på Møllenberg er Trondheim kommune som med 105 leilegheiter med til saman 133 soverom. Den største private utleigaren leiger ut 64 leilegheiter, med 149 soverom.

### 7.3.3 Kjensla av å ikkje høyre til lengre

Eit grunnleggande spørsmål i dette prosjektet er «kven høyrer til på Møllenberg?». Fleire av dei intervjua er interessert i å bu i ein bydel med mangfald, der fleire forskjellige grupper kan leve saman. Sjølv om det er mykje irritasjon retta mot studentaktivitetar, er dei fleste ikkje imot studentar i bydelen, dei vil berre det skal vere ei meir jamn fordeling mellom studentar, familiar, unge og eldre menneske.

Sjølv om det er eit sterkt fokus på å eige sin eigen heim i Noreg er det likevel mange grupper som er avhengige av utleigesektoren. Dette er personar som av ulike grunnar ikkje har ønske om, eller moglegheit til å kjøpe sin eigen bustad. Dette gjelder studentar, men også andre unge som ikkje har kapital til å kjøpe, pendlarar, fråskilde, eller andre som er i ein livssituasjon der fleksibiliteten av å leige er fordelaktig. Sørvoll og Sandlie (2014, s. 19) finner at utleigemarknaden i aukande grad rettar seg mot personar som ikkje har moglegheit til å kjøpe sin eigen bustad, slik som familiar med dårleg økonomi. Utleigesektoren blir beskrive som fleksibel og ustabil ved at det består av mange sikkelleilegheiter og ekstrabustadar som enkelt kan tas inn og ut av marknaden (Sørvoll & Sandlie, 2014, s. 31). Slike bustadar eignar seg ikkje for familiar som har interesse av å leige på ein meir eller mindre permanent basis.

## 8 Den sosiale konstruksjonen av studentbydelen Møllenberg

I byrjinga av denne teksten presenterte eg problemstillinga som danna grunnlaget for heile forskingsprosjektet mitt: «*Korleis forstå den sosiale konstruksjonen av Møllenberg?*». I løpet av datainnsamlinga og analysearbeidet vart det klart at *legitimering* var eit sentralt omgrep for å forklare både konstruksjonen av Møllenberg, Møllenberg som ein studentbydel, og prosessane som mogleggjer hyblifisering. Med dette spesifiserte eg problemstillinga til å spørje om «*Korleis blir den sosiale konstruksjonen av «studentbydelen Møllenberg» legitimert?*».

Blant alle eg har snakka med finner ein både småbarnsforeldre, unge sambuarar, fyrstegongs kjøparar, eldre ektepar, studentar, og både store og små gardeigarar. Alle desse har sine forteljingar om korleis dei ser på bydelen no, kva bydelen utviklar seg mot, og korleis dei ønsker bydelen skal utvikle seg i framtida. Til tross for desse forskjellane er det og visse historier som gjer seg meir dominerande enn andre. Eitt slikt tilfelle er forteljinga om *studentbydelen Møllenberg*, og korleis den kjem i konflikt med forteljingar som eit Møllenberg for familiar, eller Møllenberg som ein verneverdig bydel. At Møllenberg er busett av studentar er ikkje ei interessant oppdaging i seg sjølv, men det som er sosiologisk interessant er korleis Møllenberg som ein studentbydel blir konstituert og opprettheldt gjennom sosiale prosessar.

Den sosiale konstruksjonen av Møllenberg som studentbydel er viktig for at hyblifiseringa av Møllenberg skal fortsette. Så lenge *studentbydelen* er haldt ved like, er det enklare for aktørar som ønsker å drive med spekulant- og utleigeverksemd. *Studentbydelen* blir oppretthaldd i måten folk snakkar om Møllenberg, enten det er i positive lag blant studentane, eller meir negativt retta som for mange av dei fastbuande. Når denne forteljinga blir dominerande er det som om Møllenberg er fullstendig tatt over av studentar, sjølv om bydelen er meir samansett enn ryktet tilseier. Dette er eit døme på Thomas-teoremet (Thomas & Thomas, 1928), som seier at det mennesket definerer som verkeleg, blir verkeleg i sine konsekvensar. Når Møllenberg er *sett på* som ein studentbydel vil den ikkje berre *opplevast* som dette slik den er no, men det har og *konsekvensar* for den vidare utviklinga av bydelen. Merkelappen «studentbydel» kan til dømes virke skremmande for potensielle kjøparar som er interessert i å flytte til bydelen. Dette kan og brukast som argument for å legitimere vidare utleige- og oppkjøpsverksemd i bydelen og hindre at fleire familiar buset seg på Møllenberg.

Kjensla av å ikkje høyre til lengre er eit kjenneteikn for gentrifiseringsprosessar der dei originale bebuarane i nabolaget kjenner dei ikkje lengre kan identifisere seg med området (Sæter & Huse, 2011). Bebuarane på Møllenberg får kjensla av at bydelen ikkje lengre er «meint» for dei når dei blir plaga av studentfestar i nabobygga. Darren Smith (D. P. Smith, 2005, s. 75-76) skildrar korleis bydelar vert påverka av hyblifisering i fire dimensjonar:

Møllenberg endrar seg *kulturelt* og *sosialt* ved at det er ei opphoping av unge menneske i same livssituasjon som tar med seg ein del gjeremål og ritual. Studentane sine gjentakande mønster dannar ei rytme for bydelen som bebuarane ikkje har anna val enn å måtte forholde seg til. Fleire faste bebuarar seier dei ikkje kjenner naboane sine, og knapt rekker å helse på studentane før dei flyttar vidare igjen.

Bydelen endrar seg *fysisk* ved at innsida av leilegheiter vert endra for å tilpassast bukollektiv for studentar. Det som før var opphaldsrom er no blitt til fleire soverom for vaksne menneske. Dette kan belaste ting som vassløp, det elektriske anlegget, eller føre til meir forsøpling sidan bygga ikkje er meint for så mange menneske. Bruksendringane påverkar også Møllenberg *økonomisk*, ved at bustadar blir rekommodifisert frå å vere eit «produkt» for éi kundegruppe framfor ei anna. Leilegheiter som potensielt kan kjøpast av sjølveigarar, eller leigast ut til familiar, blir endra med formål om å leigast ut til grupper som kan bu i kollektiv.

### 8.1 Kven har tilgang til å delta?

Det eksisterer eit asymmetrisk maktforhold mellom aktørane på Møllenberg. Gardeigarane har med sine fysiske leilegheiter moglegheit til å definere handlingsrommet for store delar av bydelen. Dei har òg dei økonomiske ressursane som er blitt nødvendig for å ta del i utforminga av bydelen. Sjølv om bustadar er omsett i ein fri marknad kan det diskuterast kor fri den faktisk er når prisane pressast opp slik at berre aktørar som er interessert i utleigeverksemd har moglegheit til å delta. Dess fleire leilegheiter og bygadar som blir kjøpt opp og gjort om til utleige, dess trongare blir handlingsrommet for bruk, og potencialet for å få andre bebuarar i bydelen. Når desse leilegheitene først er blitt omgjort til studenthyblar er det vanskeleg å vende tilbake til andre bruksområde. Dette kan til dømes sjåast i korleis store leilegheiter på Møllenberg blir kalla utleigarleilegheit med oppgitt årleg leigeinntekt når dei seljast vidare på marknaden. Sjølv om leilegheitene kan ha endringar som kan tilbakeførast, kan det vere for store investeringar til at ein familie er villig til å ta sjansen på å kjøpe. Dette kan vere endringar i planløysinga som innskrenking av stue og kjøkken som gjer leilegheita mindre brukarvennleg for andre bebuarar. Potensialet for profitt, som er



grunnlaget for Neil Smiths leigegap-teori (N. Smith, 1979), gjer at det blir vanskeleg å tilbakeføre det som er blitt definert som eit bukollektiv. Dette potensialet blir i seg sjølv haldt ved like av den sosiale konstruksjonen av bydelen. Så lenge folk forventar og aksepterer at det er slik bydelen skal vere, vil dette potensielle leigegapet fortsette å eksistere.

## 8.2 Treng Møllenberg å vere slik?

Det er gardeigarar og spekulantar at konstruksjonen av *studentbydelen* er dominerande. Møllenberg er likevel ein bydel med mange forskjellige stemmer som ikkje får kome fram i like stor grad. I den føregåande analysen står utsegna frå familiane som ei «mot-forteljing» mot den etablerte «student-forteljinga». Forteljingane om familiar som stortrivast på Møllenberg druknar under skildringar av Møllenberg som studentbydel, også blant dei bebuarane som ønsker at bydelen har eit anna bilete. For fastbuande og andre entusiastar er det derfor i største interesse å prøve å snu denne framstillinga av bydelen.

Eg vart først inspirert til å starte dette prosjektet då eg såg engasjementet frå bebuarane, og stiftinga av den nye velforeininga for bydelen, hausten 2017. Sidan den gong har velforeininga arrangert ei mengde sosiale aktivitetar, som dugnadar, tenning av julegran, akedagar for barn, og den nye Møllenbergdagen. Desse arrangementa bidrar positivt til å motverke dominansen av den eine forteljinga om Møllenberg. Etter det eg har erfart i mine eigne intervju med bebuarar, og observert under velforeiningsmøta, er det få på Møllenberg som er interessert i å kvitte seg med studentane. Det er i staden eit ønske om at Møllenberg skal vere ein plass for alle, som ein mangfaldig bydel som fleire ønsker og har moglegheit til å busette seg.

## 8.3 Vidare forskning

Denne oppgåva har tatt sett fokus på ein prosess som skjer på eit avgrensa område i Trondheim. Funna mine kan likevel kjennast igjen i prosessar som skjer i andre bydelar og byar i Noreg. Saman med debatten om Møllenberg som gjekk føre seg i 2018 var det aktørar frå fleire andre sentrumsnære bydelar som uttrykte bekymring for at deira bydel står for tur. Leiar for Singsaker vel. uttalte i februar 2018 at han er redd for at «området skal utvikle seg som det har skjedd på Møllenberg» (Midtbø, 2018a). Hyblifisering er blitt eit kjend fenomen fleire stadar i Noreg, i byar og tettstadar der det er ein sterk universitets- eller høgskuleforanking. Søket etter «hyblifisering» i norske media gav mange resultat frå Adresseavisen, men også Bergens Tidende har skrive mykje om problemet i bydelar i Bergen.

Problemstillinga er også tatt opp på Stortinget, sist av Elisabeth Kaski frå SV som etterlyser ei oppfølging av vedtaket om eit «helhetlig lovforslag som vurderer problemstillingen om hyblifisering» (Stortinget, 2018).

Eg meiner det er eit behov for meir kunnskap om desse prosessane i Noreg. Denne teksten legg vekt på korleis hyblifisering «skapast» og blir oppretthaldt av sosiale prosessar som mogleggjer hyblifisering frå eit aktørperspektiv. Ei anna vinkling er å analysere dei økonomiske kreftene og insentiva som ligg bak hyblifisering.

## 9 Referanseliste

- Berger, P. L. & Luckmann, T. (1967). *The social construction of reality : a treatise in the sociology of knowledge*. London: Penguin.
- Blumer, H. (1956). Sociological Analysis and the "Variable". *American Sociological Review*, 21(6), 683-690.
- Bø, E. (2015). Taxation of housing. Killing several birds with one stone. I(Vol. H045023): Statistics Norway, Research Department.
- Clarke, A. E. (1991). Social Worlds/Arenas Theory as Organizational Theory. I D. R. Maines (Red.), *Sozial Organization and Social Process* (s. 119-158). New York: Aldine de Gruyter.
- Eikemo, T. A. (2006). *Studentbosetting i Trondheim kommune : kvantitativ analyse av trondheimsstudentenes boligsituasjon og -preferanser*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Fagernes, A. B. (2018, 22.2.). Kudos på Lademoen legger ned. *Adresseavisen*, s. 21.
- Fasting, L. (1976). *Trondheims bybilde : innstilling om verneverdige bygninger og bygningsmiljøer i Trondheims sentrale områder*. Trondheim: Antikvarisk utvalg, Trondheim kommune.
- Fjærli, T. (2008). *Stigespillet : boligkarriere og selvpresentasjon hos unge voksne* (Masteroppgåve). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Gullestad, M. (1989). *Kultur og hverdagsliv : på sporet av det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, M. (2002). *Det norske sett med nye øyne : kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holmer, L. N. & Lysheim, T. F. (2018, 20.2.). Ønsker ikke flere studenter på Møllenberg. *Under Dusken*. Henta 27. 5. 2019, frå <https://dusken.no/artikkel/27672/nsker-ikke-flere-studenter-pa-mllenberg/>
- Holstad, G. & Rasmussen, E. (2018a, 9.1.). 13 største eierne på Møllenberg. *Adresseavisen*, s. 12.
- Holstad, G. & Rasmussen, E. (2018b, 9.1.). Halvparten av huseierne på Møllenberg bor der ikke selv. *Adresseavisen*, s. 12-14.
- Holstad, G. & Rasmussen, E. (2018c, 13.1.). Som å ha storfest i stua. *Adresseavisen*, s. 18-19.
- Hovden, J. (1975). *Møllenberg : bevaring og rehabilitering eller totalsanering? : en intervjuundersøkelse av beboerne i en utsatt gammel bydel i Trondheim*. Trondheim: NTH.


- hyblifisere. (u. å.). hyblifisere. I *Det Norske Akademis ordbok*. Henta frå <https://www.ordnett.no/search?language=no&phrase=hyblifisering&searchmodes=3&selectedPubs=59>
- Kittang, D. (2014). *Trebyen Trondheim - modernisering og vern : ein studie av byplandebatten 1960-2005*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Kristoffersen, A. (1992, 25. 9. ). EIENDOM Svekket husleie-kontroll. *Bergens Tidende Morgen*.
- Kulturminnesøk. (u.d.). Trondheim Møllenberg Rosenborg (K197) / Nasjonale interesser i By. Henta 27.5. 2019 frå <https://kulturminnesok.no/minne/?queryString=https%3A%2F%2Fdata.kulturminne.no%2Faskeladden%2Fkulturmiljo%2FK197>
- Lokal matrikkel. (2017). Boligbygging i levekårsoner etter år tatt i bruk. I Trondheim kommune, Byplankontoret & S. Å. Relling (Red.), *Lokal matrikkel*.
- Matrikkelen. (2017). Boligmengde per 01.01.2017 fordelt på antall rom i boliger. I *Matrikkelen*: Kartverket.
- Midtbø, M. K. (2018a, 16.2.). Velforening vil ha samarbeid mot hyblifisering. *Adresseavisen*.
- Midtbø, M. K. (2018b, 17.2.). Lett å bygge om boliger til hybelhus uten å søke. *Adresseavisen*.
- Skoleporten. (2019). Elevar, lærarar, skolar - Bispehaugen skole. Henta 27.5. 2019 frå <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/fakta-om-opplaeringa/elevlar-lararar-skolar/bispehaugen-skole?orgaggr=o&kjonn=a&trinn=0&sammenstilling=1&fordeling=2>
- Smith, D. P. (2005). 'Studentification': The gentrification factory? I R. Atkinson & G. Bridge (Red.), *Gentrification in a Global Context: The New Urban Colonialism* (s. 73-90). London: Routledge.
- Smith, N. (1979). Toward a Theory of Gentrification A Back to the City Movement by Capital, not People. *Journal of the American Planning Association*, 45(4), 538-548.
- Statistisk sentralbyrå. (2019a). 03536: Husholdninger, etter type (G) (avslutta serie) 2001 - 2011. [Datasett] Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/03536>
- Statistisk sentralbyrå. (2019b). 04317: Grunnkretsenes befolkning (G) 1999 - 2019. [Datasett]. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/04317>
- Statistisk sentralbyrå. (2019c). 04362: Alders- og kjønnsfordeling for grunnkretsenes befolkning (G) 2001 - 2019. [Datasett]. Henta frå <https://www.ssb.no/statbank/table/04362>
- Stortinget. (2018). *Skriftlig spørsmål fra Kari Elisabeth Kaski (SV) til kommunal- og moderniseringsministeren* (Dokument nr. 15:1194 (2017-2018)).
- Strauss, A. L. (1993). *Continual permutations of action*. New York: Aldine de Gruyter.

- Stuvøy, I. (2018). *Parenthood at a price : accounting for the viability of transnational surrogacy* (Doktorgradavhandling). Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Sæter, O. & Huse, T. (2011). Fra variabelsosiologi til sosiale kontekster ; Chicagoskolens perspektiver på studiet av byen. *Sosiologi i dag*, 41(2), 76-95.
- Sørvoll, J. (2011). *Norsk boligpolitikk i forandring 1970-2010 : dokumentasjon og debatt*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Sørvoll, J. & Sandlie, H. C. (2014). *Et velfungerende leiemarked? : profesjonell utleie og offentlig-privat samarbeid*. Oslo: Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Thomas, W. I. & Thomas, D. S. (1928). *The Child in America: Behavior Problems and Programs*. New York: Knopf.
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Tjora, A., Henriksen, I. M., Fjærli, T. & Grønning, I. (2012). *Sammen i byen*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Trondheim kommune. (2018, 20.12.2018). Veileder for Møllenberg, Rosenborg og Kirkesletten. Henta 28.5. 2019 frå <https://www.trondheim.kommune.no/mollenbergveileder/>
- Trondheim kommune. (2019a, 14.2.). Aktsomhetskart kulturminner. Henta 27.5. 2019 frå <https://www.trondheim.kommune.no/byantikvaren/kartinfo/#heading-h2-3>
- Trondheim kommune. (2019b, 12.4.). Eiendomsskatt. Henta 27.5. 2019 frå <https://www.trondheim.kommune.no/tema/bygg-kart-og-eiendom/eiendom/eiendomsskatt/>
- Trondheim kommune & Asplan Viak. (2014). *Stedfesting av studenters bosted i Trondheim 2013*. Trondheim: Trondheim kommune.
- Trondheim kommune, Boligenheten og Byplankontoret & Studentsamskipnaden i Trondheim. (2006). *Prosjekt studentbosetting - hyblifisering*. Trondheim: Trondheim kommune, Boligenheten og Byplankontoret, Studentsamskipnaden i Trondheim.
- Under Dusken. (2017, 18.8.). På Trondheims brune puber går solen aldri ned. *Under Dusken*. Henta frå <https://dusken.no/artikkel/27023/pa-trondheims-brune-puber-gar-solen-aldri-ned/>
- Warde, A. (1991). Gentrification as Consumption: Issues of Class and Gender. *Society and Space*, 37(3), 223-232. <https://doi.org/10.1068/d090223>



## 10 Vedlegg

### 10.1 Vedlegg 1: Kodegruppering



## 10.2 Vedlegg 2: Intervjuguide for fastbuande på Møllenberg

Demografiske spørsmål som oppvarming. Sikkert ikkje viktig for oppgåva, men kan vere fint å ha med i tilfelle det er viktig, og kanskje fint for anonymisering.

Alder, bur med andre, heimebuande barn (små/store)

Eiger/leiger, tilflyttar/oppvokst – spør om her eller under?

### **Forhold til Møllenberg (litt forskjellige variasjonar av spørsmål avhengig av om dei bur der no eller har budd der)**

Bur du på Møllenberg no?

Har du budd på Møllenberg lenge?

Kva er det med Møllenberg som gjer at du vil fortsette å bu der? / Kvifor flytta du frå Møllenberg?

Eiger du eller leiger du?

Bur huseigar / gardseigar i bygninga? Kva synes du om dette?

### **Om Møllenberg**

Kan du fortelje om Møllenberg?

Kva slags bydel er Møllenberg?

Korleis skiller Møllenberg seg frå andre bydelar i Trondheim?

Kva definerer du som Møllenberg? Kvar går grensene?

(Merke av på medbrakt kart)

Kven bur på Møllenberg?

Aldersgrupper, folkegrupper,

Er det grupper som dominerer bydelen?

Korleis har Møllenberg endra seg sidan du først flytta hit?

**(Om vekst opp der)** Korleis ha Møllenberg endra seg sidan slik du hugsar den frå barndommen?

Kjenner du naboen? Kjenner du mange andre som bur på Møllenberg?

Finnast det nokre naturlege møtepunkt for dei som bur på Møllenberg?

Er det nokon utfordringar du kan komme på når det gjelder bydelen?



Er det noko som irriterer deg med Møllenberg?

Kva kan gjerast for at bydelen skal bli betre? (usikker på formulering)

Kva kan *du* gjere?

**Hyblifisering (om det ikkje er komt inn på naturlig, hoppe hit viss vi er komt inn på det)**

Kva slags typar boligar er vanlig på Møllenberg?

Korleis blir Møllenberg påverka av at leilegheiter blir bygd om til hyblar?

Kva synes du om denne utviklinga?

Kven har skulda for utviklinga?

Korleis har denne utviklinga skjedd?

Kva synes du om at det bur mange studentar på Møllenberg?

Korleis påverkar studentane? (Miljø, pris)

**(om negativ til)** Kva kan gjerast for å stoppe denne utviklinga?

Er det nokon andre utviklingar du har lagt merke til på Møllenberg?

**Til initiativtakarane viss det ikkje er gått inn på det tidlegare:**

Kan du fortelje om Facebook-gruppa Møllenberg og Rosenberg info?

Kva var grunnen til at dykk starta denne gruppa?

Kva slags typar innlegg blir posta på sida?

I oktober var det oppstartsmøte med den nye velforeininga til Møllenberg og Rosenberg.

Kan du fortelje om bakgrunnen til kvifor dykk ville stifte denne velforeininga?

Kan du fortelje om det første møtet i oktober? Kva var det viktigaste som blei diskutert?

Har du vore aktiv tidlegare i den gamle velforeininga? Kjenner du til historia til velforeininga?

### 10.3 Vedlegg 3: Intervjuguide for gardeigarar

#### **Møllenberg**

Bur du sjølv på Møllenberg? Eller i nærområdet? Har du budd på Møllenberg før?

Hadde du eit forhold til Møllenberg før du starta å leige ut der?

Vokst opp, bygård i familien osv.

Kvifor har du vald å kjøpe deg hus og leige ut på Møllenberg?

Kor lenge har du heldt på med utleige på Møllenberg? (og andre steder)

#### **Rolla som gardeigar**

Kven leiger du ut til?

Er du selektiv? Kvifor / kvifor ikkje?

Kjenner du leigetakarane dine?

Er det mange som leiger fast (over lengre tid)?

Er det nokon forskjell i å leige ut til faste og midlertidige?

Utsifting, utfordring med dette?

Kven er naboane til leietakarane dine?

Kva slags forhold har du til desse naboane?

Er du mykje til stede i bygardane / leilegheitene du leiger ut?

Kvifor er du til stede?

Er det viktig med ein tilstedeværelse?

Kva er dei største utfordringane for deg som gardeigar?

Kva slags forhold har du til kommunen / byantikvaren?

Er dei viktig for deg som gardeigar?

Korleis forholder du deg til reglar som er satt

Kva kan man gjere og ikkje gjere med eit hus på Møllenberg?

Verneklassene? Korleis fungerer dette?

#### **Hybel**

Kva synest du om begrepet hyblifisering?

Beskrivande? Stigmatiserende?

Kva kan man gjere for å redusere utviklinga av den såkalla hyblifiseringa?

Kva kan *du* gjere?

Kva synest du om den pågåande debatten om hyblifisering på Møllenberg?

Velforeininga. Adressa.

Det har jo vore snakk om å innføre buplikt, kva slags konsekvensar ville eit slikt grep ha for deg?

No, og framtidig (tilbakeverkande kraft).

Er det noko anna vi ikkje har gått inn på som du vil trekke fram?

## 10.4 Vedlegg 4: Intervjuguide for studentane

### **Introduksjonsrunde.**

Presentere med navn (kommer sikkert ikkje til å skille mellom navn i transkripsjonen uansett.

Kor gamle er alle saman? Kva studerer dykk? Er det fleire her frå same studiar?

Kor lenge har dykk budd her? Har alle budd her like lenge?

### **Om Møllenberg**

Korleis er det å bu på Møllenberg?

Kva var inntrykket av Møllenberg før dykk flytta hit?

(Kva hadde dykk høyrdd om Møllenberg / kjende dykk til staden frå før?)

Korleis er det å vere student på Møllenberg?

Er det noko med bydelen som gjer at det er bra for studentar?

Var det noko med Møllenberg som gjorde at dykk ville flytte hit? Kva var grunnen til at alle endte opp her?

Kva er det som gjer at dykk vil bli buande her?

Er det noko dykk ikkje likar med Møllenberg?

Kvar er det man drar for å henge når man bur på Møllenberg? Er det nokon møtestadar i bydelen (for studentar)?

### **Om nabo og utleigar**

Kjenner dykk naboane? Kva slags forhold har dykk til naboen?

Møter dykk naboane ofte?

Kven andre er det som bur i bygget her? (vinkle demografisk)

Kva slags forhold har dykk til utleiger?

Er utleiger ofte i kontakt?

Har dykk ofte vors eller fest her? (nasch om relevant)

Er dykk ofte på fest hos andre på Møllenberg?

Opplever dykk at det er enkelt å arrangere fest her? (Får dykk klager?)

### **Om hyblifisering**

Har dykk følgd med på debatten om Møllenberg som har gått i Adressa og Dusken?

(Kjenner dykk dykk igjen i det avisene beskriver?)

Synest dykk sjølv at det er eit problem med hyblar og studentar på Møllenberg?

Kva er det som må til for å endre dette? Om det er noko å endre.

Blir man litt uglesett som student her på Møllenberg?

### **Avslutning**

Er Møllenberg ein plass dykk ville fortsette å bu etter studietida?

Er det noko anna dykk vil trekke fram som vi ikkje har snakka om enda?

## 10.5 Vedlegg 5: Utlysingstekst frå Facebook



## 10.6 Vedlegg 6: Samtykkeskjema

Tarjei Hanken

98880948

tarjei.hanken@gmail.com

### **Intervju om bydelen Møllenberg i Trondheim**

Eg vil takke for at du har sagt deg villig til å la deg intervju i forbindelse med min masteroppgåve om Møllenberg. For ordens skuld har eg med eit samtykkeskjema til intervjuet slik at du skal vere informert om kva din deltaking inneberer.

Intervjuet gjerast ved bruk av lydopptak på ein diktafon, og seinare transkribert (gjort om til tekst). Materialet (opptaket og transkripsjonen) vil bli behandla konfidensielt, i den forstand at transkripsjonar vil bli anonymisert (fjerning av navn) før analyse. I situasjonar der det er vanskeleg å gi fullstendig anonymitet vil eg tilby ein sitatsjekk før oppgåva leverast.

Opptaket vil bli sletta etter at det er transkribert. Det anonymiserte materialet vil bukast i analysen til mi masteroppgåve, og kan eventuelt komme til å bli brukt til ein vitenskapleg artikkel i ettertid.

Som krav til all forskingsdeltaking kan du når som helst vele å avbryte intervjuet.

Har du spørsmål eller liknande, ta kontakt på epost: tarjei.hanken@gmail.com

Namn: \_\_\_\_\_

Underskrift/dato: \_\_\_\_\_

## 10.7 Vedlegg 7: Godkjenning frå NSD

Aksel Tjora  
Dragvoll  
7491 T RON DH EIM



Vår dato: 21.03.2018  
ref:

Vår ref: 59525 / 3 / H JP

Deres dato: Deres

### Vurdering fra NSD Personvernombudet for forskning § 31

Personvernombudet for forskning viser til meldeskjema mottatt 28.02.2018 for prosjektet:

59525	Hyblifiseringen av Møllenberg
Behandlingsansvarlig	NTNU, ved institusjonens øverste leder
Daglig ansvarlig	Aksel Tjora
Student	Tarjei Hanken

#### Vurdering

Etter gjennomgang av opplysningene i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon finner vi at prosjektet er meldepliktig og at personopplysningene som blir samlet inn i dette prosjektet er regulert av personopplysningsloven § 31. På den neste siden er vår vurdering av prosjektopplegget slik det er meldt til oss. Du kan nå gå i gang med å behandle personopplysninger.

#### Vilkår for vår anbefaling

Vår anbefaling forutsetter at du gjennomfører prosjektet i tråd med:

- opplysningene gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon
- vår prosjektvurdering, se side 2
- eventuell korrespondanse med oss

Vi forutsetter at du ikke innhenter sensitive personopplysninger.

#### Meld fra hvis du gjør vesentlige endringer i prosjektet

Dersom prosjektet endrer seg, kan det være nødvendig å sende inn endringsmelding. På våre nettsider finner du svar på hvilke [endringer](#) du må melde, samt endringsskjema.

#### Opplysninger om prosjektet blir lagt ut på våre nettsider og i Meldingsarkivet

Vi har lagt ut opplysninger om prosjektet på nettsidene våre. Alle våre institusjoner har også tilgang til egne prosjekter i [Meldingsarkivet](#).

#### Vi tar kontakt om status for behandling av personopplysninger ved prosjektslutt

Ved prosjektslutt 01.06.2018 vil vi ta kontakt for å avklare status for behandlingen av personopplysninger.

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*

NSD – Norsk senter for forskningsdata AS	Harald Hårfagres gate 29	Tel: +47-55 58 21 17	nsd@nsd.no	Org.nr. 985 321 884
NSD – Norwegian Centre for Research Data	NO-5007 Bergen, NORWAY	Faks: +47-55 58 96 50	www.nsd.no	



Se våre nettsider eller ta kontakt dersom du har spørsmål. Vi ønsker lykke til med prosjektet!

Marianne H øgetveit Myhren

H anne Johansen-Pekovic

K ontaktperson: H anne Johansen-Pekovic tlf: 55 58 31 18 / [hanne.johansen-pekovic@nsd.no](mailto:hanne.johansen-pekovic@nsd.no)

Vedlegg: Prosjektvurdering

K opi: T arjei H anken, [tarjehan@stud.ntnu.no](mailto:tarjehan@stud.ntnu.no)



## Personvernombudet for forskning

### Prosjektvurdering - Kommentar

---

Prosjektnr: 59525

#### INFORMASJON OG SAMTYKKE

Du har opplyst i meldeskjema at utvalget vil motta skriftlig og muntlig informasjon om prosjektet, og samtykke skriftlig til å delta. Vår vurdering er at informasjonsskrivet til utvalget er mangelfullt utformet. Dersom du ikke allerede har gitt muntlig informasjon som dekker punktene nedenfor, ber vi deg om å tilføye dem til informasjonsskrivet:

- hvilken institusjon som er ansvarlig (NTNU)
- prosjektets formål / problemstilling
- hvilke typer opplysninger som samles inn
- hvem som vil ha tilgang til datamateriale med personopplysninger (du og veileder) - at det er frivillig å delta
- dato for forventet prosjektslutt (01.06.2018)
- at data anonymiseres ved prosjektslutt (du har oppgitt at lydopptak vil slettes etter transkripsjon, men ikke atøvrig personopplysninger tilknyttet prosjektet vil slettes ved prosjektslutt) - kontaktopplysninger til veileder.

På vår nettside kan du laste ned en veiledende mal på informasjonsskriv:

[http://www.nsd.uib.no/personvernombud/hjelp/informasjon\\_samtykke/](http://www.nsd.uib.no/personvernombud/hjelp/informasjon_samtykke/)

Når informasjonsskrivet er redigert slik at du muntlig og skriftlig oppfyller det lovmessige kravet om et informert samtykke etter loven, kan prosjektet starte.

#### DATAINNSAMLING

I meldeskjema er det krysset av for at data samles inn ved personlig intervju, gruppeintervju, observasjon, deltakende observasjon, blogg/sosiale medier/internett. På bakgrunn av øvrig dokumentasjon vurderer vi at det kun skal registreres personopplysninger i forbindelse med intervjuene. Dersom personopplysninger blir samlet inn ved hjelp av andre metoder, må du sende utfyllende informasjon til personvernombudet@nsd.no.

#### INFORMASJONSSIKKERHET

Personvernombudet forutsetter at du behandler alle data i tråd med NTNU sine retningslinjer for datahåndtering og informasjonssikkerhet. Vi legger til grunn at bruk av privat pc er i samsvar med institusjonens retningslinjer.

#### PUBLISERING AV PERSONOPPLYSNINGER

Du har opplyst i meldeskjema at personopplysninger publiseres. Personvernombudet har lagt til grunn at du innhenter samtykke fra den enkelte informanten til publiseringen. Vi anbefaler at hver enkelt informant får anledning til å lese og godkjenne sine opplysninger før publisering.

#### PROSJEKTSLUTT OG ANONYMISERING

Prosjektslutt er oppgitt til 01.06.2018. Det fremgår av meldeskjema/informasjonsskriv at du vil anonymisere datamaterialet ved prosjektslutt. Anonymisering innebærer vanligvis å:

- slette direkte identifiserbare opplysninger som navn, fødselsnummer, koblingsnøkkel
- slette eller omskrive/gruppere indirekte identifiserbare opplysninger som bosted/arbeidssted, alder, kjønn-slette lydopptak

For en utdypende beskrivelse av anonymisering av personopplysninger, se Datatilsynets veileder:

<https://www.datatilsynet.no/globalassets/global/regelverk-skjema/veiledere/anonymisering-veileder-041115.pdf>



